

FOLK i Ryfylke 1995



Tema: Strandstader i Ryfylke



FOLK 1995 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuséet

Redaktør: Roy Høibo

Utgitt av Ryfylkemuséet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Redaksjonsråd: Erik Fossåskaret, Halvdan Magnus Hansen, Njål Tjeltveit, Jorunn Strand Vestbø, Tone Årtun

Foto: Gaute Berge Nilsen

Utgiver: Ryfylkemuseet

4230 Sand

Telefon 52 79 73 77

Telefax 52 79 78 89

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementsprisen for 1995 er kr. 100,-
og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet
og eventuelt lokalt museumslag på heimstaden.

Postgirokonto 0808 5662911

Bankgirokonto 3202 07 01527

Sats, repro, trykk og innbinding:

Allservice a.s., Stavanger

ISBN 82-90271-16-6

Framsida: (omslaget)

Sand er den største av strandstadene i Ryfylke, og framleis eit viktig sentrum i storkommunen Suldal. Men også her er det tatt avgjerder som svekker utvegane til at staden kan fungere som ein sentral samlingsplass for folk i bygdene. Dette og andre spørsmål kring utviklinga av strandstadene skriv Erik Fossåskaret meir om i sin artikkel om «Tunskipnaden i sjøvende sentra».

Foto: Erik Fossåskaret.

Baksida: (omslaget)

Dei små bustadhusa og nausta låg tett ved strandkanten i Hjelmelandsvågen. I hus nr. 2 frå høgre budde Anna Bråteit som i mange år selde kaffi til folk. Det kvite huset i strandkanten med to dører i sida mot sjøen er slakthuset til K. H. Sæbø. All slakting gikk føre seg i dette vesle slakthuset.



Steinnesvågen, Finnøy.



Innhold

- 5 Redaksjonelt
- 7 Opning av seminaret
Av Terje Borgen
- 9 Framveksten av dei eldste strandstadene i Ryfylke
Av Arnvid Lillehammer
- 16 Strandstadomgrepet
Av Eir Grytli
- 28 Hjelmelandsvågen år 1900 – kva levde folket av?
Av Jan Ommundsen
- 31 Glanstida – strandstader i Ryfylke 1800—1940
Av Trygve Brandal
- 39 Sentrum i periferien – strandstaden som dynamisk element i bygdeutviklinga
Av Roy Høibo
- 51 Tunskipnad i sjøvende sentra
Av Erik Fossåskaret
- 63 Gata i Sand
Av Grete Holmboe
- 70 Handel er kultur
Av Åse Kleveland
- 74 Kultur og næring – to sider av same sak
Av Njål Kolbeinstveit
- 78 Namnesikken i Hjelmelandsvågen
Av Njål Tjeltveit
- 82 Sambygdingar blir beboere
Av Erik Fossåskaret
- 91 Oppsummering av strandstadseminaret
Av Torkel Myklebust
- 93 Strandstadseminar – eit koseleg kosmos
Av Trine Larsen
- 96 Årsmelding 1994
- 108 Rekneskap 1994

*Bildet til venstre:
Frå Steinnesvågen, Finnøy*

Busetnaden i Ystebøhavn på Kvitsøy har mange av kjennemerka på ein strandstadbusetnad, og er i dag kanskje ein av dei best bevarte strandstadstabusetnadene i Ryfylke. Men det kan likevel reisast spørsmål ved om Ystebøhavn kan reknast som ein strandstad. Dette er mellom dei spørsmåla som blir drøfta i dei følgjande artiklane.

Parti fra Hvidingsø



Redaksjonelt

Strandstadene, desse kvitmåla tettstadene som klamar seg fast til stredene innetter Ryfylke-fjordane, og der ein kvar tilreisande umedvete spør seg kva folk lever av, har dei ei framtid? Er dei liv laga, eller er dei berre nostalgitiske minne om ei tid som var? Er dei halvgamle husa med tilfeldige restar av empire og sveitsar-stil brukande til noe som helst anna enn feriebustadar for førre generasjon, og er det i det heile råd å tenkje seg at dynamiske menneske med PC og mobiltelefon kan finne rom for meiningsfull aktivitet i omgjevnadar som verken er skikkelege bevaringsstrok eller skikkeleg post-modernisme?

Strandstadene var dei første tettstadene i Ryfylke. Dei hadde si glanstid på 1800-talet, men har framleis viktige sentrumsfunksjonar i bygdene. Kva rolle spela strandstadene for utviklinga i Ryfylke, og kva utfordringar opplever strandstadene i bygdeutviklinga i dag? Desse problemstillingane var utgangspunktet for eit seminar som Hjelmeland kommune og Ryfylkemuseet skipa til i Spinneriet i Hjelmebandsvågen i mars i år. Ein del av artiklane i dette nummeret av FOLK i Ryfylke er innlegga frå seminaret. I tillegg er det tatt inn andre, aktuelle artiklar om temaet, og dei er ramma inn med kommentarar frå ordførarane i to av Ryfylke-kommunane. Det er blitt ei interessant samling artiklar som både analyserer framveksten av strandstadene, og kva funksjon dei har i dag.

Da strandstadene voks fram, og fekk si glanstid, var dei naturlege sentra i distriktet. Det var der folk gikk til kyrkje, det var der ein bytte varer og tenester, og det var der øvrighetspersonane og akademikarane slo seg ned. Strandstadene blei naturlege knutepunkt for kollektivtrafikken og dei blei fergestader. I ei verd der aksjonsradiusen var begrensa, blei strandstadene dei viktigaste sentruma i tilveret og byreisa berre ei sjeldan hending.

Nå er alt annleis, og einkvar tettstad med respekt for seg sjølv klagar over handelslekkasjen til byane. Når sjølv bygdafolk reiser på ekteskapsførebyggande helgetur til Roma og på julehandel til London blir det mindre att å handle for i meir heimlege forretningar. For ikkje å tala om alle dei som har allslags ærend til Stavanger og mest alltid har god tid til å sjå seg om i tida mellom byfolket har reist heim og båten til bygda går.

Men det er kanskje ikkje det verste. Tettstadproblematikken har aldri stått sterkt i medvetet til bygdafolk, og sjølv dei som hører tettstaden til ser ikkje alltid ut til å forstå kva som gjer ein tettstad til ein tettstad, og kva verdi det har. Resultatet er ei utarming og ei rasering som fører til tomme vindauge og opne plassar der det skulle vore aktivitet og verksemrd. Dei husa som skal romme dei nye aktivitetane dukkar opp som identiteslause bygningiar langt frå folk, og utan den forsterkande tiltrekning-

krafta dei kunne hatt om dei var plasserte inntil andre bygningar der folk også hadde ærend.

Vi har ønskt å trekke fram sentrumsproblematikken som eit meir sentralt tema i debatten om bygdeutviklinga i Ryfylke, fordi vi trur at tettstadene våre ber på verdiar som det er viktig å bygge vidare på om ein ønskjer ei positiv utvikling. Og vi tenkjer ikkje da berre på dei miljøverdiane som er knytte til hus og plassar, gater og smau, men også på det sosiale miljøet som finst i tettstadene, og som til dels er annleis det sosiale miljøet i grondene.

Kultur blir ofte sett på som kakepynt, eller som det ekstra ein kan unne seg når alle andre behov er

dekkja. Ein kan sjå på kultur som noe anna. Ein kan sjå på kultur som ein viktig føresetnad for handlingane våre. Gjer ein det, blir det viktig å forstå dei kulturelle prosessane. Da kan ein fort komma til det standpunktet at framveksten av strandstadene nok ikkje berre var eit resultat av heldige økonomiske og teknologiske omstende, men at ein også må trekke inn dei kulturelle endringane i tida som ei forklaring på det som skjedde. På same viset kan kulturen vera ein ressurs også i den vidare utviklinga av bygdesamfunna og tettstadene deira, om ein vel å handle i samsvar med dei seige strukturane som kulturen utgjer, og ikkje i mot dei.

Opning av seminaret

AV TERJE BORGEN

«Me kan ikkje skru klokka tilbake 60–70 år», sa Terje Borgen da han opna seminaret om strandstade i Ryfylke, «Men eg trur me skal vedgå at desse gamle strandstadene hadde ein del kvalitetar som er viktige for eit lokalsamfunn og i dag». Han var, som ansvarleg politikar, opptatt av å sjå framover, utan å gløyme opphavet og utgangspunktet. På den måten plasserte han seminaret der det høyre heime: I skjæringspunktet mellom fortid og framtid

Gode seminardeltakar! Velkommen til Vågen og Spinneriet!

Kva rolle har strandstade spela for utviklinga i Ryfylke. Kva utfordringar opplever strandstade i bygdeutviklinga i dag? Dette er hovedtema på seminaret her i dag.

Som busette eller folk med røter i Ryfylke har me alle eit forhold til kvar vår strandstad. Det vere seg Hjelmelandsvågen, Sand, Tau eller andre stader.

Som Hjelmelandsbu tenkjer eg på Vågen når ordet strandstad vert nevnt.

Historia fortel om stor aktivitet i mange av strandstade i Ryfylke i tidlegare tider. Ja, det vert sagt at Jelsa ein gong for lenge sidan hadde fleire folk enn Stavanger.

Historia om strandstade våre er ei historie som vitnar om stor og allsidig aktivitet på eit avgrensa geografisk område.

Her i Vågen var grensene svært klare. For ein

Årdalsbu som kom til Hjelmeland verka nok dette noko kunstig. Men for folk som budde i området var dette viktig. Vågen var området mellom ånå ved prestagarden og Hauaberget.

Prestagarden låg *ikkje* i Vågen.

Strandstade har spela ei viktig rolle i mange bygdasamfunn. Her var kommunenesenteret. Her budde mange av dei som ikkje hadde direkte tilknytning til jordbruksnæringa. Det var handelsplass. Det var kommunikasjonssentrum, der rutebåten til byen var det dominerande kommunikasjonsmiddel.

Strandstaden var staden for ymse småindustri, variert næringsverksemd og handverkarar av ymse slag. Det var stden for kulturelle aktivitetar.

Kva framtid har så strandstaden i Ryfylke. Har dei nokon framtid? Mange stader har opplevd stagnasjon og tilbakegang. Dei har mista sentrale funksjonar dei hadde tidlegare. Det har blitt for trangt. Sentrumsfunksjonane av idag krev meir plass. Dei

gamle og små husa som dominerte er lite tenlege som bustadhus etter dagens krav til standard. Hus som i tidlegare tider gav plass til store familiar blir i dag sett på som attraktive fritidshus. Dette fører til at den mest aktive tida i tidlegare buområde vert i ferietida om sommaren.


Men me har og eksempler på stader som har tilpassa seg notida på ein god måte. Der tidlegare tiders verdiar og serpreg er teke vare på og tilpassa notida. Lat oss læra av desse.

Me som politikarar har her eit klart ansvar. Me har eit ansvar for å leggja forholda til rette slik at me kan få levande sentrumsområde. Me må kanskje sprengja grenser som før var heilage. Me må leggja til rette for områder der det er muligheter for heilårsbusetnad. Me må leggja forholda til rette for næringsverksemd av ymse slag. Me må leggja for-

holda til rette for kulturelle aktivitetar. Me må leggja forholda til rette for dagens og morgondagens kommunikasjonssystemer.

Dette stiller store krav til oss. Me må ta i bruk verkemiddel som kan vera omstridde. Konsesjonsplikt på all eigedom kan vera døme på det. Men me skal ikkje skru klokka tilbake 60–70 år. Me verken vil eller kan få gamle Vågen tilbake. Men eg trur me skal vedgå at desse gamle strandstadene hadde ein del kvalitetar som er viktige for eit lokalsamfunn også i dag. Men me treng kunnskap og bevisstgjering om dette. M.a. av den grunn er me her på Spinneriet nå i dag. Lukka til med seminaret!

Terje Borgen (47) er bonde i Årdal. Han var ordførar i Hjelmeland i perioden 1991–1995, og har elles hatt fleire politiske verv i kommunen.



Me har som politikarar eit klart ansvar for å legge forholda til rette slik at me kan få levande sentrumsområde. For å få det til må me kanskje sprengje grenser som før var heilage, sa Terje Borgen i opningsinnlegget sitt.

*Bilde frå
Hjelmelandsvågen 1995.*

Framveksten av dei eldste strandstadene i Ryfylke

AV ARNVID LILLEHAMMER

Først og fremst var strandstadene kanskje stader for folk med tiltakslyst og fantasi, folk som forma om samfunnet. Kanskje ligg noko av drivkrafta bak den tidlege moderniseringa av bygdene nett i desse strandstadene. Og kanskje kan det framleis vera slik, spurde Arnvid Lillehammer i sitt innlegg på seminaret, der han drøfta bakgrunnen for framveksten av strandstadene.

I 1803 stod det eit bryllaup på Prestagarden i Suldal. Brura var Mille Anna Benedicte Nilsdotter, dotter til kapelanen i Evje prestegjeld i Setesdal, Nils Huus. Brudgomen var ein av drengene til presten i Suldal, Torbjørn Markusson. Ein ny huslyd var etablert, og dei nygifte måtte ha eit levebrød. Kor fann dei så det?

For to hundre år sidan var dei fleste levebrøda i Noreg knytt til jorda. Det er vanleg å rekna at 90% av folket då budde «på bygda» – i gardbrukarhuslydar eller i husmannshuslydar. Det hadde difor ikkje vore uventa om Anna og Torbjørn anten fekk seg eit gardsbruk eller leigde seg eit husmannsplass ein eller annen stad i indre Ryfylke. Men dette høvde kanskje ikkje for dotterdotter til presten Erik Ancher Brun i Suldal.

Eit alternativ var at dei vart byfolk. Etter vanleg lærer budde 10% av folket i Noreg i byar då. I Stavanger amt, som Rogaland fylke heitte den gongen, fanst det berre ein by, den vesle handelsstaden Stavanger, der det ikkje budde fleire enn knapt 2500 menneske då Anna og Torbjørn gifta seg.

Anna og Torbjørn flytte ikkje til Stavanger. Dei fekk seg heller ikkje gard i Suldal eller Sand, og dei vart hel-

ler ikkje husmannsfolk. Like etter giftarmålet, flytta dei heile dalen ned og slo seg til ved stranda på garden Sand, på strandstaden Sandslandet, ein stad som verken var by eller land, men som likevel – både før dei flytta ned dit og ikkje minst i hundreåret etter at dei hadde slege seg til der – spela ei viktig rolle i både det sosiale og økonomiske livet i indre Ryfylke. Då Anna og Torbjørn kom dit i 1803 eller 1804, hadde strandstaden Sand eksistert ikring hundre år, og Sand var ikkje den einaste staden i Ryfylke som kunne nemnast strandstad. Det er opphavet til og den tidlegaste soga til desse strandstadene eg skal freista å kasta lys over med mitt innlegg.

KVA ER EIN STRANDSTAD?

For å kunna gjera dette, fell det naturleg å stilla fem spørsmål som eg skal freista å gi svar på.

Det første – og i vår samanheng her i dag det viktigaste spørsmålet – er: *Kva er ein strandstad?* Det vil seia: Kva var ein strandstad i Ryfylke på 1600- og 1700-talet?

Det neste spørsmålet er: *Kor finn me desse strandstadene? Kor voks dei fram?*

Det tredje spørsmålet eg skal freista å gi svar på, er:
Når voks strandstadene fram?

Det fjerde – og på mange måtar svært interessante spørsmålet – er: *Kven* busette seg på strandstadene? *Kven* var dei; kva var bakgrunnen deira? Kor kom dei frå? Og kva levde dei av?

Og endeleg må me stilla spørsmålet: *Kvifor* voks strandstadene fram?

Eg vil som utgangspunkt freista å gi eit innleiande svar på kva ein strandstad er. Men dette spørsmålet skal eg også venda tilbake til når det er blitt svart på dei fire andre spørsmåla, for eigentleg let det seg ikkje svara på kva ein strandstad er, før då. Og først då let det seg også gjera å seia noko meir om kvifor strandstadene si eldste soge kan vera av interesse for oss idag.

Altså Først: Kva er ein strandstad? I utgangspunktet må me ha eit svar på kva det er me leitar etter i denne


eldste tida? Lat oss bruka den definisjonen som Njål Tjeltveit nyttar i ein artikkel i årboka til Rogaland Histie og Ættesogelag – *Ætt og heim* for 1993. Han seier der:

«Vi kan seia at strandstader er tette bygdesamfunn med variert næringsaktivitet som vokser fram på 1700- og 1800-talet. Større strandstader kunne vera mest som små landsbyar og skilde seg ut frå bondesamfunnet omkring. Husa stod tett på strandstaden, og mange hus var små og enkle. Tettleiken kunne ymsa.»

Det er viktig å ha klart for seg at desse stadene ikkje hadde noko rettsleg særstilling, slik byane hadde. Dei var ikkje ladestader eller kjøpstader. Dei var ein del av landdistriktet sitt rettsområde.

Førebelts får me la dette vera utgangspunktet, og gå vidare til neste spørsmål.

Parti fra Hjelmeland Ryfylke.



Strandstadene er tette bygdesamfunn med variert næringsaktivitet. Dei kunne vera mest som små landsbyar der husa stod tett og mange var små og enkle. Døme frå Hjelmelandsvågen. Foto frå arkivet til Ryfylke-museet.

KOR FINN ME STRANDSTADENE?

Det neste spørsmålet var: Kor finn me desse strandstadene i Ryfylke? Kor voks dei fram?

I 1801 vart folket talde. For første gong vart heile det norske folket, kvinner og menn, born og gamle, fattig og rik over heile landet, skrivne ned med namn, alder og status. Dette var berre eit par år før Anna og Torbjørn flytta frå Prestagarden i Suldal ned til Sandslandet. Denne kjelda er eit nyttig utgangspunkt om me vil skoda tilbake i tid. I folketeljinga frå 1801 finn me nemleg ei noggrann kartlegging av dei strandstadene som då hadde vokse fram i Ryfylke.

Me har likevel eitt uløyst problem, som me må la ligga i denne omgang; nemleg kor me skal setja den nedre grensa når det gjeld folketal for at me skal kunna kalla noko ein strandstad.


Kor som er, ei raskt gjennomlesing av folketeljinga

frå 1801 gir intrykk av at følgjande stader bør kunna rekna som strandstader då (tala er omtentlege):

1. Jelsa med 38 huslydar og ikring 150 menneske.
2. Sandslandet med 32 huslydar og 133 menneske.
3. Nedstrand med 29 huslydar og 105 menneske.
4. Vikedalsosen med 12 huslydar og 49 menneske.
5. Hjelmelandsvågen med 10 huslydar og 46 menneske.
6. Sandeid med 15 huslydar og 44 menneske.

Men det fant også nokre mindre stader, slik som Imslandsjøen med 6 huslydar og 25 personar, Askvik med 8 huslydar og 28 personar, Forsand med 6 huslydar og 20 personar, og Toftøysundet, Kvaløysundet og Haga-berget eller Judaberg og kanskje stranda på Fuglastein i Jelsa. Tala er uvisse då det ennå ikkje er gjort detaljerne studiar med omsyn til plasseringa i terrenget av dei einskilde huslydane.

Imsland, Rogaland.



Imslandsjøen blir ikkje rekna som ein retteleg strandstad, men som ein mindre, strandstadliknande busetnad. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.


Storleikstilhøvet dei imellom har ikkje alltid vore slik som i 1801. Og det skulle endra seg utover på 1800-talet, noko som Trygve Brandal vil gjera greie for.

Kor fann me så desse strandstadene? Alle vitnar dei om at Ryfylke var meir vendt mot sjøen den gong enn nå. Båten var viktigaste framkomstmiddlet, og fjorden viktigaste ferdslevegen. Men dette er ikkje heile forklaringa på kvifor dei i 1801 låg der dei låg. Tre andre tilhøve kan også ha spela ei rolle for lokaliseringa.

1. Ved knutepunkt i samferdsla: der land møtte sjø, der dal møtte fjord, der det fanst eit omland av nokon storleik, der fjord møtte fjord, det vil seia der det var stor ferdsle.
2. Etter kvart kan også lokaliseringa av eit gjestgiveri ha spela ei rolle. Eit gjestgiveri kan både ha vore

ein grunn til at det vokser fram ein strandstad, og ha gitt ein eldre strandstad ein skuv framover. I 1801 finn me gjestgivarar både på Nedstrand og på Sandeid, i Vikedalsosen og ved Imslandsjøen, på Sandslandet (der var det to), på Jelsa og ved Hjelmelandsvågen, forutan ved Melsosen i Årdal, ved Strandestø i Strand, på Forsand, på Haga (Judaberg) og på Austbø på Kvitsøy.

3. Dei fleste ligg på eller nær ved den garden der kyrkja i soknet eller prestegjeldet stod. Der var det naturleg for folk å møtast. Gode døme på dette, er Imsland, Sand, Jelsa, Hjelmeland og Forsand. Litt meir tvilsame er Sandeid og Vikedal. Men dette galdt ikkje alle strandstadene. Nedstrand ligg nokre kilometer frå Hinderåvågen. Judaberg ligg på motsatt side av Finnøy i høve til kyrkja.



Strandstadene vokser fram som sosiale og økonomiske sentra i bygdesamfunnet i ei økonomisk mangfaldig tid. Bilde frå Hjelmelandsvågen med sag, kvern og spinneribygning. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

NÅR FEKK ME STRANDSTADENE

Når voks så desse strandstadene fram? Dei vokser ikkje alle fram til same tid. Dei to eldste strandstadene vokser fram alt i første helvta av 1600-åra. Og ingen av dei låg i direkte tilknytting til kyrkja. Dei hadde heller knapt nokon særleg tett busetnad då.

Den eine var Nedstrand ved den vide vågen under gardane Kleiberg og Sand i Hinderå prestegjeld.

Den andre var føregjengaren til Hjelmelandsvågen. Den låg som ei perlerad med små verslitne hus langs stranda frå Askvik over Kleppa og inn på Pundsnes eide. Medan det berre budde tre huslydar i Sæbøvågen i 1706, budde det heile 21 huslydar i Askvikstranda og Kleppestranda same året. Det kan ha budd nærmere 90 menneske der då! Seinare utover på 1700-talet vart denne staden utkonkurrert av elveoset ved Sæbøvågen som tok over rolla som strandstad i Hjelmeland.

Sjølv om Nedstrand og Askvikstranda – som me gjerne kan kalla den andre – var rimeleg store strandstader allereide på 1600-talet, var det likevel 1700-talet som var det viktigste hundreåret med omsyn til framveksten av strandstadene i Ryfylke. Frå å vera buplasser med berre nokre få huslydar i byrjinga av hundreåret, vokser dei fram alle dei eg nemnde tidlegare. Særleg var veksten sterkt på Jelsa og på Sandslandet. Nedstrand, der det i 1701 budde heile 35 hushald – truleg nærmere 150 menneske – stagnerte av grunnar som eg skal koma tilbake til. Og andre tok over hovudrolla.

Særleg ser det ut til at veksten var stor etter 1750. På den tid var det elles eit allment økonomisk oppsving i bygdene våre som i Noreg elles. Og me får etter kvart det biletet som me møtte i 1801 eller 1803 då Anna og Torbjørn flytta ned til Sandslandet.

KVEN BUDDE PÅ STRANDSTADENE?

Det neste spørsmålet er så kven som busette seg ved desse strendene slik at det etter kvart vokser fram små eller store tettstader?

Lat oss bruka Askvikstranda og Kleppastranda som døme. Denne perlerada av hus illustrerer godt kven det var som kom. Det er naturleg å spørja etter bakgrunn og opphav – og etter levebrød.

Først noko om bakgrunnen. Kor kom dei frå? 1706-manntalet veit beskjed – om menn.

Dei fleste hadde bakgrunn i lokalmiljøet, dei var frå Hjelmeland prestegjeld, enten sjølve hovudsokna eller frå Årdal eller Fister. Men der fanst også langvegsfarande folk. Ein kar som heitte Berge Olsen var komen heilt frå Hedmarken. Ein mann som bar namnet Klaus Lydersen kom frå Bergen. Og slik var det gjerne på desse strandstadene. Dei fleste hadde sitt opphav i den nærmeste bygda eller bygdene omkring. Dei var bondesøner eller husmannssøner som ikkje hadde høve til å ta over gard, medan ein og annan kom lenger borte ifrå. På Nedstrand budde det fleire som var komne frå Stavanger.

Vel så interessant er det kanskje likevel å sjå på kven dei var som yrkesutøvarar. For det er ingen tvil om at dei ikkje var gardbrukarar. Dei var heller ikkje vanlege husmenn som berre levde av den jorda dei eventuelt måtte ha leigd. Det fortel både manntal og kyrkjebøker, skifteprotokollar og tingbøker til fulle.

Det ser grovt sett ut til å ha vore fem ulike slag strandsitjarar:

1. Byborgarar og gjestgivarar – dei var få.
2. Handverkarar av ymse slag – det var nok dei fleste.

3. Militære personar – særleg på nokre av strandstadene.
4. Sjøfolk – dei fanst gjerne på Nedstrand og i Hjelmeland.
5. Fattige – trengande fattige.

Handverkarane synest ha vore den viktigaste gruppa. Det er eit overraskande mangfold av handverk som dukkar opp i kjeldene i samband med desse stadene.

Smeden var sjølvsagt viktig. Men der budde også andre med særskilde oppgåver, som til dømes båtbyggaren ved Kleppestranda ikring 1700. Me finn også tømmermenn, både hustømmermenn og skipstømmermenn, forutan bøkkarar alt tidleg.

Personleg tykkjer eg det kanskje mest spanande er at det fanst fleire handverkarar som hadde med tekstilarbeid å gjera. På Nedstrand budde det eit par vevarar – tilflytte bygdefolk frå Ryfylke – og fleire stader fanst det skreddarar. Ein av dei var Per skreddar som først budde ved Eidesjøen i Sand, men som like etter 1700 flytta til Sandslandet og vart ættfar til eit reint skreddardynasti der. Ja, framleis i dag trur eg det bur folk på Sandslandet som ættar frå Peder Pedersen skreddar som kom til Sand på slutten av 1600-talet. Også jekteskipparar budde det sjølvsagt på strandstadene, men også så aparte folk som ein parykkmarkar, og på Sandeid budde det ei tid til og med ein glasmakar.

KVIFOR FEKK ME STRANDSTADER I RYFYLKE?
 Kvifor voks så desse strandstadene fram? Dei hadde ingen støtte frå sentrale styremakter, bortsett frå løyvet for somme til å slå seg ned på landet som gjestgivarar. Dei var ein del av landsbygda, dei konkurrerte med «byen» – Stavanger. Me er i merkantilismens tid – ei tid då konge og sentrale styremakter la alt til rette for byen og byborgarane. Det skulle helst ikkje gå føre seg nokon

handel eller handverksverksemد på landet. Dette viste seg heilt uråd å oppnå.

Dei stikkorda som kan hjelpe oss til å forstå framveksten av strandstadene blir difor:

1. Folkeauke. Særleg første helvta av 1600-åra og siste helvta av 1700-åra var ei tid med folkeauke i Ryfylke. Ikkje alle kunne ta over matrikkulert jord, eit gardsbruk. Dei måtte finna seg anna levebrød. Eit handverk på ein sentral stad der det ferdast mykje folk, var ei løysing.
2. Økonomisk rørsle. Somme stader i Ryfylke fanst det rikeleg med både jordbruksvarer, fisk og trelast som kunne omsetjast. Ikkje minst trelasthandelen førde til årvisse vitjingar av ei mengd framande skip. Særleg var skottane tittgjengde. Dette skapte trøng for handverkstenester og opna for ein uregulert handel som styremaktene hadde vanskar med å kontrollera.
3. Behov for somme tenester. Det gamle bondesamfunnet var ikkje eit reint sjølvforsyningssamfunn, det er ei myte. Bønder og andre hadde trøng både for å få utført visse handverkstenester av spesialistar, og kjøpa varer som dei sjølv ikkje kunne produsera, både nyttevarer og luksusvarer.
4. Ressursane i Ryfylke gjorde ei spesialisert handels- og handverksverksemد mogleg – først og fremst husdyrprodukt og trelast (t.d. på Nedstrand og på Sandslandet, på Nedstrand dyrka folk til og med krydder ei tid).
5. Adminsitrasjon av hær og marine med befal og soldatar. For å halda oppe den norske bondehæren, var det naudsynleg med befal plassert rundt om på bygdene. Desse busette seg gjerne på strandstadene.

Og så kan me venda tilbake til ein konklusjon på spørsmålet om kva desse stadene eigentleg var.

Det var ikkje den fysiske utsjånaden som først og fremst var det viktigaste, at folk budde mange saman heller tett. Heller ikkje var det dei rettslege tilhøva. Strandstadene var eigentleg ingen ting. Det einaste som fanst reint rettsleg, var gjestgiveriet. Det hadde ei formell plassering innan heilstaten sidan gjestgivaren måtte ha kongeleg bevilling. Dessutan hadde uttente soldatar løyve til å selja øl. Det finn me difor også på strandstade.

For *meg* er det viktige at strandstadene voks fram som sosiale og ikkje minst økonomiske sentra i bygdesamfunnet i ei økonomisk mangfaldig tid, sentra som gav

muligheter for folk som elles ikkje hadde høve til å ta over jord, eller rett og slett ikkje ynskte å ta over jord. På strandstadene var det også lettare for dei fattige å finna eit utkomme. Men først og fremst var Strandstadene kanskje stader for folk med tiltakslyst og fantasi, folk som forma om samfunnet. Kanskje ligg noko av drivkrafta bak den tidelege moderniseringa av bygdene nett i desse strandstadene. Og kanskje kan det framleis vera slik?

Arvid Lillehammer (52) er førstekonservator ved Arkeologisk museum i Stavanger. Han har skrive ei rekke bøker og artiklar, og har for tida permisjon for å skrive siste delen av soga om Sauda.

Strandstadomgrepet

AV EIR GRYTLI

Eir Grytli hadde ikkje høve til å vera med på strandstadseminaret i Hjelmeland, men ho har arbeidd med eit stoff som er så interessant at vi ville ha det med likevel, og ho har velvillig stilt til rådvelde ein artikkel som er eit viktig bidrag til drøftinga av strandstadomgrepet. Artikkelen var opprinnleig utarbeidd som eit vedlegg til doktoravhandlinga hennar om strandstaden Surnadalsøra.



Surnadalsøra på Nordmøre, 1896. Foto: F. O. Knudsen. (Utlånt fra Surnadal kommunes fotoarkiv).


Hva er et strandsted? Dette tilsynelatende enkle spørsmålet ble for meg et problem under arbeidet med mitt dr. ing.-studium. Mitt tema er en bygnings-historisk analyse av en spesiell tettstedstype ved kysten, som har sitt utspring i den store tettstedsveksten omkring midten av forrige århundre. Jeg hadde med selvfølgelighet benyttet begrepet «strandsted» om denne tettstedstypen, som for meg innebar en rekke ganske klart definerte kriterier.

Undt arbeidets gang er jeg imidlertid blitt mer og mer usikker på denne ordbruken. Litteraturstudier og samtaler har vist at begrepet «strandsted» brukes med sterkt varierende meningsinnhold, delvis nesten bare med det til felles at de ligger ved stranda. Dette var uholdbart når jeg hittil hadde brukt betegnelsen om en ganske spesiell utgave av «steder ved stranda».

Det ble for meg nødvendig å prøve å avklare begrepet nærmere, for å finne ut om det i det hele tatt var mulig å bruke det metodisk, og om det i så fall gikk an å lage en form for definisjon – i hvert fall i mitt eget arbeid. Dette ønsket jeg å gjøre i samråd med andre som også befatter seg med tettstedstudier i en eller annen sammenheng. Siden det dreier seg om en eldre tettstedstype, var det også naturlig å gå til de skriftlige kildene for å finne ut noe om tidligere tiders bruk av begrepet.

TIDLIG BRUK AV STRANDSTEDSBEGREPET

Det første stedet jeg har truffet på ordet strandsted i skriftlige kilder, er hos Bergensbissen Neumann, som på visitas i Sogn i 1823 besøkte «strandstedet Sogndals-fiæren». Videre bruker Jens Kraft uttrykket i 1829 i sin topografisk-økonomiske beskrivelse av riket, om steder som Sogndalsstrand og Rekefjord i Rogaland; Lærdalsøyri, Vikøyri, Sognadalsfjøra,



Arkeologiske utgravnninger i Bergen avdekker en bystruktur som i prinsipp minner sterkt om strandstedsstrukturen. (Etter Gerhard Fischer, 1942).

Marifjøra og «Seimsøren» (Årdal?) i Sogn; Sundalsøra på Nordmøre.

Hvordan så de ut, disse stedene som man på denne tida betegnet strandsteder? Biskop Neumann påpeker trolig det sentrale når han beskriver «Strandtsetet Sogndals-fiæren» slik: «Stranden ligner en Kjøbstad med Huse ved Huse». Det ligger ved stranda, og det er tett med hus, begge deler skiller det formmessig ut fra den åpne landsbygda man fant omkring.

Biskopen beskriver samtidig Vikøyri på denne måten: «Naar man lander i Vigøren saa finder man en heel Landsby for sig i en Vrimmel af smaa og for største Delen elendige Hytter, i hvilke 240 Strand-siddere skal være boende . . .». Her bruker Neumann ordet «landsby» om hussamlingen, men senere kilder definerer også Vikøyri som strandsted. I denne beskrivelsen kommer Neumann også inn på de sosiale og næringsmessige forholdene i strandstedet: Bolighusene er små og elendige hytter, og befolkningen består for en stor del av strandsittere. Dette var eiendomsløse folk som her slo seg ned på almenningen der slikt fantes, eller på en grunneiers strandlinje. Her fantes muligheter til alternativt levebrød for de jordløse; dagarbeid, småhandel, håndverk o.l. Dessuten viser folketellingene en stor overvekt av almissemmer. I sin hovedoppgave om Sogndalsfjøra (1976) introduserer Aage Engesæter begrepet «bygdeslum» om disse samlingene av bondesamfunnets fattigste.

I en beskrivelse av Lærdalsøyri skriver biskop Neumann videre: «. . . naar man kommer derind (...) saa befinner man sig i en By der har et slags Gader, og er enda ikke saa liden . . .». Dette antyder at det i strandstedene fantes en form for organisering av bebyggelsen som hadde noe til felles med byene.

FOLKETELLINGENS HUSSAMLINGS-STATISTIKK

Folketellingen i 1845 gjør som den første et forsøk på å registrere og beskrive tettstedsdannelsene utenom de egentlige kjøp- og ladestedene. Årsaken til at dette ble gjort, var at myndighetene var oppmerksomme på at en slavisk oppdeling i «by» og «land» etter juridisk-administrative definisjoner gav et skeivt bilde av den sosiale og yrkesmessige sammensetningen i landet, fordi en betydelig del av landsbefolkingen etter hvert bodde i tettsteder og bymessige strøk, sysselsatt i annet enn primærnæringene. Det fantes «hussamlinger» som var betraktelig større enn enkelte av stedene med bystatus.

Klassifiseringen er uklar, men som alternativer nevnes: «. . . Strandsted, Bergverk, Betydeligere Fabrik, Brug eller i det hele noget saadant Sted, hvor flere Familier i en eller annen hensigt måtte have taget deris Bopæl samlede, . . .». Av disse forteller benevnelsen ofte direkte om hva som var kjernen i tettstedet. Det dreide seg gjerne om en større, sentral arbeidsplass, som gav ensidig sosial struktur og yrkesliv. **Berverk, fabrikk** og **bruk** hører inn under disse. En annen klassifisering som ble brukt var **fiskevær**. For alle glelder at det er en ensidig utnyttelse av en enkelt ressurs som er hovedårsaken til tettstedsdannelsen.

Til forskjell fra disse står **strandsted** med en litt mindre klar betydning. En gjennomgang av tettstedsstatistikken for 1845 bekrefter inntrykket av at det kanskje er et slags samlebegrep for de hussamlingene ved sjøen som ikke klart kunne definieres på annen måte. Strandsted blir brukt som benevnelse på steder med fra 5 til 460 husholdninger. Beliggenheten er ikke knyttet til noen spesiell topografisk situasjon, bortsett fra altså «ved stranden». Like godt

som ved fjordarmer kan de ligge på øyer, det vi i dag heller ville benevne «uthavner» der sjøtransporten er enerådende.

I 1855 utarbeides ny tettstedsstatistikk. Her brukes uttrykket «strandsiddersted» i stedet for strandsted. Dette uttrykket forteller noe mer om næringsliv og sosial sammensetning man vanligvis fant her, og snevrer begrepet noe mer inn. Det stemmer overens med de topografiske beskrivelsene til Neumann og Kraft fra tidligere i århundret. Men mens disse ser ut til å bruke uttrykket mest om hussamlingene som oppsto i en bestemt geografisk situasjon, nemlig dalmunningene, gir ikke statistikken noen slik begrensning. Fremdeles kunne «strandsidderstedet» godt ligge på ei øy.

Statistikken alene forteller ellers lite om hva menneskene bak tallene drev med. Strandsitterne kunne ha varierende levebrød, og var som gruppe mer en juridisk enn næringmessig kategori. Først i 1857 var handelsprivilegiene fullstendig fjernet, noe som åpnet for fri handel utenom byene. Vi er fremdeles i forkant av den store tettstedsveksten som fant sted seinere i århundret.

Det kan altså ikke dreie seg om «landhandlersteder» som vi fant så mange av noen tiår etterpå. Antakelig er Engeseters begrep «bygdeslum» et relativt dekkende begrep for disse samlingene av det førindustrielle bondesamfunnets overflødige individer.

I 1865 kalles tettstedene med en fellesnevner «bymessig bebygde strøk», dette omfatter også strandstedene.

I 1875 finner vi, i forord til tabell over tettstedene utenfor byene, følgende ordlyd: «. . . Forsteder, Strandsteder og andre Samlinger av Huse i Landdistrikten . . ». For Bergens og Trondhjems stifter

har alle de steder som betegnes som strandsteder, klare geografiske fellestrekke: Fjordbotn eller bukt; utløp av dalføre eller annen viktig ferdsselsåre; et bakland av mer eller mindre rike jordbruksområder. Navnene ender oftest på -øra, -fjøra, e.l. Det ser imidlertid ut til at denne klare referansen til et topografisk fellesskap er noe som hører Vestlandet til. Både i nord og sør ser det ut til at strandsted stadig er en nokså vid samlebetegnelse for mindre lett definierbare steder ved stranda. I 1875 er imidlertid en ny tid begynt, med en handel i sterk vekst, en utbygging av kommunikasjonene der opprettelsen av dampskipsrutene fikk størst betydning for kystdistrikten, og organisering av håndverket i større og mindre bedrifter som også kunne utvikle seg videre til industrivirksomheter. Disse og andre faktorer medførte en «urbanisering» av den norske landsbygda. Tendensen representerer overgangen fra det primitive sjølbergingssamfunnet til den spesialiserte pengehusholdningen. Vare- og tjenestebytting ble nå en overordnet sentrumsdannende faktor. Denne utviklingen fortsatte ut århundret og videre inn i vårt eget.

KOMMENTAR TIL DEN TIDLIGE BRUKEN AV STRANDSTEDBEGREPET

Det ser dermed ut til at begrepet strandsted, slik det har vært brukt av de kilder jeg har til rådighet, har gjennomgått en innholdsmessig utvikling. Det førindustrielle strandsitterstedet, med mest fattigfolk blant de fastboende, viker for det høgt spesialiserte varebytte-samfunnet, med utstrakt handel og produksjon og en livlig trafikk som følge av dette.

Hva de offisielle kildene ikke beretter, er at strandsitter-bosettingens hytter ofte lå i blanding med bebyggelse tilknyttet jord brukssamfunnets eget behov for sjøtransport, fiske osv., nemlig naust-

rekker og enkle lagerskur/buer («dalabuder på Sunnmøre). Denne bebyggelsen kunne være det aller første tilløpet til tettbebyggelse her ved strandkanten. Den gav gjerne grunnlaget for den karakteristiske organiseringen svært mange av strandstedene hadde – med naustrekke mot stranda og et «strete» parallelt med sjøkanten bak, med buer på en eller begge sider – en struktur man også kjenner fra middelalderens bydannelser. Det var også vanlig at man fant en gjestgiver i disse kommunikasjonsmessig viktige punktene. Så det er nok ikke resultat av tilfeldigheter at disse fattige småstedene så ofte skulle danne grunnlaget for tettstedsvekst. Man kan vel heller si at fattigfolket hadde valgt boplass med omhu – nemlig «midt i veikrysset».

SPØRREUNDERØKELSEN

For å trekke linjene videre opp til vår tid, og vår oppfatning av begrepet strandsted, gjorde jeg en henvendelse til en rekke personer og institusjoner hvor jeg forventet at man hadde synspunkter på problemstillingen, eller kunnskap som kunne være nytig i denne sammenhengen.

Spørsmålene som ble stilt var:

1. Hva forstår man i ditt fagområde – eller i ditt distrikt – med strandsted?
2. Er strandsted en snever, entydig kategori, eller er det en samlebetegnelse? I så fall, hvilke undergrupper kan antydes?
3. Bestemmes strandsted ut fra form eller innhold?
Hvilke(n)?

Det kom inn 24 svar på henvendelsen, en svarprosent på ca. 50. De som svarte representerte yrkesgrupper som historikere, geografer, etnologer og arkitekter, og institusjoner som museer, fylkesfor-

valtning og universiteter. Geografisk spredte besvarelserne seg fra Bodø i nord til Arendal i sør. Til sammen representerer de et interessant og bredt spekter av informasjon og synspunkter. De fleste som svarte, refererte ikke svarene sine direkte til spørsmålene. Men en rekke momenter gikk igjen i besvarelserne, og disse var såpass få og tydelige at de kan konkretiseres i følgende framstilling.

Tallene til høyre refererer til hvor mange som vektla det enkelte moment.

Generelt om begrepet:

Samlebetegnelse. Åpent begrep.	9 stk.
Nyere, litterært begrep	3 stk.
Ikke-administrativt/juridisk begrep	2 stk.
Visuelt begrep	2 stk.

Geografisk/topografisk karakter:

Kjerne for vekst, forløper til by (evt. middelaldersk)	8 stk.
Bakland nødvendig (eks. utløp av dal)	5 stk.
Må ligge til saltvann? (spørsmålet stilles)	5 stk.
Begrenset størrelse (f. eks. max. 200 innb.)	5 stk.
Flat del av strand/fjære, elveos	3 stk.
Almenning	1 stk.

Næringsgrunnlag:

Sentrumsfunksjoner, lokalt knutepunkt	9 stk.
Handel, post, bank mv.	9 stk.
Strandsittere, husmenn, leiefolk	8 stk.
Buer og naust	8 stk.
Håndverkere	8 stk.
Gjestgiver	6 stk.
Sammensatt næringsgrunnlag	5 stk.
Fiskere	5 stk.
Kommunikasjonsknutepunkt. Kai,	

omlasting, utskipning	5 stk.
Bosetting	5 stk.
Kirkested	3 stk.
Jordbruk	3 stk.
Marked	2 stk.
Industri	1 stk.
«Øvrighetspersoner»	1 stk.

GENERELT OM BEGREPET

Svarene reflekterer en ganske stor variasjon i forståelsen av begrepet. Variasjonen går både på det næringsmessige og på det topografisk-beskrivende innholdet. Det ser ut til at tidsfaktoren, det at stedene har endret karakter og næringsgrunnlag, spesielt i siste halvdel av 1800-tallet, er den viktigste årsaken til at det er en viss forvirring.

Mange mener at strandsted er et samlebegrep for hussamlinger ved sjøen som ikke kan defineres nærmere, slik som f. eks. fiskevær eller industristed.

Noen hevder – og kanskje med rette – at det dreier seg om et konstruert litterært begrep, innført av øvrighetspersoner som betraktet landsbygdas hussamlinger utenfra, og at ordet eventuelt seinere har fått feste i dagligheten, noe som heller ikke er skjedd over alt.

Det blir også – spesielt fra historikerhold – pekt på skillet mellom strandsted som et ikke-juridisk begrep, og byer og ladesteder med sine privilegier. Dette er sentralt for folketellingenes tettsteds-statistikk, som har strandsted med blant sine «ikke-byer».

Når noen sier at begrepet for dem først og fremst gir visuelle assosiasjoner, spiller dette trolig mest på det karakteristiske uttrykk som spesielt de tidlige strandstedene hadde, med bygningsmiljøet organisert langs strandkanten etter et fast organisasjonsmønster, det samme som Neumann beskriver for strandstedene i Sogn i 1829.

GEOGRAFISK/TOPOGRAFISK KARAKTER

Det er stor enighet om at strandstedene er viktige strategiske punkter for et omland, og kanskje for et helt distrikt. Mange nevner den nærliggende påstand at kjernen i våre kystbyer i mange tilfeller er et strandsted. Det vises her til at strandstedenes bebyggelsesstruktur har mye felles med middelalderbyene, som vi ser det f. eks. i Bergen.

Mange nevner viktigheten av et «bakland», dvs. et område på landjorda som behøvde strandstedet som kontakt med sjøen. Dette gjelder både for lokalsamfunnets behov for omlasting, omsetning og utskipning av varer, og for den sjørelaterte del av jordbruksamfunnets egne virksomheter – fiske og fangst, frakt i egne båter, kommunikasjon med uteverdenen. Naust- og burekkene i de eldre strandstedeene svarer til dette siste. En vanlig situasjon er strandsteder i dalutløpene, der man nesten alltid fant en eller annen form for bebyggelse. Her utgjorde jordbruksområdene i dalen baklandet. At tettstedet oftest oppstod på ei «ør», altså et flatt parti av stranda, gjerne i forbindelse med en elveos, er nevnt – og stemmer vel godt overens med virkeligheten.

Et interessant spørsmål som ble reist av flere var om begrepet strandsted er knyttet til bebyggelse ved sjøen, eller om en også kan tenke seg strandsteder ved ferskvatn? I prinsippet skulle det ikke være noen forskjell, vi vet jo at vannvegene i innlandet var like viktige for innbyggerne her som fjordene var for sine lokalsamfunn. En mulig forskjell ligger i at stedene ved sjøen hadde direkte forbindelse med kystbyene og dermed til importhavnene. I hvert fall har jeg forgjeves lett etter bruk av begrepet brukt om innlandssteder både i eldre og nyere kilder, bl. a. i NAFs vegbok, som benytter strandstedbegrepet i stor utstrekning.

Det er en vanlig oppfatning at når et sted kalles strandsted, så er det aldri snakk om store steder. Noen foreslår øvre grense 200 innbyggere, dette stemmer i så fall overens med offisiell nedre grense for tettsteder. Det kan hende at dette er riktig slik uttrykkene blir brukt i dag. Men strandsteder i historisk forstand har vært betraktelig større. I kildene er steder med over 200 innbyggere kalt strandsteder. I folketellingene er strandsted regnet for en spesiell hussamlingstype (begrepet tettsted er av nyere dato), med nettopp 200 innbyggere som nedre grense. Det er kanskje ikke mulig å sammenlikne disse begrepene direkte.

Bare ett svarbrev nevner direkte at deler av strandstedbebyggelsen kunne ligge på almenning. Mange har det imidlertid indirekte med i sin omtale av strandsitterne i tettstedet. Det er et viktig moment som omhandler eiendomsforholdene i tettstedet i førindustriell tid. Beboerne var nemlig hovedsaklig eiendomsløse, som bygslet eller bare slo seg ned på annen manns eiendom, enten på almenningen, eller på en jordeiers strandlinje. Forskjellen på disse eiendomsformene kunne være bygslerens forpliktelser overfor grunneieren. I folketellingene omtales flere av strandstedene som liggende under en gård. Et eksempel fra 1845: «Strandstederne Norddadden, Guldsmedengen og Strømmen paa Gaarden Hises Grund» (Christiansands stift).

Det synes å være nokså stor enighet om hva et strandsted i hvert fall **ikke** er med hensyn til næringslivet. Man skiller stedstypen fra fiskevær, industristed, verksby – altså steder med et relativt ensidig næringsgrunnlag, i hvert fall opprinnelig.

Det sammensatte næringslivet, og at strandstedet skiller seg sterkt ut fra landsbygda omkring, understrekkes som karakteristisk.

Enkeltfaktorene som nevnes, kan hovedsaklig samles i to grupper; de som mest hører til det førindustrielle strandstedet og de som hører til i det yngre landhandlerstedet (etter ca. 1850):

- Til det første hører strandsitterne, buene og naustene, fiskerne, håndverkerne og leiefolket. Gjestgiver, marked og kirkested er også faktorer som hører til denne epoken.
- Til det andre hører sentrumsfunksjonene; handel, post, bank, mv. Dessuten er rollen som kommunikasjonsknutepunkt, med virksomheter tilknyttet omlasting og utskipning, nå mye viktigere. Håndverk finner fortsatt sted, etter hvert også i form av industri.

De aller fleste beskriver strandstedet som et eldre fenomen. Det blir vanskeligere når vi nærmer oss vår egen tid.

Strandsted skiller fra begrepet **bygdeby**, som oppfattes som et nytt fenomen, både som begrep og stedstype, kanskje også i størrelse. Imidlertid har enkelte strandsteder seinere utviklet seg til bygdebyer under de siste tiårs tettstedsvekst. Som sentrum for sitt omland har nok disse stedstypene mye til felles. Men bygdebyen er orientert mot landtrafikken, ikke mot sjøen, og har derfor helt andre ordnende prinsipper til grunn for lokalisering og utforming.

DET FØRINDUSTRIELLE STRANDSTEDET

Sentralt for de gamle strandstedene er **strandsitterbosetningen**. Denne representerer igjen et bredt spekter av virksomheter, for «strandsitter» forteller bare noe om sosial status, ikke om næringsutøvelse. Strandsitterne drev gjerne håndverk, fra først av som omreisende håndverkere. Mange livnærte seg med fiske, og jordbruk i liten målestokk, på leid grunn.

En stor del av strandsitterne tok sesongarbeid som dagleiere på gardene i distriket. Det var vanlig å kombinere flere leveveger med hverandre, f. eks. fiske og dagleie.

I nær sammenheng med det bondesamfunnet som strandstedet var en del av, nevnes klyngene med buer og naust, som kunne være forløperen for – eller integrert i – strandsittersamfunnet. Disse tilhørte gardene i distriket, og tjente eiernes behov for båtplass, varelager osv. I enkelte tilfeller kjenner en til at buene også kunne ha stall og rom for midlertidig opphold. Dette sier noe om at det av og til kunne være grunn for bøndene til å oppholde seg på strandstedet. Det avhenger av andre faktorer som kunne variere fra strandsted til strandsted: Om det var kirkested, eller markedssted, om reisen fra dalen var for lang til å tas på en dag, osv.

Solvorn i Sogn, et strandsted der den førindustrielle karakteren er meget godt bevart. Strandsitterbosettingen ligger tett samlet ved strandkanten, hovedsaklig som en rekkebebyggelse langs landevegen, parallelt med stranda. Mot sjøsida ligger naustene skulder ved skulder, og på utsiden av disse – dels på tømrede fundament ute i sjøen – ligger sjøbuene. En del av sjøhusene hører til gardene i innlandsbygda Hafslo, noen km unna. Ellers har stedet flere viktige sentrumsdannende elementer: Sorenskrivergården Kristianelyst, gjestgiveriet og skyssstasjonen Walaker, og Solvorn kirke. Her har dessuten vært tverrforbindelse over fjorden til Ornes med Umestavkirke.

(Foto: Walaker gjestegård).

En annen, meget viktig side ved det førindustrielle strandstedet som nevnes av mange var rollen som møtepunkt mellom landverts og sjøverts trafikk. Svært ofte representerte det et omlastingssted som medførte en del aktivitet. Det kunne være utskipning av varer fra distriket, f. eks. trelast, eller havn for varetransporter fra byene til kjøpere i bygdene. Stedet fikk også betydning for gjennomgangstrafikken, i første rekke embetsmenn på reise. I strandstedet ble de tvunget til en stopp. Her skjedde det skysskifte, og det kunne medføre venting. Tidlig ble det etablert gjestgiverier på de strategisk viktigste stedene. Disse kunne inneha begrenset rett til handel, skjenkebevigling mv., og kunne i seg sjøl bli en sentrumsdannende faktor.

Når «øvrighetspersoner» i et svarbrev bringes inn som en faktor i strandstedet, viser dette muligens til




embetsmannsgårder som sorenskrivergårder o. l., som vi kjenner til kunne ligge i nærheten av – men fornemt tilbaketrukket fra – strandstedet. Disse hadde naturligvis interesse av å ligge nær et trafikkknutepunkt.

DET «MODERNE» STRANDSTEDET: LANDHANDLERSTEDET

Flere viktige samfunnsmessige endringer medførte en endring av strandstedenes rolle omkring midten av forrige århundre. Det viktigste var opphevelse av byenes handelsprivilegier. Fra denne tida øker aktiviteten innenfor varehandelen drastisk. Stadig nye vareslag bringes ut til et kjøpelyst publikum på landsbygda, som i overgangen til pengehusholdning hadde økende interesse for kjøpevarer. «Landhandler», seinere også spesialforretninger, fant strand-

stedene attraktive å slå seg ned i. Her hadde man både et etablert marked, både selve tettstedet, bøndene som soget til det, og gjennomgangstrafikken. Det var dessuten direkte «vegforbindelse» med kystbyene og dermed lett tilgang for vareleveranser. De stedene som hadde best forutsetninger for vekst gjennomgikk i løpet av noen få tiår en forvandling fra fattigstrøk til små handelsbyer. Med utviklingen av kommunikasjonsmidlene skjøt utviklingen enda større fart.

På mange måter betyddet ikke den nye tida noe radikalt brudd med fortida. Mange av de funksjoner som stedet hadde hatt, fant fortsatt sted. Håndverkerne ble boende, men etablerte verksteder i strandstedet i stedet for å reise rundt. Nå måtte folk i stedet oppsøke dem. Det ble naturlig når folk likevel måtte dit for å handle. Noen av disse kunne få flere ansatte



Surnadalsøra på Nordmøre oppstod som tettsted først med urbaniseringsbølgen fra midten av 1800-tallet, og hører til den yngre, mer moderne strandstedstypen. Vareomsetning og transport ble nå en hovedsak, og for Surnadalsøra ble utskipning av trevarer en nøkkelvirksomhet. Seinere fikk stedene en stadig tydeligere karakter av produksjonssted. Bebyggelsen preges av forretningslokaler og større pakhus. (Udatert). (Surnadal kommunes fotoarkiv).

og etter hvert ta form av småindustri. – En del av de som startet med handel i strandstedet var også tidligere husmenn og strandsittere. Slik sett var det trolig ikke noen sosial utskifting som skjedde, men befolkningen fikk ved skiftet en høyere sosial status.

Strandstedenes nye ansikt var preget av sjørelatert bebyggelse av annen størrelse og form enn de gamle naustene. Havnefunksjonen ble viktigere enn før, det var om å gjøre å plassere seg gunstig for lasting og lossing, men samtidig med en god beliggenhet for å trekke kunder. Det første medførte en fortetning langs sjøkanten. Elveoser kunne være gode og attraktive havner, dette kjenner vi mange eksempler på. Kontakten med kundene kunne ivaretas langs ei parallel gate på baksiden av sjøhusene. Dette mønsteret var mange steder allerede etablert. – Når det gjelder bygningsmiljøet viste det seg dermed at den allerede eksisterende «byplanen» i strandstedet kunne ta imot og tilpasse seg den nye aktiviteten på en grei måte. Nytt var først og fremst dimensjonen på det som kom til, samt en del nye bygningstyper. Seinere skjedde ofte fortsatt vekst ut fra det gamle kjerneområdet, men fortsatt kan vi finne grunnmønsteret i det gamle strandstedet i mange tilsynelatende moderne tettsteder.

STRANDSTEDER I DAG

Bygningsmiljøet i strandstedene har gjennomgått sin hittil største og mest gjennomgripende endringsfase i løpet av etterkrigstida, og særlig de siste 30 år. Avhengig av beliggenhet og andre faktorer har en av følgende utviklinger skjedd:

- Noen strandsteder beholdt sin rolle og delvis også sitt bygningsmiljø helt opp i 1970-åra. Dette gjelder mest de som lå litt avsides til i forhold til viktige veger på landjorda. Disse samme stedene er i

dag mest utsatt for avfolkning og utflytting av virksomhet, i takt med at sjøen har mistet sin rolle som trafikkåre. Her kan imidlertid bygningsmiljøet være nokså lite endret.

- I noen strandsteder fikk ett eller flere av de gryende industriforetakene etter hvert en helt overordnet rolle, og stedet ble etter hvert fullstendig preget av dette som et ensidig industristed.
- For et flertall av strandstedene kan en si at de har beholdt sin posisjon som handelssentrums, men bygningsmiljøet er sterkt påvirket, kanskje fullstendig endret, av overgangen fra sjø- til landbasert trafikk. Store gjennomgangsveger har tildels utslettet den gamle bebyggelsen. mange steder er vegen lagt i strandkanten på utsida av brygge- og naustrekken og dermed gjort disse meningsløse. Dagens handel foregår mest i store sentra utenfor selve tettstedet, der hensyn til parking og biladkomst er viktigste lokaliserings- og formingsfaktor. Disse stedene kan like gjerne ligge inne i landet som ved sjøen.

NÅTIDIG BRUK AV STRANDSTEDS-BEGREPET ET KSEMPEL

I NAFs vegbok benyttes strandsts-begrepet sammen med mange andre tettstedsbenevnelser, tilsynelatende uten noe spesielt system. Dette kan være en indikator på hvordan begrepet oppfattes av folk flest i dag. Andre stedsbetegnelser som benyttes er bl. a.: Bygdeby, adm.sentrums, gren, tettgren, vegdele, ferjestested, bygdesentrums, kirkesteds, industristeds, fiskerihavn, fiskevær, handelssted, stasjonsby. Strandsted opptrer delvis i kombinasjon med andre, f. eks. strandsted/administrasjonssentrums.

Det er vanskelig å se hva denne klassifiseringen går ut på, for de steder som benevnes strandsted kan

ha opp til 3700 innbyggere (Sogndal), og tilsynelatende ha lite til felles med stedene i fjorddistrikte ne (kyst- og øysteder som Måløy og Sistranda på Frøya nevnes). Typiske strandsteder som Vikøyri, Surnadalsøra og Orkdalsøra har andre benevnelser. Ellers kan det se ut som strandsted brukes mest om mindre steder i bukter og fjordbotner med et slags «gammelt» preg, men jeg synes ellers at boka illustrerer tydelig den uklarhet som herker omkring bruken av begrepet strandsted i vår tid.

OPPSUMMERING

Begrepet strandsted er, før som nå, brukt svært romslig om «et sted ved stranda». Topografisk ligger de fleste strandsteder i fjordområdene, vanligvis ikke i de ytterste strøk. Her finnes det likevel unntak. Begrepet brukes ikke om steder ved ferskvatn.

Bruk av begrepet er kjent over hele landet, men dets funksjonelle innhold har skiftet noe over tid:

Før ca. 1850:

Bruken av begrepet kan spores tilbake til tidlig 1800-tall, men kan være eldre. Det brukes trolig først i offisielle sammenhenger.

Begrepet ser ut til å ha vært brukt nesten synonymt med «strandsittersted», som klarere definerer stedets sosiale profil.

Eldre folketellinger bruker uttrykket nærmest som en samlebetegnelse for tettsteder som ikke har oppstått som følge av en enkelt årsak (sentral arbeidsplass, naturressurs). Et sammensatt næringsliv er dermed underforstått.

Ca. 1850–1950:

Med industrialismen og handelsfridommen i midten

av 1800-tallet skjer en tettstedsvekst som dels medfører videreutvikling av de eksisterende tettstedene, dels etablering av nye. «Strandsted» brukes fremdeles av kildene, nå om steder med noe annet innhold: Med handel og transportvirksomhet som det sentrale.

Etter ca. 1950:

Med vår tids tettvekst gjennomgår tettstedene en ny forvandling, hvor overgangen fra sjø- til landtransport er den mest gjennomgripende endringen. Den kan i enkelte tilfeller rive eksistensgrunnlaget unna for tettstedsdannelsen. For andre betyr det en total omstrukturering – stedene vender sjøen ryggen. Næringsmessig beholder mange steder imidlertid sin rolle som handelssentrums.

Vår tids bruk av begrepet:

Begrepet strandsted er etter hvert gått inn i dagligalen i de fleste deler av landet, men for mange er det også et ukjent og litterært begrep. Spørreundersøkelsen gir inntrykk av at det finnes en felles grunnoppfatning av hva slags type sted det dreier seg om.

De fleste forbinder begrepet med et eldre, ikke moderne, tettsted. Det kan se ut som det mer moderne begrepet «bygdeby» har overtatt på steder der forandringene har vært gjennomgripende i vår tid.

ER BEGREPET NYTTIG I TETTSTEDSFORSKNING?

For metodisk bruk kan det umiddelbart se ut som om begrepet strandsted er problematisk. Det har ikke, som begrepene by og ladested, en juridisk-administrativ definisjon. Det må derfor defineres ut fra forhold som næringssammensetning, topografisk karak-

ter m.m. Fordi noen av disse har endret seg over tid, er det fare for mistolkninger. Undersøkelsen har likevel gitt grunnlag for noen ganske grove kriterier som stort sett alle steder som blir (eller ble) kalt strandsteder oppfyller. Disse er:

- *Eldre type tettsted, evt, kjerne i nytt tettsted*
- *Beliggenhet ved saltvann, fortrinnsvis i fjordstrøk*
- *Knutepunkt, senter for omland*
- *Havnefunksjonen sentral (omlasting og/eller båtopptrekk)*
- *Sammensatt næringsgrunnlag (handel/produksjon viktig)*
- *Ikke jordbruk som hovednæring*
- *Beboelse, ikke bare næringsbygg*

Antakelig vil det ikke være riktig å prøve på noen mer detaljert definisjon. Det vil kunne gi kunstige uttelater fordi enkeltkriterier mangler. (Sier man f. eks. at det må være kirkested, eller at det må ligge ved utløpet av en dal, har en straks ekskludert en rekke klare eksempler).

For metodisk bruk mener jeg etter dette at begrepet må kunne brukes, så sant en tillater det å ha denne nokså vidtfavnende betydningen. En innledende begrepsavklaring, hvor en redegjør for hva en legger i dette (og andre) benyttede betegnelser, vil kunne rydde av vegen eventuelle misforståelser. Spesielt er det viktig å klargjøre at begrepet har hatt en innholdsmessig utvikling over tid. Gjør man dette, tror jeg fortsatt at begrepet er dekkende og nyttig som betegnelse på en karakteristisk norsk bebyggelsesform.

Eir Grytli (40) er sivilarkitekt og dr. ing frå Institutt for arkitekturhistorie, NTH 1993, med avhandlinga «Strandstedet Surnadalsøra 1850–1980. En bygnings- og bebyggelseshistorisk analyse av et strandsted på Nordmøre». Ho er nå tilsett som forskar i SINTEF Arkitektur og byggeskikk, med ansvar for forskningsområdet bygnings- og kulturminnevern.

Hjelmelandsvågen år 1900

– kva levde folket av?

AV JAN OMMUNDSEN

Folketeljingane kan gi oss god kunnskap om yrkes- og arbeidslivet på ein stad, sjølv om ein skal behandle materialet med ei viss varsemd. Det var nok enda meir vanleg før at folk kombinerte fleire ulike jobbar for å få til levemåten, og det kjem lite fram i folketeljingsmaterialet. Jan Ommundsen har i alle fall latt seg fascinere av yrkesoppgåvene frå Hjelmelandsvågen, og gjer her greie for det mangfaldet av yrke som fanst på ein strandstad i år 1900.

I folketeljinga frå desember 1900 kom det fram eit variert arbeids- og yrkesliv der ca. 40 ulike yrke var representerte. Mange av desse yrka er imedan innhenta av utviklinga, som det heiter, og er borte, i alle fall i Vågen.

Dersom vi ser litt nærmare på dette arbeids- eller næringslivet, finn vi at husmødrene var i fleirtal, men på den tida vart vel dette yrket knapt nok rekna som eit yrke for seg.

Av yrke som i dag er borte, kan vi nemna fargarmeister og fgarsvein. Fargeriet låg nord i Vågen på Stav sin eigedom, men bygningen er borte nå.

Seks personar står oppførte som jekteførarar – eit viktig yrke når ein tenkjer på alle produkta som skulle fraktast til Stavanger eller andre stader, og varer som skulle frå byen og innover bygdene.

Skomakarykret ga arbeid til heile ni personar. To var skomakarmeistarar, tre var sveinar og fire var lærlingar. Sjølv om mange gjekk på tresko til kvardags, så måtte

dei ha seg «søndagssko» og støvlar. Desse fekk dei så arbeide for hand etter mål.

I Vågen var det og skreddar som tok seg av kleda til mannfolka. Tre personar livberga seg med å sy dressar og andre klede, for eksempel den buksa som vart kalla for «søndagsbukse».

I år 1900 sveiv spinneriet og her hadde fleire i Vågen sitt faste arbeid. På yrkeslista finn vi difor både spinne-meister og spinneriarbeidarar. Sjølv om tidene skifta så hadde mange arbeidet sitt her opp gjennom dei ca. 40 åra som bedrifta sveiv. Arbeidet her var imedan ikkje ufarleg, og mange fekk den såkalla spinnerisykja.

To personar står oppførte med yrkestittelen stampar – eit yrke som er borte for lenge sidan. Sjølve stampa stod oppe ved Einervollsbrua, og utnytta vatnet frå elva der. I den travlaste sesongen sveiv stampa både dag og natt og stamparane gjekk på skift.


Fleire kvinner var syersker, eit yrke som har halde seg heilt opp til våre dagar her i Vågen. Her kunne

kvinner få sy seg kjolar etter mål, eller menn kunne få sy seg bukser, då helst på den måten at dei leverte inn ei gamal bukse som sydama kunne måle etter.

Åtte familiar fører opp at dei har tenestejenter. Det var nok i første rekke gardsbruksoppe på Sæbø som

hadde tenestejente, men og nokre familiar ned i Vågen hadde råd til det.

Veing er eit tradisjonsrikt yrke som har halde seg heilt opp til våre dagar. Fem kvinner står oppførte med dette yrket, då gjerne kombinert med spinning.



Parti frå Vågen 1920. Den tette busetnaden i Hjelmelandsvågen kunne romme mange ulike yrke og gjeremål. Dette er noe av kjenneteiknet på strandstaden. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

YRKESLISTA

Det vil føre for langt å ta føre seg alle yrka, men lista fortel oss at folket som budde her hadde kunnskapar om mangt, og var difor viktige innafor det vi i dag ville kalla for serviseytande tenester.

Nedanfor følgjer lista over yrke etter folketeljinga i 1900:

Bakar	2
Bankkasserar	1
Dagsarbeidar	6
Dampskipsekspeditør	1
Fargemeister	1
Fargersvein	1
Fiskar	9
Frukthandlar	1
Gardbrukar	6
Gardsarbeidar	1
Garvar	1
Handelsbetjent	1
Handelsmann	2
Husmor	39
Hönseri	1
Jekteførar	6
Jordarbeidar	1
Kommunekasserar	1
Kyrkjetenar	1

Lensmann	1
Lærar	1
Murar	2
Rentenist	1
Romutleige	1
Sagmeister	1
Sjømann	2
Skomakarlærling	4
Skomakarmeister	2
Skomakarsvein	3
Skreddar	2
Skreddarmeister	1
Snekkermeister	1
Spinning	1
Spinnemeister	1
Spinneriarbeidar	4
Stampar	2
Strikking	3
Strykeri	1
Syerske	4
Tenestejente	8
Vaskekone	2
Veving	5

Jan Ommundsen (62) er likningskonsulent i Hjelmeland. Han har tidlegare sitte i styret for Ryfylkemuseet. Yrkesslista for Hjelme-landsvågen i 1900 har han fått i hende gjennom dotter si, Elisabet, som skrev ei særøppgåve i norsk om emnet

Glanstida

– strandstader i Ryfylke 1800–1940

AV TRYGVE BRANDAL

Denne artikkelen skal handle om glanstida til strandstadene, frå 1800-talet gjennom mellomkrigstida til andre verdskriga. Eg skal særleg ta for meg dei tre strandstadene Sand, Jelsa og Hjelmelandsvågen. Men eg finn det nødvendig å starte med ei drøfting av kva ein strandstad er.

Kva er det vi meiner når vi brukar ordet strandstad? Kva er ein strandstad? Den enkle definisjonen eg vil bruke her, er at ein strandstad er ein sjølgrodd tettstad ved sjøen.

Med sjølgrodd meiner eg at at han har vaks fram ut frå lokale behov og i eit samspel mellom tettstad og omland, eit samspel knytta til kommunikasjonar, transport, handel og tenesteyting. Ut frå dette vil det



Ein strandstad er ein sjølgrodd tettstad ved sjøen, slår Trygve Brandal fast i denne artikkelen. Hjelmelandsvågen er ein av dei større strandstadene i Ryfylke. Slik såg det ut før storflaumen i 1940 tok med seg ein stor del av sentrumsbusetnaden. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

ikkje vere treffande å kalle Jørpeland og Sauda for strandstader, sjøl om dei er dei største tettstadene i Ryfylke. Desse er ikkje sjølgrodde, men voks fort fram etter at ei stor industribedrift, eit smelteverk, vart planta der tidleg i dette hundreåret.

Og ein strandstad skal vere ein tettstad med ein viss konsentrasjon av hus og busetnad, forretningar og kontor. Då vil bygder som Fister eller Fistervågen og Melsosen, det gamle senteret ved sjøen i Årdal, vere for små og for lite konsentrerte til å gå inn under strandstadomgrepet. Men Jelsa, Hjelmelandsvågen og Sand blir strandstader, likeeins Vikedal og Nedstrand.

Kvifor vaks strandstadene fram der dei kom? Her ligg det alltid eit samspel av faktorar bak, men eg vil særleg trekke fram to, geografien og samspelet med omlandet.

Det seier seg mest sjøl at den geografiske plaseringa var viktig. Garden Sand her lege sentralt til i indre Ryfylke. Sandsfjorden, Saudafjorden, Hylsfjorden og Lovrafjorden møtest utanfor Sand. Og det er kort veg over fjorden og berre nokre hundre meter over det låge Ropeidet til Vindafjorden. Dessutan endar det lange Suldalsdalføret med den vassrike Lågen på Sand. Også Jelsa og Hjelmelandsvågen har gunstig plassering for sjøverts kommunikasjon, der dei ligg ved kryssingspunktet for fleire fjordarmar.

Det måtte vere eit samspel mellom strandstad og omland. Strandstaden vart eit sentrum, ein stad som folk reiste til i ulike ærend. Alle tre strandstadene våre er kyrkjestedar. Og dei fekk gjestgjevarar, handelsmenn og handverkarar av ulike slag, handverkarar som omlandet nyttar seg av. «Grunnet Sands Beliggenhed med dets store Opland haver Stedet Muligheder for at blive en By paa Chicagos Størrelse», skreiv ein amtskulelev i stilten sin ein gong i

1880-åra. Læraren kommenterte lakonisk under: «Herre, jeg tror. Hjælp min Vantrø.»

Om ikkje ambisjonane plent var amerikanske, er det klart at der var eit samspel mellom strandstaden og omlandet, t.d. mellom Sand og gardane rundt. Strandstaden kjøpte det meste av det bygdene produserete og leverte det meste av det bygdefolket trong. Sand fekk meieri, slakteri og dampssag til å foredle råvarer frå gardane, og det kom turistar som ville ha hesteskyss. Strandstaden gav bygdene mulighet til ei positiv utvikling, samstundes som strandstaden sjøl fann vekstvilkår med grunnlag i landbruket.

TRE ULIKE STRANDSTADER

Sand, Jelsa og Hjelmelandsvågen har ikkje hatt noko identisk utvikling gjennom 1800-talet og inn på 1900-talet. Det var i denne tida desse strandstadene hadde si glanstid. Dei vokste frå små hussamlingar til tettstader på fleire hundre innbyggjarar og dobla sitt folketal fleire gongar. Veksten skuldast hovudsakleg ei oppblomstring i næringslivet, særleg knytta til handverk og handel, delvis og industri. Med veksten følgde ei styrking av statusen som maktsentrum i kommunen.

I Hjelmeland veksle tre vågarar om ordførarvervet mellom 1890 og 1907. Det var landhandlar Daniel Halvorsen, spinnemester Hans Olsen og landhandlar Lorents Østensen. Berre to andre vågarar hadde hatt vervet før. Det var brørne Peder og Ole Thorsen, som var ordførarar i 1850-åra. Etter 1907 har ingen frå Vågen vore ordførar. Vi veit at personlege eigenskapar er viktige for kven som blir ordførar, og vi skal ikkje trekke dette for langt. Men kanskje stod strandstaden Hjelmelandsvågen på høgda av si makt rundt 1900?

Korleis var så situasjonen for dei tre strandstadene

«våre» ved inngangen til 1800-talet? Jelsa og Sand var jamstore strandstader, Hjelmelandsvågen var enno berre nokre få hus. Sokneprest Knudsen opererte med «Strandstedet Sandsland» og «Strandstedet Jelsa» i folketeljingslista for Jelsa prestegjeld i 1801. Strandsitjarane i Hjelmelandsvågen står derimot berre oppførde under garden Sæbø. Det var 133 som budde på Sand i 1801, 120 på Jelsa og berre 30 i Hjelmelandsvågen.

Jelsa og Sand hadde ein temmeleg lik næringsstruktur. Her var handverkarar – skomakarar, smed, på Jelsa også gullsmed, snikkar, båtbyggjarar på Jelsa, murmester og målar. Av privilegerte gjestgevarar var det to på Sand og ein på Jelsa. Men Sand hadde ei sterkare maritim orientering enn Jelsa. Her var ikkje mindre enn 12 fartyfolk eller jekteskipperar, ein som var både skipper og skreddar, og ein skipper


og sagmester. Og begge strandstadene hadde nokre som livnærte seg som dagleigarar eller lausarbeidarar, som gjekk på arbeid rundt om på gardane eller andre stader der det kunne trengast ein arbeidsmann.

Mot dei vel 30 husstandane på Jelsa og på Sand vart det smått i Hjelmelandsvågen, med sine 6 husstandar og 30 innbyggjarar. Men her og var det ein gjestgevar, ein smed, ein tømmermann, ein fiskar og ein skomakar.

Sand var den største strandstaden i 1801, og denne leiinga skulle dei styrka framover. Utviklinga i folketalet fram til 1875 var slik:

	1801	1875
Sand	133	757
Jelsa	120	175
Hjelmelandsvågen	30	257

Sand vart eit handverkar-sentrum i Ryfylke, og den største av alle strandstädene. Dei fleste som slo seg ned her, kom frå det nærmeste omlandet. Dei kunne ta stovene med seg og setja dei opp ved sjøen eller oppi bakkane. Det var få restriksjonar på bygginga. Slik vart strandstaden som ein viltveksande organisme, der husa stod nokså usystematisk om kvarandre. Foto: Archer, frå arkivet til Ryfylkemuseet.



Fram til 1875 meir enn femdobla Sand sitt folketal. Hjelmelandsvågen var no komen opp i 257, ei åtte-dobling på tre kvart hundreår. Jelsa strandstad hadde hatt den svakaste veksten, og var i 1875 den minste av dei tre med 175 innbyggjarar.

SAND

Ein del av veksten på Sand hadde rot i omsetning av produkt frå primærnæringane. Framleis var Sand-slandet ein sentral stad i tømmeromsetninga. Jærbuar gjorde ferder innover på tømmerkjøp utanom den handelen som gjekk føre seg med farty frå Sand. Silda viste seg igjen ved Karøy i 1808 etter å ha vore borte sidan 1770. Mange rike sildeår følgde, og dette skapte ein sterk trøng for arbeidskraft både direkte i fisket og i bøkring. Stav skulle skjerast, band skaffast fram, tønner bøkrast. Jektene, som var bygde for fraktfart, vart forsynte med koyer i romet og brukte til losjifarty for fiskarane ved feltet. Men det var den nye næringa skipsbygging som skulle bli hovudnæringa på Sand ei tid framover.

Opphevinga av den engelske Navigation Act i 1849 skulle få stor betydning for strandstaden langt inne i fjorden. Varer innan det store britiske imperiet trøng ikkje lenger fraktast på engelsk kjøl. Dermed kunne Norge kasta seg inn i konkurransen på den internasjonale fraktmarknaden. Norsk skipsfart hadde si største oppgangstid, og etterspurnaden etter tonnasje var sterkt aukande. Dei etablerte skipsverfta, med tyngdpunkt på Sørlandet, gjekk for fullt, men makta ikkje å forsyne interesserte kjøparar med farty. Det vaks fram nye vervar og beddingar langs kysten, og også inne i Ryfylkefjordane. På Sand kom det tre vervar. Den første som var i drift, var R & T Rasmussen sin verv, som i alle fall var i full gang i 1857. Kort tid etter Tonningverven og Hylav-

erven i sving. I tillegg vart det bygt farty både hos Nils Eide på Eide og Ingemund Ås på Åsklubben.

Ny kjølar vart strekte på beddingane, og etter nokre månaders byggetid var det klart for sjøsetting. Det vart bygt mange farty på Sand i desse åra. Vi har dokumentasjon for rundt 50, men det var nok ein heil del fleire. Skutene var ikkje tinga då bygginga starta; dei vart bygde «på spekulasjon», for verftseigarane si eiga rekning. Men tidene var så gode at dei fann interesserte kjøparar straks dei var ferdige.

Kva vervane betydde for lokalsamfunnet får vi eit innblikk i når vi høyrer om sjøsetting av barken Thirza frå Thomas Tonning sin verv i januar 1875. Skulane hadde fri, og mykje folk var samla rundt beddingen. Det blei delt ut gåver for godt utført arbeid til dei som hadde hatt med bygging av skipet å gjera. Byggmester og konstruktør Knud Nielsen, sørlandingsbusett på Sand, var den første som var framme. Vi veit ikkje kva han fekk. Men vervarane, arbeidsfolket, fekk kvar si bankbok med eit innskot på ein spesidalar i Sand Herreds Sparebank. Ein dalar svarte til to dagløner. Det var om lag 30 vervarar som fekk bankbok. Thirza vart overteken av C.B. Svendsen i Stavanger saman med andre parthavarar, og skuta gjekk inn i Ostindiafarten.

Det var stavangerreiarar som kjøpte dei fleste skipa frå vervane på Sand. Men folk frå strandstaden var ofte parthavarar i fartya.

Alt dette skapte liv og røre på Sandslandet. Folk flytte frå omkringliggjande bygder og dette førte til nye behov. Sand fekk anløp av hjulbåten «Ryfylke» og vart poststad i 1855. Sand Sparekasse kom i gang same året. I 1858 kom det distriktslækjar, som endå til kunne flytte inn i ny, stor lækjarbustad. Og biblioteket kom i gang i 1860.

Samstundes rauk det frå omnane i Lavika. Her frå kom panner som hamna på hustaka på Sand. «Sandspannene» vart også skipa ut frå Verketsbryggja nedanom Osbakken. Dei tok vegen mange stader i indre Ryfylke. Og det blir også fortalt at dei blei eksporterte til Østersjølanda med jekter.

Den eine verksemda drog den andre med seg. Behovet for større vareutval auka, og handelen på sjølve strandstaden og med bygdene omkring var aukande. Jekteskipperane sytte for transport for dei varer som ikkje gjekk over dampskipsekspedisjonen. Jektefarten var mykje fjordafart og reiser til Stavanger og Bergen. Men det var heller ikkje uvanleg med laster til Østersjøen og andre nordeuropeiske hamner.

Sand vart eit handverkarsentrum i Ryfylke. Her var ikkje berre snikkerar og (skip-)tømmermenn, men også fargar, hattemakar, garvar, blokkedreiar, skipssmed og treskjerar. Dei fleste som slo seg ned her, kom frå det nærmeste omlandet. Dei kunne ta stovene med seg og setja dei opp ved sjøen eller oppe i bakkane. Andre bygde husa sjøle eller leigde tømrarar til arbeidet. Det var få restriksjonar på bygginga. Slik vart strandstaden som ein viltveksande organisme, der husa stod nokså usystematisk om kvarandre.

Dette blei det ein brå slutt på natta til den 28. mars 1879. Då braut storbrannen ut som la mesteparten av staden i oske. Ikkje mindre enn 66 våningshus og 24 sjøhus strauk med. Dessutan gjekk tre skip på stabelen opp i flammar så berre boltar og jernkne låg igjen.

På denne tida var også seglskipsfarten komen i krise. Reiarar gjekk konkurs, etterspurnaden etter ny segltonnasje tørka heilt inn, og vervane som hadde bygt slike båtar vart utan oppdrag.

Strandstaden hadde brunne, og hovudnæringa skrumpa kraftig inn. Dette skulle vi tru måtte bli ein katastrofe for Sand som vanskeleg var til å vinna over. Men gjenreisinga kom straks i gang, og det vart bygt «bedre og smukkere Huse» enn før. Dette skulle likevel tyda på at det fanst ei betydeleg økonomisk evne på staden. Dei nye husa blei bygde etter utarbeidde reguleringsplanar, og gata fekk eit rett løp som ho ikkje hadde hatt tidlegare.

Eit hardt slag for mange må det likevel ha vore. Mange hadde ikkje forsikra husa sine og lei store økonomiske tap. Arbeidsløyse førte til fråflytting og nedgang i folketallet. Dessutan var forretninglivet på Sand filtra inn i den internasjonale økonomien gjennom stavangerreiarar og lokale parteigarar. Strandstaden blei såleis i ein viss mon trekt med i dragsuget av krisa ute i verda.

Men noko økonomisk samanbrot var det ikkje tale om. Aktiviteten var stigande igjen; i 1890-åra skal det ha vore heile 21 handelsmenn på Sand. Og talet på handverkarar var framleis høgt, særleg hustømmermenn. Telefon- og telegrafstasjonen opna i 1891.

Tømmermennene skulle få meir arbeid framover. Strandstaden brann for andre gong den 18. februar 1892. Denne brannen var likevel ikkje så omfattande som den første 13 år før. 20 våningshus og 15 sjøhus gjekk opp i røyk.

Trass i to storbrannar var ikkje trua på framtidia knekt. Endå større hus enn dei førre blei sette opp, og her kom eit hotell i sveitserstil. Handel og andre næringar var snart på føte igjen, optimismen rådde. Etter 1900 fekk Sand apotek i 1906, meieri i 1909 og kraftstasjon i 1916. Sand vart eit lite skulesenter – her kom kommunal middelskule i 1913, folkehøgskule i 1914 og arbeidsskule i 1922.

JELSA

Den sterke veksten på Sand hadde sitt motstykke på Jelsa. Her var det 120 innbyggjarar i 1801, 173 i 1855, 175 i 1875. Handverk, handel og jektefart var hovudbjelkane i næringslivet. Handelsstaden Bjergsted er frå 1700-talet. Jelsa hadde ein sentrumsfunksjon i distriktet fordi det var tingstad for Jelsa, Hjelmeland, Suldal og Sauda skipreider.


Fjordabåtane byrja å gå, vart Jelsa eit trafikk-knutepunkt. Rutene til Vikedal, Sandeid og Sand, Sauda, Hylen var begge innom Jelsa og korresponderde med kvarandre der.

Lenge måtte rutebåtane bordast. Skikkeleg kai kom ikkje før i 1904. Det uvanlege ved denne kaien var at det var Det Stavangerske Dampskipsselskap som stod for bygginga og betalte kaien. Det var ein lang trekai, ein pir, der båtane kunne leggje til på

begge sider. Dette var praktisk fordi rutebåtane ofte korresponderde på Jelsa. Folk og varer kunne då enkelt gå og fraktast frå den eine båten til den andre. Trekkaien er nyleg restaurert.

Strandstaden Jelsa stagnerte utover på 1900-talet, og Jelsa miste sin sentrale posisjon som trafikk-knutepunkt. Den gamle kaien vart upraktisk under bilismen; det kunne ikkje køyrast på han med bil.

I dag framstår strandstadmiljøet kring den gamle trekkaien på Jelsa som det tettstadmiljøet i Ryfylke som er best teke vare på. Grunnen er nok mykje den at Jelsa strandstad opplevde stagnasjon. Difor blei ikkje gamle bygningar rivne og erstatta med meir moderne bygg like lett som på andre strandstader, t.d. Sand og Hjelmelandsvågen.



Jelsa hadde ein sentrumsfunksjon i distriktet fordi det var tingstad for Jelsa, Hjelmeland, Suldal og Sauda skipreider. På bildet er det den gamle handelsstaden Bjergsted frå 1700-talet som er det dominerande huset. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

HJELMELANDSVÅGEN

Solensteen gjestgjeveri låg i Hjelmelandsvågen. Det var i drift frå byrjinga av 1700-talet. Den første tida vart det drive av militære kapteinar som budde i Vågen og var sjefar for det ryfylkske kompani.

Her var og eit koparverk i drift ein kort periode i 1760-åra. Det heitte «Enighedens Kobber Verk». Det var smeltehytta som låg i Vågen, malmen vart broten i Forsand og Vats, og ved til å fyra med måtte og fraktast til. Koparverket var Ryfylkes første industriføretak, og det hadde ein interkommunal karakter.


Strandstaden opplevde sterk vekst i første halvdel av 1800-talet. Staden voks frå 30 til kring 250 innbyggjarar mellom 1800 og 1850. Men så stogga veksten opp; folketalet heldt seg på dette nivået lenge framover. Lokalkjende skil mellom to område innanfor det vi her kallar Hjelmelandsvågen. Det er sjølve Vågen, området

frå elva til Hauaberget. Og det er Nordbygda nordanom Hauaberget.

Også i Hjelmelandsvågen var handel og handverk viktige levevegar. Landhandlarar vart her fleire av; kring 1900 var det fire som handla. Her kom fargeri, her var ein garvar og fleire smedar, og spesielt mange skomakrar. Og her kom meir industrielle tiltak. Hjelmeland Uldspinderi vart starta i 1874, om lag samtidig som spinneria i Vats og på Ålgård. Men det var på Ålgård ullvareindustrien vart ei stor næring. Spinneriet på Hjelmeland vart drive i moderat målestokk fram til forbi 1900, men utan at drifta «tok av» og utvikla seg vidare.

Mange forsøgjarar i Vågen er berre kalla strandsitjarar i folketeljingslistene. Dei levnaerte seg så godt dei kunne i det lokale næringslivet. Mange av dei dreiv aktivt fiske som næring gjennom store delar av året og levde nok mest av det. Dessutan betydde fisket til eige

Også i Hjelmelandsvågen var handel og handverk viktige levevegar. Her kom fargeri, her var ein garvar og fleire smedar, og spesielt mange skomakrar. Og her kom meir industrielle tiltak. Hjelmeland Uldspinderi vart starta i 1874. Meieriet, som er i framgrunnen på bildet, blei bygt i 1905. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.



Parti fra Hjelmeland Ryfylke.

hushald mykje for alle i Vågen. Somme dreiv også med jekter i fjordfart, andre kunne ta seg arbeid som dagleigarar rundt om. Ikkje så få kombinerte fiske, fraktfart og dagarbeid gjennom året. Lensmannen budde i Vågen, og kyrkja stod her til ny vart bygd på prestegarden sin grunn på andre sida av elva i 1858.

Vågen sin eksistens og innbyggjarane sin leveveg var bygt på eit samspel med omlandet, med resten av kommunen. Handverkarane sine oppdrag kom for det meste frå gardane rundt om i distriktet. Det galdt både fargaren, garvaren, sagmesteren, smedane og skomakarane. Landhandlarane forsynte både vågarane og folk kring om med varer, og dei kjøpte også opp varer frå dei, så som fugl, fisk, skinn og vadmål, og selde det vidare. Vågen fungerte som kommunesenter, kyrkjested, handelsplass, rutebåtstoppestad og tilhaldsstad for ganske variert næringsdrift. Her kom fleire små jærstolfabrikantar i mellomkrigstida. Spinneridrifta vart lagt ned, og bygningen omgjort til hermetikkfabrikk under første verdskrig.

Mykje av den gamle Vågen vart rasert under flaumen i 1940, natta til den 26. november. Det hadde vore stor nedbør, og folk høyrd at elva gjekk meir buldrande enn vanleg. Ut på natta begynte elvevatnet å grave seg inn i massene langs elva, og før natta var omme, var 14 hus undergrovne og sopte på sjøen. Det var fem bustadhús og fem sjøhus, to lagerhus, meieribygningen og det 100 år gamle bedehuset. Flaumen sette eit tidsskilje; ein stor del av den gamle Vågen var borte for alltid.

I etterkrigsåra opplevde vågasamfunnet ein jammn tilbakegang. I dei eldre og små husa vart gjennomsnittsalderen på bebuarane høgare og høgare. Etter kvart som mange eldre fall frå, vart husa overtekne av etterkomarane, som ikkje bur her fast, men brukar staden til ferieplass. I vinterhalvåret er difor svært mange hus i Vågen tote og mørklagde.

AVSLUTNING

I dag er det Sand som har sterkest posisjon av dei tre strandstadene vi har teke for oss.

Jelsa ligg der som ei fint bevart perle, men utan særleg dynamisk funksjon. Hjelmelandsvågen er kommunesenter i Hjelmeland, men senteret har sprengd grensene for den gamle Vågen. Fleire nye offentlege bygg har kome på prestegarden sin grunn, på den andre sida av elva. Ferjeleiet på Sande kom i 1990, og med tida vil gjerne fleire sentrumsfunksjonar flyttast ut der. I Vågen er det få fastbuande og mange vintertome hus. Sand har vel og sprengd grensene for den gamle strandstaden med plassering av fleire større bygg på Eide og på Gardaneset. Men strandstaden her var rommelegare enn både Hjelmelandsvågen og Jelsa, og han har makta å halde på mykje av sin gamle funksjon som eit tett regionalt senter.

Trygve Brandal (42) er cand. philol. med hovudfag i historie. Han er tilsett som bygdebokforsattar i Hjelmeland kommune, og held på med siste bandet av bydesoga. Tidlegare har han gjort seg ferdig med 3 band gards- og slektsøge og 1 band bygdesoge. Han var og medforfattar i jubileumsboka til SR-bank, som kom i 1989 under tittelen «Penger spart – Penger tjent». Trygve Brandal er elles gardbrukar på Eiane og nestleiar i styret for Ryfylkemuseet.

LITTERATUR:

- Trygve Brandal: «Seglskip, brisling og tomat» i H.W. Nordvik, G.Nerheim, T. Brandal: Penger spart penger tjent. Sparebanker og økonomisk utvikling på Sør-Vestlandet fra 1839 til 1989. Utg. av SR-BANK, Stavanger 1989, s. 219-264.
Trygve Brandal: Hjelmeland. Bygdesoge 2, 1800-1990. Otta 1994.
Ola Foldøy: Suldal kultursøge. Jelsa II. Bergen 1981.
Roy Høibo: Soga om Sand. Stavanger 1993.
Gaut Berge Nilsen: «Nordenden verd å vema.» FOLK i Ryfylke 2/1984 s. 47-88.
Gaut Berge Nilsen: «Arkitektur og byggeskikk på Jelsa.» FOLK i Ryfylke 1/1985 s. 53-69.
Njål Tjeltveit: Hjelmelandsvågen. Ein strandstad i Ryfylke. Stavanger 1986.
Njål Tjeltveit: Bygda sitt hjarte. Båtstoppestader i Ryfylke. Stavanger 1993.
Njål Tjeltveit: «Strandstader i Ryfylke». Ætt og Heim 1993 s. 111-134.

Sentrum i periferien

– strandstaden som dynamisk element i bygdeutviklinga

AV ROY HØIBO


Skipsbryggjarar, føregangskvinner og hotellbyggjarar har til ulike tider sett sitt preg på utviklinga av strandstaden Sand. Og det meste som har skjedd er blitt sett på som positivt og framtidsretta. Initiativet har blomstra og strandstaden har skapt arbeidsplassar både for sine eigne og for andre. I det siste har nye grupper meldt seg inn i debatten, og stilt spørsmål ved om alt nytt er godt nytt. Det gir debatten om bygdeutviklinga eit nytt perspektiv.

Eg har brukt ordet «dynamisk» i tittelen på innlegget mitt. Dynamisk betyr noe som er i rørsle, eller som har drivande kraft. Dynamikk betyr i fysikken læra

om samanhengen mellom rørsle og kraft. Ordet kan og rett og slett bety drivkraft.

Poenget med å fokusere på dynamikken skulle

Sand i verratida, truleg i 1870-åra. På Rasmussen-verven nærmast ser vi folk som driv dekket på eit nybygg. Rekkes-tötter og rekke er sette opp, mens skansekledning manglar. Lenger nord i vika (midt på bildet) bygger Tonning under tak. Og ved det bakerste, kvite sjøhuset ligg Hylaverven. Strandstaden hadde til denne tid grodd fram utan noen form for regulering, noe som førte til at gatelinjene blei krokete og at trebygningane blei ståande tett, med den brannfaren det medførte. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.



vera å rette blikket mot mulege krefter i strandstad-samfunnet som kan hjelpe oss til å forstå utviklinga, og som det kan vera nyttig å vera seg bevisste i arbeidet med ei vidare utvikling. Eg vil såleis prøve og identifisere desse kreftene, og dernest gjera eit forsøk på å peike på noen forhold som eg trur vi må ta omsyn til i strevet vårt med å få til ei positiv byg-deutvikling.


For å få det til vil eg gjera noen få dykk i kultur-historia til strandstaden Sand. Eg vil besøke dei leiande menn, slik vi møter dei i soga om vervatida og tida kring århundreskiftet, eg vil vise dykk kva kvinnene dreiv det til i mellom- og etterkrigstida, og eg vil til slutt gjera eit dykk i vår aller nærmaste for-tid, og besøke småetablerarar og hotellbyggjarar på strandstaden.

VERVATIDA

Eg skal snakke lite om førre hundreåret, for det er det andre her som har hatt til oppgåve å gjera. Men eg skal prøve og seia litt om grunnane til at Sand blei eit sentrum for skipsbygginga. Ein må spørja seg om det var særlege grunnar til at Sand fekk ein slik framståande posisjon som vervastad.

Her var gode, naturgitte føresetnader. Skogen var lett tilgjengeleg, både frå fjordane og frå dalføret med fløyting på Lågen. Og her var lagege strender som høvde til formålet. Men dette kunne ikkje vera nok. Slike føresetnader hadde fleire, ikkje minst nabobygda Jelsa, utan at det førte til den same skips-bygginga der.

Røynde båtbyggjarar fanst og mange stader. Andre som har skrive om vervatida legg vekt på utvikling av skipsbyggingsteknikken denne tida, særleg over-



Dette er det andre av to bilde vi kjenner frå Sand frå tida før strandstaden brann. Vi trur bildet er tatt kring 1870, og vi ser skipsverven til Tonning til venstre på bildet. Det kvit-tet huset med ark bak ver-ven er truleg bustadhuset til Tonning. Og i bakken opp mot kyrkja ser vi det første skulehuset på Sandslandet, det som seinare blei kommunehus. Foto frå arkivet til Ryfyl-kemuseet.

gangen til kravellbygging, som var ein føresetnad for å kunne bygge store fartøy. Men det er ingenting som skulle tilseia at båtbyggjarane på Sand skulle vera kjappare til å lære seg denne teknikken enn båtbyggjarar andre stader. Og noe stort båtbyggarmiljø kjenner vi ikkje til. Men det er viktig å ha in mente at kunnskapane var til stades.

Ikkje minst må det ha hatt mye å seia at Knud Nielsen, skipskonstruktøren frå Arendal, slo seg ned på Sand. Knud Nielsen hadde tilsyn med dei fleste fartøya som blei bygde på Sand, men han leverte også teikningar til ei rekke andre verft. Skal vi gjette på at det var fordi han fann det triveleg å bu på Sand at han slo seg til her? At Sand var ein stad med ein storleik og eit sosialt og kulturelt miljø som kunne vera noe å by ein mann i frå Arendal, som attpåtil hadde vore ute i verda? At det at Sand allereide var ein stad, var ein viktig grunn til at staden også blei eit kompetansesenter for skipsbygging?

Og så hadde dei pengar på Sand. Dei hadde pengar før skipsbygginga kom i gang. Det var ikkje skipsbygginga som skapte rikdomen. Det var rikdommen som skapte skipsbygginga. Når kapitalistane på Sand såleis heiv seg på skipsbygging måtte strandstaden også romme eit klima for initiativ og tiltakslyst, ein forretningskultur som tilsa at pengane blei sette i omløp i staden for å bli gøyte på kistebotn.

Slik hypotesar finst det ikkje store utvegar til å få bekrefte eller avkrefta i dei tilgjengelege kjeldene. Går vi til lensmannsberetningane får vi ikkje anna enn opplysningar om omfangset av skipsbygginga.

Meir spenst er det i ei innberetning frå distrikslege J. Dahl frå 1859. Men det er ikkje den kulturelle rikdomen i distriket han skriv om. Tvert i mot meiner han at delar av distriket «i Henseende til Oplysning og Cultur staa langt tilbage». Særleg ille er

det i Suldal og Sauda. Indirekte kan vi da våge oss til å tenkje at det må ha vore litt betre på Sand.

Attått fattigdomen og brennevinsdrikkeriet er det det «almindelige religiøse Svermeri» som bekymrer Dahl, særleg dette at svermeriet «som oftest fordømmer al verdslig Læsning paa samme tid som det giver Almuen en stor Mængde alldelers ufordøelige religiøse Bøge i hende». Og for å gjera noe med dette, arbeidde Dahl for å få oppretta almuebibliotek, noe han også lukkast med.

Vi er såleis i ei brytingstid, der beretninga frå distriktslegen nok fortel ein del om korleis stoda var mellom folk, men like mye om han sjølv. Han tilhørte ein liten, sosial elite som hadde ein utpost på Sand. Her var både eit merkantilt og eit akademisk miljø som, iflg. folkeleg tradisjon, fann einannan og utvikla sin eigen stil.

Eg prøver altså å halde kulturen opp som ein faktor som skilde Sand frå andre stader i Ryfylke, attåt at det her sat folk med pengar. Dei følgde med i det som gikk føre seg og greip sjansen da han var der.

Hit var Knud Nielsen velkommen, og han fekk gode arbeidsvilkår. Skogen blei etterspurt og lønningane fauk i veret. Det måtte vera ei svær tid. Først, og jamsides med skipsbygginga, sildefisket med inntekter som kunne komma opp i det mangedoble av eit kuverde for ein fiskar i gode år. Og så denne intense anleggstida der mange fekk arbeid og enda fleire glede av ringverknadane.

«Ein ny ånd var komen inn i folket», skriv Berit Helland i ei semesteroppgåve om strandstaden. «Før skulle alle pengar sparast, leggjast på kistebotnen. Men då folk jamtover fekk meir kontantar mellom hendene, førde det til at pengane sat lausare enn før. Dei byrja å investera i verksemder kring fisket og andre tiltak som det tyktest å vera pengar i. Smått

om senn kom pengane hjå den alminnelege mann i rørsle.

Sjølv jorda blei aktivisert. Jord blei pengar. Arvingane kravde arveluten sin utbetalt i pengar. Tidlegare let ein arven bli ståande hos den som hadde åseteretten.

Livsrytmen på strandstaden blei og annleis. På vervane starta arbeidsdagen kl. 6.00 og var ikkje slutt før kl. 19.00. Ja, vi har nedskrivne minne som fortel om enda lenger arbeidsdag. Eivind Gundersen, ein av skipsbyggjarane som levde lengst, meinte dei arbeidde frå 5 om morgonen til 8 om kvelden.

Og i smiene sto smedane og hamra på skipskne og boltar så sveitten rann. Smedmeistarane hørte elles til dei fine i strandstadsamfunnet, og konene deira blei nemnde madammer. I barsøl, bryllaup og likferd satt dei jamsides madammene Rasmussen, Tonning

og Hylen. Ingen blei nemdne fruer, den einaste kenne vera prestefrua.

«Um laurdagskveldane, når vikeløne var utbetalt, kunde det nok henda at ein eller fleire av unggutane vart på ein lette og sume tider kunde dei koma i slagsmål», skriv Åmund Salveson. «Men då kom lensmann Stephensen, som ikkje nett var nokon total avhaldsmann, burtyver gata, og då for kvar sin veg».

Men søndagen var det like gale att, skal vi tru ein visitasprotokoll frå 1864. Etter gudstenesta var det ikkje uvanleg å nyte berusande drikke. Noe som førte til uorden på strandstaden. Likevel gjer vi vel klokt i å rekne dette som kuriosa i ei arbeidssam tid. Når ein ser på resultata er det klart at det ikkje kunne vera fyll og spetakkel som var hovudinnhaldet i strandstadlivet i 1860- og -70-åra. Det var hardt arbeid og stor dugleik.



Sandslandet etter brannane i 1879 og 1992. Eit nytt trekk i bildet er dampsaga til Lars Rasmussen framme til venstre. Ho ligg på same staden som skipsverven låg, og sto like til i 1995. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

Fotograf: Odd Stråpa.

Nå blei det bråslutt med skipsbyggingstida. Det var det fleire grunnar til, utan at vi skal gå nærmare inn på dei her. Og det gikk attende med strandstaden. Men ikkje slik at alt initiativ forsvann. Ein var tidleg ute med å bygge elektrisitetsverk. Det la grunnlaget for ei modernisering og ei utvikling av eksisterande næringer, og for etablering av enkelte nye industritiltak.

Den industrialiseringa som skjedde i Sand var ei vidareutvikling og fornying av verksemder som ein kjente frå før, og som bygde på dei lokale ressursane og den kompetansen ein allereide hadde. Ein makta ikkje å skape noe heilt nyt. Ein mangla dei som drog ut for å skaffe seg ny kunnskap og som kunne komma heim og setta denne kunnskapen om til lønnsam næring.

Dessutan hadde ein ikkje tida med seg. Krisa galdt ikkje berre Sand, og det var ikkje berre ei krise. Det var krisår i 1921, i 1926–27, og i 1931–34 og arbeidsløysa blei verre frå den eine krisa til den andre.

«Det var fattigdom på en kant og ubrukte ressurser på en annen, maskiner som stod stille, og matvarer som ikke kunne selges for rimelig pris. Det kapitalistiske system så ikke ut til å kunne løse sine egne problemer», skriv Edvard Bull i sitt band av norgeshistoria.

Vi ser at Sand er ein del av den store røyndomen, der produksjonsmidlane meir og meir kom i eiga til dei få, og at han som tidlegare hadde vore handverkar blei arbeidar i brødet til dei med meir kapital. Kapitalismen frigjorde, på den eine sida, underklassa til å velja andre alternativ enn dei var fødde til. Og mange vende bygda ryggen. Men dei fekk, på den andre sida, mindre makt over bruken av produksjonsmidlane. Dette er kjenneteikn ved det kapitalis-

tiske systemet som vi kjenner att også på Sandslandet. Men ein kan knapt tale om noe økonomisk «hamskifte» av grunnleggande karakter her. Snarare er det slik at handverkarane og familiebedriftene heldt oppe ein tradisjon og eit økonomisk system som har følgt heile historia til strandstaden. Såleis kan det vera grunn til å spørja om det var denne tenkemåten, denne kulturen, som hindra ei enda djupare krise.

KVINNFOLKA KJEM

Eg har altså funne grunn til å stille spørsmål ved om den vitale etablerarkulturen på strandstaden, det kreative utviklingsarbeidet, om det var i ferd med å forsvinne i møtet med dei utfordringane det nye hundreåret baud fram. Den einaste representanten for denne kulturen, den einaste eg har funne som i det minste ga uttrykk for visjonar, var den alle stads nærværande lensmannen, Hans Kolbenstvedt. Men elles tok det til å bli langt mellom toppane. Da kjem kvinnene, og vi skal sjå korleis dei organiserte seg og la i veg med oppgåver som i høgste grad var påtrengande, men som ingen leiande mann hadde kome på at han kunne ha noe med. Og vi skal sjå korleis dei ikkje berre tok opp slike oppgåver som andre hadde tatt opp tidlegare, men at dei igjen plaserte Sand på kartet ved å vera først ute med nye initiativ.

Sand sanitetsforening blei starta i 1910 og Marie Kolbenstvedt blei den første formannen. Ho var gift med den namngjetne lensmannen. Det var kanskje ikkje tilfeldig, men ein kan merke seg at her måtte vera ein heim med interesser langt ut over dei heimlege.

Norske Kvinners Sanitetsforening var stifta i

1896. Ei av dei største oppgåvene i starten var kampen mot tuberkulosen. Sjukdomen var utbreidd og mange døydde av han. I åra etter århundreskiftet døydde 20–30 personar i Sand legedistrikt av tuberkulose kvart år. Og sjølv om ein etterkvart fekk ein slags kontroll over sjukdomen var han eit alvorleg problem like inn i 30-åra.

Ved slutten av 1. verdskrigen kom så spanskesjuken, ein influensaepidemi, som og ramma svært mange menneske. I oktober, november og desember 1918 blei fleire møte i ungdomslaget avlyste på grunn av spanskesjuken. Elles var halskatarr, kikkhoste, lungebetennelse, kusma og difteri blant dei mest utbreidde sjukdomane. Og når ein hører korleis ein bar seg åt er det ikkje å undrast at sjukdomane fekk spreie seg. Folk forsto ikkje fullt ut korleis smitten spreidde seg, og trudde helst at ein vesentleg årsak til sjukdomen var veikskap hos den som fekk han. Dessutan låg ikkje forholda til rette for isolering og rett pleie av dei som blei sjuke.

Frå legane blei det lagt stor vekt på opplysning, og på innarbeiding av gode vaner med reinhald og lufting. Da sanitetforeningane kom i arbeid, tok dei del i dette arbeidet. Dei gikk rundt blant folk, pleide gamle og sjuke, hjelpte til med å vaske der det var trond for det. Dei delte ut klesplagg og hadde med seg mjølk og brød. Etterkvart utvida dei engasjementet ved å tilsetta eigen sjukepleiar. Med ein til to legar i heile Sand legedistrikt, må ein tru det var eit veldig framsteg å få ein sjukepleiar som berre skulle arbeide i Sand herad.

Eit av dei største lyfta til sanitetsforeningen var bygginga av folkebad på Sand. Første gongen vi hører om badet er i februar 1921. Da tar foreningen opp etablering av folkebad på sitt program ved sidan av arbeidet for reising av ein sjukeheim. Badet var

tenkt lagt til folkeskulen, der ein hadde fått lovna om plass mot at ungane fekk gratis bad. Men heradstyret kunne ikkje gå med på dette, da dei meinte det var for lite vatn «fra skolens beholder».

Det blei ikkje noe bygging det året, men året etter kom dei i gang, og 16. desember 1922 blei badet opna. Heile anlegget kom på 4.500 kroner og det gikk godt:

«Søkningen har været utmerket så man har lov til at tro at Sanitetsforeningens tiltak her virkelig har avhjulpet et savn og vil bli et ledd i folkehelsens bevarelse», skreiv Emely Ottesen i årsmeldinga for 1922.

Det eineståande med dette badet var at det var det første i sitt slag i landet. «Sand sanitetsforening var den første til å ta opp den oppgaven til løsning innen vår organisasjon», står det i jubileumsskriftet for Norske Kvinners Sanitetsforening frå 1946.

Inntektene sine skaffa foreningen seg gjennom gåver frå sparebanken, basarar, utlodningar, renter, inntekter av sjukepleien, bøsseinnsamling og sal av maiblomar.

Sanitetsforeningen gjorde omsorgen til ei sak for andre enn dei heimeverande kvinnene, dei lyfta det førebyggande helsestellet ut av stovene og introdukserte tanken om eit felles ansvar for eit sunt legeme. Det var ennå ein framand tanke for dei leiande menn. Sanitetskinnene på Sand viste veg, ikkje berre lokalt, men nasjonalt, mot eit velferdssamfunn som skulle komma. Ennå var dei pionerar på ei halvoffentleg arbeidsmark, men dei var ikkje aleine.

I mars 1930 blei Sand Husmorlag skipa. Magda Rasmussen var første formannen.

Det var viktig for husmorlaget å få fram at det ikkje var noen veldig forening. «De skulle ikke gå i veien verken for misjon eller sanitet», forklarte

Magda Rasmussen. Og i formålsparagrafen til laget heitte det at formålet var «aa befordre hjemmenes vel i hygienisk, økonomisk, social og etisk henseende, hvilket formaal søkes naadd ved de midler som til enhver tid maa finnes tjenlige». Formålet blei i første omgang søkt fremja gjennom å skipe ulike slags kurs og demonstrasjoner, arbeide for obligatorisk skulekjøkkenundervisning, fremje husflid og heimeindustri og arrangere foredrag og diskusjonar.

Magda Rasmussen var leiaren og ideologen, og det er ikkje vanskeleg å få auge på eit vidare perspektiv i hennar engasjement enn hyggen og kunnkapsoverføringa. Ho snakka og skrev om samhald mellom kvinner, synleggjering av livsverdier og samfunnsengasjement.

Magda Rasmussen var prestedotter, hadde middelskule og eit år på lærarskule og var slett inga vanleg husmor. Ho var ei sjølvstendig kvinne, og ho hadde eit samfunnsengasjement og eit sosialt engasjement som ho i første omgang fekk nytte i husmorlaget, men som seinare førte til ein pionerinnsats i den lokale politikken. Vi må tru at dette kom til å prege engasjementet og retningen til husmorlaget, og når husmorlaget seinare tok opp saker som tilsetting av husmorvikar og heimehjelparar og etablering av barnehage, ser vi at kvinnene igjen, som dei gjorde det i sanitetsforeningen, gikk føre i omforminga av samfunnet og tok nye initiativ på område der mennene knapt ante at det låg oppgåver føre.

Tar vi i tillegg med bondekvinnelaget og misjonsforeningane får vi, gjennom dei kjeldene som er tilgjengelege om foreningslivet i denne perioden, innblikk i ei verd der kvinnene dominerte. Det var i og for seg ikkje noe nytt. Misjonsforeningane hadde alt ei lang soge bak seg da det nye hundreåret kom. Men sjølv her var det rom for auka engasjement,

både i form av nye og nyskipa foreningar, og i form av auke i innsatsen og dermed i bidraga frå foreningane.

Det var likevel sanitetsforeningen, husmorlaget og til dels bondekvinnelaget som representerte den nye kvinnekulturen, den som stilte kvinne sjølv i sentrum og spurte kva ho kunne gjera for seg sjølv, i lag med medsøstrene, og kva bidrag kvinnene kunne gi til samfunnsforminga. Dette var eit kvinnedyn annleis enn det ein hadde sett før, og det var kanskje ikkje meir enn ein burde vente på denne tida, sjølv langt inne i ein fjord. Men det førte til eit organisasjonsarbeid som sette fart i eit samfunn der den mannlige delen av innbyggjarane såg ut til å vera ganske handlingslamma i ei tid da konjunkturane ikkje lenger peika beint til vers, men tvert i mot ga grunn til atskillig bekymring og motløyse.

I tillegg til å gjenreise eit tiltaksarbeid som hadde gått i stå, peika kvinnene på nye oppgåver for samfunnet, som i første omgang fann si løysing gjennom private initiativ og halvoffentleg finansiering. Det var kvinnene som starta marsjen mot velferdssamfunnet. I så måte kan ein velja å sjå på mellomkrigstida som ei overgangstid mellom det brutale og nådelause konkurrancesamfunnet vi kjener frå førre hundreåret, og det velferds- og velstandssamfunnet vi fekk seinare.

NYE INITIATIV FRÅ KVINNENE

Arbeidet til sanitetsforeningen sto føre eit skille etter krigen. Fleire av dei oppgåvene foreningen tidlegare hadde tatt på seg var tatt opp som offentleg oppgåver, og levevilkåra var betra, slik at det ikkje lenger var nødvendig å bruke midlane til foreningen til veldedige oppgåver. Foreningen var rett og slett i

ferd med å bli overflødig i si opphavelege form.

I jakta på nye oppgåver, og i tvil om eige eksistentsgrunnlag, fann ein så å måtte be medlemmane om forslag til kva ein nå skulle finne på. Mellom dei innkomne forslaga var eit forslag om å arbeide for å få fast tannlege på Sand, og dette blei den ideen som fanga størst interesse.


Ein fann snart ut at skulle denne ideen verkeleg gjerast måtte det gode kontorlokale til, og tanken om eit helsehus tok til å forme seg.

I januar 1960 var planane klare, og bygget blei kalkulert til 95.500 kroner. Det var alvorleg mange pengar, men planen fekk tilslutning, og i november 1961 var huset ferdig. Det kom til å koste 142.500 kroner. Legg vi saman alle dei inntekten som sanitetsforeningen sjølv stilte til rådvelde, inklusive gåvene frå sanitetsforeningane i Vanvik og Nedre

Suldal, vil vi sjå at halvparten av byggekostnadane blei dekka med slike inntekter. Heradstyret ytte ikkje ei krone i direkte tilskott for å skaffe kommunen eit helsehus, men var heller ikkje spurt om det. Ein firedel av inntektene blei henta inn frå kjelder utanfor kommunen.

Helsehuset blei eit svært vellukka tiltak som igjen lyfte Sand fram i fremste rekke blant dei som hadde initiativ og handlekraft nok til å fange opp tidas krav og gjera noe med dei. Det var ein djerv ide å bera fram, det var eit godt stykke organisasjonsarbeid å få alle føresetnadene for byggeprosjektet på plass, og det var ein ufatteleg breidd og intensitet i det frivillige arbeidet som låg bak finansieringa og bygginga, og som utgjorde ein helt vesentleg del av tiltaket.

Helsehuset var eit felles løft, og eit symbol for eit samfunn som ikkje berre var i stand til å bera fram



Kvinnfolka bygde helsehus ved hjelp av basarar og rå makt. Her handhentar dei Stein til fyllmasse under huset. Dei som var med: Bergljot Lunde, Astrid Hove, Inger Helland, Hjørdis Svensen, Berta Bråtvær, Bergit Bustad, Sigrid Larsen, Else Marie Bache, Ruth Bergesen, Marit Enerstvedt, Ella Sunde Pettersen, Dagny Mortensen og Anne Skjelbred. Sjåfør var Rasmus Bøen. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet. Fotograf: Ella Sunde Pettersen.

nye tankar, men som hadde krefter til å gjennomføre dei. I så måte føyer helsehuset seg inn i bildet av ein kultur som skapte ein stad annleis andre stader, men med nye aktørar. Igjen var det kvinnene som gikk føre. Dei mobiliserte mannfolka når jobben skulle gjerast, og det er all grunn til å nemne deira innsats, men det var kvinninen som sto for både ideen og gjennomføringa.

Vi kjenner her att eit kjenneteikn ved Sands-samfunnet som eg også har vore opptatt av før. Eg har prøvd å setta ulike namn på dette kjenneteiknet, og har prøvd å bygge opp ei forståing av ein kultur, definert som eit felles verdi- og interessegrunnlag, som ga føresetnader for ei ideutvikling og ei handlekraft som ein ikkje så lett får auge på i nabobygdene.

I eigne auge var sandbuen eit framifrå kulturmeneske. Eg har av og til våga meg til å sjå på dette fenomenet med ein viss ironisk distanse, men kjem ikkje utanom at Sand merka seg ut også i andre auge enn sine eigne. Og frå så langt tilbake som da vi hadde føre oss vervatida, hugsar vi at vi måtte gå ut over dei naturgitte og økonomiske føresetnadene for å forstå kvifor det blei Sand, og ikkje alle andre stader som blei eit sentrum for skipsbygginga. Vi såg for oss eit felles verdigrunnlag og kalte det for etablerarkultur.

Dette verdigrunnlaget knytte vi i byrjinga til handelsstanden på strandstaden. Men vi var allereide i utgangspunktet opptatte av den effekten den sosiale differensieringa hadde på samfunnsmedvetet og samfunnsdebatten. Det at vi fekk ei sosial differensiering med tidlege innslag av klassemedvet, skjerpa holdningane hos alle partar og opna for ei orientering ut over rammene til det gamle bygdesamfunnet.

Seinare har vi sett at andre samfunnsdeltakarar

enn handelsstanden stilte seg i spissen for nyskaping og omstilling. Bøndene gjorde det, arbeidararen gjorde det, og sist, men ikkje minst, kvinnene. Men medan handelsmennene sette sine idear ut i livet som private foretak, løyste bøndene, arbeidarane og kvinnene oppgåvane i fellesskap.

Nå har vi sett at alt det eineståande initiativet ikkje oppsto alldelvis av seg sjølv. Her var einarar i mange leirar som stilte seg i spissen for nye tiltak og drog andre med. Sand var ein stad som også var forsynt med ein intellektuell elite, delvis rekruttert gjennom offentlege stillingar som var lokaliserte til staden, men også ved at framståande gardsbruk hadde sett høve til å sende sine unge ut i verda for å skaffe seg kunnskapar og livsrøynsle.

Kanskje kan ein driste seg til å snakke om kulturen som eit dynamisk element i soga til Sand, i den meinингa at kulturen var ein av dei viktigaste faktorane ein må rekne med når en skal forstå endringane. Det var denne faktoren, kulturfaktoren, som saman med dei økonomiske, økologiske og teknologiske føresetnadane, avla nye former som igjen påvirka kulturen i eit forløp som ein kan sjå for seg som ei spiralrørsle mot stadig nye høgder.

Eit slikt forsøk på å forstå endringsprosessane i samfunnet kan lett føre til at ein ser for seg eit bilde av prosessen som ein smelteidig for ulike kulturelle straumdrag. Det er gjerne ikkje noe därleg bilde i og for seg. Men når ein blandar mange ulike fargar blir resultatet ganske grått. Sand var ein stad er mange kulturar møttest. Her var bønder og arbeidarar, handelsmenn og byråkratar, akademikarar og autodiktarar, religiøse og agnostikarar, fattige og rike. I dag ville vi kalle det eit fargerikt fellesskap, eller eit fleirkulturelt samfunn. Kanhende Sand var det, og at det var Sands styrke.

BLANT HOTELLYGGARAR OG SMAÅETABLERARAR

Den tredje og siste bolken i dette forsøket på å etterspore det dynamiske elementet i bygdeutviklinga skal gå føre seg i vår eiga tid.

Ser ein tilbake på dei siste 10 åra er det to dominerande trekk som har vore godt synlege på Sand. På den eine sida har vi hatt ei rekke etableringar av mindre verksemder innafor privat tenesteyting og forretningsdrift. Det er i stor grad kvinner som har stått for desse etableringane. På den andre sida har det gått føre seg ein omfattande aktivitet for å tilrettelegge for og finansiere eit nytt hotell.

Karakteristisk for etableringane av dei mindre verksemdene er at dei har gått føre seg utan store krav til kapital, at dei blir drivne av eigarane og at desse har hatt små krav til eiga løn. I staden har dei brukt inntektene til nedbetaling av etableringskostnadane og utvikling av verksemda. Mange av verksemdene er blitt starta av folk som har vore utan anna arbeid, og som såleis har skapt sine eigne arbeidsplassar, og i ein del tilfelle, også arbeidsplassar for andre. Den offentlege innsatsen har vore avgrensa til tilskott og lån etter dei ordinære reglane til næringsfond og utviklingsselskap.

Men sjølv med stor eigeninnsats og avkall på eigne inntekter, har det vore tungt for fleire, og berre det siste året er det 2–3 av dei nye verksemdene som har avvikla. Men vi skal merke oss at denne avviklinga har skjedd på skikkeleg vis, med opphørssal og oppgjer med kreditorane. I alle fall så langt som det har stått kvinner bak. Konkursane på Sand er det menn som står bak.

Arbeidet med å etablere eit nytt hotell på strandstaden har kravd ein offentleg innsats av eit heilt anna slag. Eg skal ikkje gå i detaljar her, men kom-

munen har altså mått å gjennomføre ei kostbar regulering og erverv av eigedom for å legge forholda til rette for etableringa, og det har vore nødvendig med store offentlege tilskott for å kunne finansiere prosjektet. Det er vel ingen som undrar seg på at det stort sett er menn som står bak hotellprosjektet.

Reaksjonane på desse ganske ulike etableringane er interessante. Dei små foretaka får god oppslutning frå lokalbefolkningen. Vi handlar lokalt og kvinnene våre kjøper lokalproduserte plagg til ein pris dei ikkje ville drøymt om å betale i byen og som dei helst unngår å fortelja mannen sin om. Det virkar som vi ser nytten av at nye verksemder etablerer seg på staden, og forstår at vi må nytte oss av dei i eit forsøk på å halde oppe eit levande lokalsamfunn.

Ankleis med hotellprosjektet. Det har delt bygda i to og skapt ein mistillit i mange retningar som har gjort både det politiske arbeidet og næringsutviklingsarbeidet i Suldal vanskeleg. På den eine sida står dei som meiner dette er ei nødvendig vitamininnsprøyting i eit tid da reiselivet ser ut til å vera den einaste bransjen med vekstpotensiale for ein utkantkommune. På den andre sida står dei som meiner det er sløsing med offentlege midlar å bruke pengar i ein marknad som allereide slit med overkapasitet.

Både dei som satsar sine eigne pengar og si eiga arbeidskraft på å etablere sin eigen arbeidsplass i eit ledig lokale i Gata på Sand, og dei som satsar andres pengar på å etablere eit nytt hotell har det tilliks med sine medस्त्रीर and -brødre frå tidlegare tider at dei evner å tenkje nytt, ta initiativ og vise handlekraft. Men det nye trekket i bildet er det store kapitalbehovet, som for ein vesentleg del må dekkast ved hjelp av offentlege midlar.

Dersom vi prøver å vende blikket bort frå dei politiske vurderingane, som det kan vera interessant å

knytte til desse observasjonane, og over til eit forsøk på ei analyse av fenomena innanfor ei kulturfagleg ramme, er det freistande å nytte seg av begrepa til den franske sosiologen Pierre Bourdieu. I tillegg til den økonomiske kapitalen reknar Bourdieu med at det finst både kulturell, sosial og symbolsk kapital, og at desse kapitalformene har ulik verdi i det spelet som går føre seg mellom oss.

Det er freistande å sjå debatten om hotellbygginga på Sand som eit spel der ulike aktørar speler ut det eine trumfkortet etter det andre i den meining at det siste kortet ein gong for alle skal gjera det klart kven som er vinnar. Ein kan sjå på det som har gått føre seg som ein kamp om dominansen over arenaen, der kampen først og fremst dreier seg om den relative styrken av ulike kapitalformer.

Det som gjer dette til eit verkeleg interessant spel er at det sto to gamle sagbruksbygninga på hotelltomta. Derfor dreier det seg ikkje berre om ein diskusjon for eller mot bygging av hotell, men det har også gått føre seg ein diskusjon for eller mot riving av sagene. Og etterkvart som frontane har hardna til er det mange som har fått vanskar med å skilje desse diskusjonane.

Dermed blir det på eit vis sjølvaste kulturen som blir sett opp i mot hotellplanane. Sagene blir eit symbol for dei som vil ta vare på verdiar, bygge på det vi har, vera medvetne røtene og avvise smaklause nybygg i strandstadmiljøet. Hotellet blir eit symbol for dei som vil tene pengar på turismen, løfte utkant-kommunen inn i framtida og utnytte dei fortrinna lokalsamfunnet har som kraftkommune. Medan delar av grasrota, kvinner, innflyttarar og akademikarar har gruppert seg rundt verneforeningen «Framtida for sagene» og inngått alliansar med Riksantikvaren, hentar hotellet det meste av si støtte hos delar av

næringslivet, i den kommunale makteliten og hos offentlege organ som har til formål å fremje næringsutviklinga i distriktet.

Men det er ikkje nok med det. Motstandarane mot hotellbygginga møter også hotellbyggarane på heimebane ved at dei trekker dei økonomiske kalkylene for hotellet i tvil og stiller spørsmål ved det store forbruket av offentlege midlar, samtidig som dei kjører ein to-fronts krig mot utforminga av hotellbygningen og riving av sagene.

Hotellbyggarane prøver på si side å halde fast i den autoriteten som reguleringsplanar og kommune-styrevedtak burde gi, og har gjort sitt beste for å halde motstandarar og sagvernara utafor ved å hevde at dei meldte seg på for seint, ikkje har noen rett til å legge fram alternative løysingar og berre har vore ute etter å stikke kjeppar i hjula for dei som ville noe.

Hotellbyggarane har lukkast med å få gjennomslag for det hotellet dei ville bygge, men ikkje utan sterkt svekka autoritet. Vernarane lukkast, på den andre sida, med å skape sterkt oppslutning om si sak, både lokalt og mellom utanforliggende institusjonar som t.d. Rogaland fylkeskommune og Ryfylkerådet. Ein kan kanskje sei at vernarane tapte kampen om sitt primære mål, å bruke sagene der dei sto, men dei vann kampen om verdiane, og dei har gjennom det endra føresetnadane for kommunalt og næringsdrivande utviklingsarbeid.

Dersom vi går tilbake til vervatida, vil vi sjå at det den gongen var dei same som rådde over både den kulturelle, den sosiale og den økonomiske kapitalen. Det var fiffen på Sand som også hadde pengane, og det kan ikkje vera særleg tvil om at det var eit gunstig klima for dei som ville hauste lovord for frisk satsing på skipsbygging og forretningsdrift. Dei få øvrighetspersonane som fanst i miljøet, og akademikarane,

hørte til det same miljøet, og det var ingen særleg tvil om korleis hierarkiet såg ut.

Ser vi tilbake på sanitetskvinnene og husmorlaget i mellomkrigstida, ser vi at det var kunnskapane om eit gryande ansvar for fellesskapet som slo igjennom. Leiarskikkelsane mellom kvinnene la fram forslag som straks fekk brei oppslutning, og samla både foreningane og folket om eit krafttak mot velferdssamfunnet. Da initiativa først kom, viste det seg at holdningane til tiltaka var felleseihe, og det ga god uttelling å delta i det byggande arbeidet andsynes fåkunna og fattigdommen. Men framleis var vi i klasse samfunnet, og det var framleis dei same som hadde initiativet og pengane.

Nå er det ikkje lenger slik. I dag er det slik at også dei som ikkje har pengar kan ha initiativ. Og dei kan tilogmed hevde at deira verdiar er minst like viktige som verdiane til dei som har pengar. I tillegg kan dei hevde at dei som gir seg ut for å ha pengar, ikkje har andre pengar enn fellesskapet sine pengar. Dermed kan ikkje hotellbyggjarane opptre med noen sjølv sagt autoritet, og kampen om hotellet blir ikkje berre ein kamp om bruken av sentrale areal, gamle bygningar og innbyggjaranes skattepengar, men det blir ein kamp om hegemoniet i lokalsamfunnet.

Dette gjer at næringsutviklinga blir vanskeleg. Så lenge ein etablerer små foretak i små lokale og bruker små midlar, får ein god uttelling, i alle fall sosialt, om ikkje økonomisk. Så snart ein går ut over rammen og prøver å få til noe som ein meiner skal bli stor butikk og gi ringverknader og mange arbeidsplassar, støyter ein på folkedjupet som verken deler verdiane eller smaken.

Etter dette fell det nærliggande å spørja seg om det er uråd å gjennomføre nyetableringar av noe omfang i bygdene våre. At det er småskalaforetak vi må kon-

sentrere oss om, og at det neppe blir så mye å leva av for noen av oss i framtida. Eg trur ikkje det, men eg trur dei som skal drive med næringsutvikling i større grad må lære seg noe om den kulturen dei arbeider i før dei set i gang. Kultur er ikkje berre eit område for muleg etablering av nye arbeidsplassar, men det er ein generell kompetanse som er nødvendig å ha med seg om ein vil handle i medvind og ikkje i motvind.

Dette var ikkje vanskeleg så lenge det var dei same som forvalta den kulturelle kapitalen, den økonomiske kaptialen og den gode smaken. I det fleirkulturelle samfunnet er det ikkje lenger slik, og dermed blir kulturkunnskap ein nødvendig kunnskap for dei som skal etablere ny verksemd. Og ikkje berre det. Kulturkunnskap kan vise seg å vera ein viktig ressurs i utviklinga av lokalsamfunna våre.

Dynamikken i denne forståinga av korleis samfunnet fungerer ligg i at fordelinga og den relative vekta av ulike kapitalformer fører til endringar i sjølve strukturen. Enkelt sagt betyr det at ingenting er som det var, og at ein ikkje kan rekne med at det blir verande slik heller. Det gjer det meir komplisert å manøvrere i samfunnet, og vi treng meir kunnskap og annleis kunnskap enn den vi greidde oss med før. Og det er nok ikkje berre dei som skal drive utviklingshjelp i framande land som treng kunnskap om kulturen i det samfunnet dei skal arbeide i.

Roy Høibo (47) er førstekonservator og styrar ved Ryfylkemuseet. Han har skrive fleire bøker med lokalhistoriske og kulturhistoriske tema, og ei rekke artiklar

LITTERATUR:

Pierre Bourdieu og Loïc J. D. Wacquant: Den kritiske ettertanke, Oslo 1993

Roy Høibo: Soga om Sand, Suldal 1993

Heidi Richardson: På tindebestigning med Bourdieu og Wittgenstein, seminarinnlegg, UiB 1994

Tunskipnad i sjøvende sentra

AV ERIK FOSSÅSKARET

Egentleg er dette ein artikkel om det som har skjedd med bygningsmiljøa i tettstadene våre dei siste to–tre ti-åra. Erik Fossåskaret er vel kjent i Ryfylke-bygdene, og har opplevd mange av dei endringa han skriv om tett innpå seg. Han er ikkje berre glad for det han har opplevd, og etterlyser ei sterkare vilje, og kanhende evne, til å sjå verdier i det som er, og ikke berre i det som skal komma.

Ryfylke har eit mangfold av bygde- og kommunesentre. Somme er gamle strandstader med tettstadssoge attende frå 1600–1700-talet. Det gjeld mellom anna Hjelmeland, Jelsa og Sand. Jørpeland og Sauda er slik vi kjenner bygdene i dag, industribygder frå dette hundreåret.


Det er hovudsakleg tale om bygder med sentrumskarakter i små landkommunar. Stader som dei siste to–tre ti-åra har vore inne i ein prosess med store endringar. Det gjeld jamvel om vi held oss til strukturelle vilkår. Attåt slike tilhøve som let seg observere i terrenget, har det funne stad endringar i samhandlingsform og verdi-orientering hjå innbyggjarane. Dette siste feltet – det som ikkje er råd å observere seinvergs – skal eg ikkje ta opp i denne artikkelen.

Velstandsutvikling og vel-

ferdsstat ytrar seg på ulike måtar i lokale Ryfylkesamfunn. Lastebilen og personbil, i kombinasjon med ferjer, tok over etter lokalbåten frå 1960-åra. Kommunehusa, skulebygningane, bustadfelt og sjukeheimar er lett synlege uttrykk for ei sterk utbyg-



I Ydstebøhavn på Kvitsøy finn vi tettaste gateløpa og den mest heilskaplege sentrumsskipnaden i heile Ryfylke. (Alle foto i denne artikkelen er tatt av forfattaren).



Vikevåg har framleis eit gammalt sjøhus-miljø.

ging av offentleg forvaltning og offentlege tenester. Det har ikkje gått føre seg ein tilsvarende ekspansjon for private tenester i små kommunar. Men også privat næringsliv har vore inne i store omstillingar i tida til den siste generasjonen.

Samla sett har tettstads-endringane dei seinaste ti-åra vore ei stor utfordring for lokal planlegging. I denne artikkelen skal eg minne om korleis byggherrar og kommunar på nokre felt har svara på utfordringane. Ved å drøfte disposisjonar som ligg bak tettstadforma i dag, får vi óg høve til å fokusere på planutfordringar for tida framover.

SENTRUMSLOKALISERING SOM SPRENGJER TUNSKIPNAD

Strandstadene i Ryfylke har for ein stor del hatt ein tett tunskipnad. På ganske lite areal var det rom for mange hus og mange funksjonar. Gateløp, små opne

rom og torg mot kaien gav tun og tunskipnad. Frå tida før 1940, og for ein del frå tida no, ser vi gode døme på dette i Hjelmelandsvågen, på Jelsa, på Sand og i Vikevåg. Etter kvart vaks somme sentrumsfunksjonar seg så store at dei ville glupe mykje av tettaste sentrum. Til dømes kunne ikkje dei tette småhusstadene på ein god måte gi rom for ferje med oppstillingsplass for gjennomgangstrafikk eller for trafikken frå store delar av ein kommune. Somme stader vaks den nye trafikken seg ut av sentrum

på ein god måte. Jelsa ville fått eit banesår som tradisjonstru tettstad om ferjestø hadde kome der den gamle rutebåtkaien ligg. I Hjelmeland går ferja på tilsvarende vis forbi Vågen for å lande på Sande. Såleis er Hjelmelandsvågen framleis til rådvelde for andre varierte tettstadsfunksjonar. Og bygda sørover frå sjølve Vågen er friteken frå å handtere gjennomgangstrafikk og sentrumsintern lokaltrafikk i same vegen.


Suldal valde å ha ferje og gjennomgangstrafikk i tettaste Sand sentrum. Busetnaden og småhusa i Smørddalen gav plass til ei stor trafikk-skjering. To-felts veg, oppstillingsplass for ferjebilar, fortau, gang- og sykkelsti, og midtrabattar kløyver staden i to. Viktig areal på Sand må tene både lokale sentrumsfunksjonar og gjennomgående biltrafikk. Det er krevjande å gjere slike kombinasjonar vel-lukka.

Også andre sentrums-funksjonar enn trafikk har eksplandert dei siste ti-åra. Enten ville dei nær sluke eit lite sentrum. Eller dei laut flytte ut or tettaste staden. Ekspanderande aktivitetar fekk proporsjonar som ikkje lenger stod i høve til gammalt naboskap. Både Steinessvåg på Finnøy og Vikevåg på Rennesøy hadde i si tid byggjevare- og trelastverksemder i gamle sjøhus og sjøhusliknande lokale. Begge stader har firmaene eksplandert og modernisert stort. Vikevåg Trelast bygde nytta anlegg ein kilometer borte frå tettaste Vågen. Ladstein Bygg har reist ein stor hall over og rundt sjøhusa. Vikevåg har framleis eit gammalt sjøhus-miljø. Steinessvåg minner mykje om ei industrihamn.

DESENTRALISERTE SENTRUMSFUNKSJONAR

Det er vanskeleg for små bygdesentra å handtere gamle funksjonar som veks ut or høveleg tettstadsproporsjonar. Men om det er eit mål å få til ei tenleg tettstadsutvikling, lagar politikarar og planleggjarar det like vanskeleg for seg ved å plassere vesentlege tettstadsfunksjonar utanom sentrumsskipnaden.

Forsand har eit sentrum som heilt manglar tettstadskarakter. Det er fleire hundre meter mellom dei to butikkane i kommunesenteret. Skule, kommunehus og sjukeheim er påkosta institusjonar. Men det ser ikkje ut til at ein ved plassering har hatt nemnande tanke om å nytte investeringane også for å få til



I Steinessvåg på Finnøy har Ladstein Bygg reist ein stor hall over og rundt sjøhusa. Steinessvåg minner i dag mykje om ei industrihamn.


ein lun sentrumsskipnad. Forsand har eit av dei yngste bedehusa i Ryfylke. Dette ligg bortanfor rimeleg gangavstand frå all annan busetnad.

For planleggjarar og politikarar er det like til å tillate plassering av offentlege og private institusjonar der det lagleg byr seg ei tomt. «Her-har-vi-ei-tomt»-løysningane vil lett koma i strid med kriterier for ei lagleg sentrumsutvikling.

Med generalplankrava i bygningslova av 1965 kom arealdisponerings-karta. Kvart føremål fekk sin eigen farge. Bustadsområde oransje. Areal til industri og liknande viste att som lilla felt. Sentrumssareal fekk raud farge; medan offentlege anlegg viste igjen på kartet som blåe flater. Det gjaldt så mykje å få til reine fargeflater. Bilen var i ferd med å verta for kvarmann. Såleis kunne ein dra fargeflatene frå kvarandre. I Maleniusåsen og Preståsen på Sand



Forsand har eit sentrum som heilt manglar tettstadskarakter. Det er fleire hundre meter mellom dei to butikkane i kommunesenteret. Det ser ikkje ut til at ein ved plassering av skule, kommunehus og sjukeheim har hatt nemnande tanke om å nytte investeringane også for å få til ein lun sentrumsskipnad. Bedehuset ligg bortanfor rimeleg gangavstand frå all annan busetnad.



Suldals-politikarar tillet etablering av nye butikkar få hundre meter oppe frå den aktive Sands-gata. Denne etter måten vesle flyttinga av vesentlege sentrumsfunksjonar, verka sterkt med til å dra liv og rørsle bort frå Gata.

skulle det vera bustadhus, og berre bustadhus. Med basis her kunne folk køyra til arbeidsplassar på Garaneset, til skule og idrettsanlegg på Eide, og til butikkar og kontor i Gata. Sand utvikla seg ikkje som ei organisk utviding av den gamle strand-staden. Ein sprengde den gamle heilskapen så folk fekk å handtere dagleg eit område på fleire kilometer frå ende til annan.

Suldals-politikarar tillet etablering av nye butikkar få hundre meter oppe frå den aktive Sands-gata. Denne etter måten vesle flyttinga av vesentlege sentrumsfunksjonar, verka sterkt med til å dra liv og rørsle bort frå Gata. Vi kan ikkje seie om Handelslaget på Sand at det har bygd vakre butikk-bygningar. Men det har vist lojalitet til Gata på Sand ved ikkje å forlata sentrumsskipnaden.

Mange kommunar har tillate utflytting frå sentrum heller enn utviding av sentrum. Ny arealraus lokalisering konkurrerer med gammal tettstadslokalisering av same sort aktivitetar. Lillesand let E 18-senteret konkurrere med Lillesand sentrum. Som Sørlandssenteret konkurrerer med Kvadraturet i Kristian-

sand. Mandal har det mest kronglete tettstadssentrum av desse tre Sørlands-byane. Like fullt valde Mandal utviding framfor utflytting. Der ville ein ikkje opne for at nyetableringar aust for elva skulle hente livet ut av den gamle bykjernen.

Suldal let den nye tida flytta ut. Berre nokre hundre meter. Men tilstrekkeleg langt til at delar av gata var i ferd med å liggje att som eit minne.

Hjelmeland har fått to nye kulturhus frå dei siste åra; samfunnshuset ved Askvik og det vernevølte Spinneriet i Hjelmalandsvågen. Det var mykje meir diskusjon i kommunen om det siste enn om det første. Samfunnshuset ligg *«midt i mellom alt»*. Det var truleg ei konfliktdempande plassering. Men når folk og kommune vel å koste på seg eit samfunnshus, forvaltar dei i same stunda eit verkemiddel som kan vere svært tenleg i utviklinga av handlingsrike og fridige sentrumsskipnader. Hjelmalandsbuen gav frå

seg det høvet. Samfunnshuset ligg langt utefor rimeleg gangavstand for nær alle. Det manglar så godt som alle ytre estetiske kvalitetar. Utearealet er ein stor asfaltert plass.

Våren 1995 reiser det seg eit kontor- og servicebygg ved ferjekaien på Sande i Hjelmeland. For byggherrar gjeld det gjerne mykje meir å finne lokalisering langs dei store vegane enn å halde ved like eller bygge nye tun i sjølvgrodde tettstader. Medan kaien var eit torg som samla, er vegen ei åre som spreier. I gavnet er Hjelmeland i ferd med å strø sentrumsfunksjonar over ein strekning som er så lang at det er tale om ulike område som konkurrerer med kvarandre. Alternativet til plassering på Sande kunne planleggjarar brukt nye bygg for å binde saman Vågen i streng forstand med det handlingsfeltet som allereie er lagt til prestegardsjorda. Såleis kunne utflyttinga til det nærmeste naboskapet etter kvart fått meir karakter av utviding.


Hjelmeland tenker sentrum frå Vågen til Sande. Så bryt dei med den strategien når dei regulerar vakraste området av Sandegarden til campingplass. Tettstader bør ha heilårsdrift. I så måte er det krevjande å passe caravanvogner og campinghytter inn i sentrumsskipnaden.

MELLOM ALDEREN VINNER VI VRAKAR MANNS MINNE


Det er vanleg å rekne at samlingar av gammal småhusbusetnad er eit gode; med omsyn til både kulturhistoriske kvalitetar



Hjelmalandsbuen ga frå seg høvet til å utvikle sentrumsskipnaden i bygda da dei plasserte samfunnshuset utefor rimeleg gangavstand for nær alle.



I 1980-åra reiv ein nokre av sjøhusa i Nordbygda i Hjelmeland. Dermed kunne ein bygge ny veg inn i området med aluminiumsføringskantar og veglys på mastar som er opp til to og tre gonger så høge som husa



Det går ei trøng gate mellom trehusa ved småbåthamnen på Jelsa. Ingen vil i dag rive ned hus for å gjera gata breiare, eller bygge parallel veg i stranda framom husa

og bumiljø. Om det er slik, har Hjelmeland eit av dei rikaste gamle trehusmiljø i Ryfylke. Like til for få år sidan kunne vi enno meir trygt gi nordbygda i Hjelmelandsvågen ein slik omtale. Frå Handelslaget går det framleis ein veg nordover; delvis mellom husa, og for ein del mellom hus og strand. Vegen var smal. Men det let seg godt gjere å køyra han med personbil. Jamvel små lastebilar kunne køyre i Nordbygda. På tvers opp frå hovudgata går det smalare sidevegar og stiar.

Frå i 1960-åra hadde Hjelmeland kommune planar om å rive mykje av husa i Nordbygda. Steg for stege modererte ein saneringsplanane. I 1980-åra reiv ein nokre av sjøhusa. Dermed kunne ein byggje delvis ny veg inn i området, og vidare utvida den gamle. I fornya utgåve har vegen aluminium føringskantar som vi elles finn på store vegar i ope landskap. Veglyset står på master som er opp til to og tre gonger så høge som husa.

Hadde europeiske byar på jamnen hevda same krav til gatebreidde som Hjelmeland har gjort i Nordbygda, ville mellomalderkvartala for det aller meste vorte borte. Søregata i Stavanger kunne vore eit stort reguleringsproblem om ho låg i Hjelmelandsvågen.

Hjelmeland kommune reiv ned gamle prestebustaden fordi han låg for nær vegen. Vegen var i ferd med å endre status frå å vere ei 50-kilometers sone av Rv 13 til å verte ein veg med intern Hjelmelands-



Meir enn nokon stad i Ryfylke har Jørpeland snudd ryggen mot fjorden. Våren 1995 låg det åtte-ti tomme butikklokale i Vågabakken og nærmaste sidegata. Heile området verkar forlate og til dels i forfall

trafikk. Om ein gjorde det prinsippet som reiv prestebustaden på Hjelmeland gyldig i Stavanger, ville praktisk tala ikkje eit einaste hus stå att i indre by.

I vår tid endrar folk flest og styresmakter haldninga og handlingar ganske ofte. Det går ei trong gate mellom trehusa ved småbåthamnen på Jelsa. Ingen vil i dag rive ned hus for å gjøre gata breiare, eller byggje parallel veg i stranda framom husa.

Også i det som no er den opne Hjelmelandsvågen var det gateløp fram til flaumen i november 1940. Ved å byggje mot elva ville ein igjen kunne få ein meir lun tunskipnad i Vågen. I så fall burde det vere ein føresetnad at bygningane gav utsyn til elva og tilgang til elvebreidda.

Kvitsøy er minste kommunen i Ryfylke. Men i Ydstebøhamn og i Leidasundet finn vi tettaste gateløypa og den mest heilsakelege sentrumsskip-

naden. Særleg i Ydstebøhamn har ein henta sjøen inn i den tunorienterte tettstaden – rett nok med god hjelp frå naturen slik den er gjeven.

SJØVENDE SENTRA

Kvitsøybuen vil vere sjøvende same korleis han snur seg. For mange av stadene elles i Ryfylke er dette eit val og ei viljessak. Hjelmeland sentrum er i dominerande grad sjøvend. Busetnaden frå Pundsnes til Mula ligg som ein halvkrans kring fjorden. For tilsette i offentleg forvaltning må det vere ein bonus ved arbeidsmiljøet å ha kontor like ved sjøkanten.

Det er sjeldant rett å meine at nye kommunikasjonar endevender bygder. Men endring i reisemåte kan endevende møte med bygda. I alle år fram til seinhaustes 1992 møtte tilreisande Vikevåg på Ren-

nesøy frå sjøen. Bygda presenterte seg gjennom kaien og kaihusa, meieriet, forbruksforeininga og sjøhusa; med busetnaden under brotet og på gardane opp frå sjøen. I Rennfast-tida møter innbyggjarar og gjester Vikevåg frå baksida. Tettstaden byr seg fram gjennom ein stor gruslagd plass, pumpehus for kloakkanelegget og ein eternittkledd bilverkstad.

Jørpelandsvågen har retteleg vore handlingsrik. Her er framleis småbåthamner og ei kailine som er i bruk. Men meir enn nokon annan stad i Ryfylke har Jørpeland snudd ryggen mot fjorden. Våren 1995 låg det åtte – ti tomme butikklokale i Vågabakken og næraast sidegata. Heile området verkar forlate og til dels i forfall. Det er att nokre få butikkar i området. Andre av lokala er i bruk til innoverretta aktivitetar; som rekneskapsfirma og fotpleie.

Mange meiner nok at Vågabakken i Jørpelandsvågen ikkje har høvelege lokale for butikkdrift i vår tid. I Østervåg, i Søragata og i Kirkegata i Stavanger er tilsvarande lokale i bruk for frodige moderne butikkar. Igjen ser vi med dette dømet frå Strand korleis kommunen flyttar sentrum framfor å utvide det. I denne samanhengen er likevel oppgåva å minne om at Jørpeland valde å bryte den nære kontakten med Vågen, kaien og fjorden.



På Bakkane i Sand står det ei halv gate. Ei husrekke på eine sida. Fritt utsyn over Gata og fjorden mot Ropeid på andre sida. Husa her er ulike i alder, farge og storleik. Men dei lyttar til kvarandre. Det gjev ein samspelende heilskap

HUS LYTTAR TIL KVARANDRE

Då handelsstanden på Jørpeland drog frå Vågabakken for å søkje ny lokalisering på flatene

ovanfor, passerte dei Verkshøtlet. Vi skulle tru det gav dei med på vegen nokre grunnleggjande normer for bygningsestetikk. Det hadde vore rimeleg om handelsmennene på Jørpeland sa om lag slik: «Vi som skal bygge Jørpeland for framtida, må lytte til det Jørpeland som er skapt så langt. Det er vanskeleg å diskutere smak og behag. Men det må vere ei styrande norm at det nye sentrumsbyggeriet skal være minst like vakkert som det bygningsmiljøet staden allereie har i sin arv.»

Det er vanskeleg å finne trådar frå både tidlegare bygningsestetikk og tidlegare byggetradisjon i det nye sentrumsområdet på Jørpeland. For ein del minner handels- og kontor-bygningane om eruptive utbrot. Det gjeld allment i norske bygdesentra at forretnings- og kontorbygg ser ut som om dei brått har kome opp ur jorda; utan tanke for korleis det nye bygget høver i form og plassering til bygga som allereie er i området. Kvart nytt bygg er gjerne moderne for sitt år. Men i svært mange høve komuniserer det svært dårleg med naboskap.

På Bakkane på Sand går det ei halv gate. Ei husrekke på eine sida. Fritt utsyn over Gata og fjorden mot Ropeid på andre sida. Husa her er ulike i alder, farge og storleik. Men dei lyttar til kvarandre. Det gjev ein samspelende heilskap på Bakkane. Det er med hus som med instrumenta i eit orkester, ulike som dei er, gjev dei samspel berre når dei lyttar til kvarandre.



Den eldste delen av Handelslaget i Årdal var eit vakkert hus. Etter kvart er dette utvida med tre tilbygg. Det er ikkje råd å seie om nokon av desse påbygga at det nye er meir vakkert enn nokon av dei tidlegare delane.


VIL BYGDENE DET VAKRE?

Frå strandstadtida har Sand fleire store sjøhus. Dei som går Gata mot Nordenden, vil straks dei har passert Sand Jernvare, møte ein open plass på venstre hand. Stoggar dei på denne plassen og snur seg mot fjorden, vil dei på høgre hand ha eine langsida av Rasmussen-sjøhuset. Det er kvitmåla. Har smårute vindauge og sjøhusdørar i to høgder. På venstre sida av den opne plassen ligg forretningsbygget frå rundt 1970. Ein utbroten betongvegg vender mot sjøhuset.

Det er vanskeleg å finne fram til trygge kriterier for kva det vakre er. Men ein skulle tru at når nokon reiser nye bygg, vil både byggherre, og byggmeister og kommunale styresmakter kunne seie: «Dette nye bygget er i det minste like vakkert som dei eldre husa er som ligg ved sida av det nye.» På tilsvaran-



«Spar-marked» på Jørpeland er eit godt døme på ein butikk som eksponerer seg med mange meter daud vindauge-fasade mot gata.



På Judaberg har det vaks opp tre nye bygg for offentlege kontor like ved hamna. I form, farge, val av vindauge og på andre vis spelar husa saman med sjøvende aktivitetar og tradisjona som ligg i området.

de vis skulle ein kunne seie når ein bygger på hus: «Slik vi formar dette påbygget, får vi eit hus som er minst like vakker som det var tidlegare.» Ser vi at eit bygg er bygd i fleire steg, skulle vi dermed kunne rekne med at den vakraste delen av huset er ført opp sist. I røynda er det snarare tvert om slik at for kvar utviding taper bygget estetiske kvalitetar.

Den eldste delen av Handelslaget i Årdal var eit vakkert hus. Etter kvart er dette utvida med tre tilbygg. Det er ikkje råd å seie om nokon av desse påbygga at det nye er meir vakker enn nokon av dei tidlegare delane. Og det let seg ikkje gjøre ved nokon av byggjestega å seie at det gjorde den samla konstruksjonen meir vakker enn den var tidlegare.

KORTSIDA MOT GATA GIR LIV OG RØRE

I eldre handelsgater vender husa gjerne brystet mot gata. I Ryfylke ser vi dette med den eldre delen av bygningsmassen som soknar til Sandsgata. Såleis får vi kortare veg mellom butikkar og ærend enn det ville vore om butikkhusa la langsida langs gata. Med hus som orienterer

seg med brystet mot gata, får vi over ein gatestrekning fleire dører folk går inn og ut gjennom. Vi får meir mylder på fortau og i gata. Mange utovervende hus som ligg til den sosiale allmenningen som gata og torget er, gjev liv i sentrumsskipnaden.

Butikk- og kontorbygg frå 1960-åra og seinare har gjerne lagt langsida til gateløpet. Kvar institusjon vil gjerne leggja beslag på mange meter fortausvegg. Det skulle vitne om storstått makt og styrke å breie seg. Men vi får lenger strekning mellom kvar dør. Det gjer gateløpet som folk fflyttar seg langs etter sosialt sett ein meir utarma arena enn den løysinga vi kan sjå der folk vrimalar både langs etter og på tvers fordi det er mange dører å gå ut og inn gjennom.

Forretningsbygga har gjerne utstillingsvindauga i gatevend fasade. Men særleg daglegvarebutikkane har lite spektakulære varer å stille ut. «Spar-marked» på Jørpeland er eit godt døme på ein butikk som eksponerer seg med mange meter daud vindaugsfasade mot gata. Elles er det gjerne baksida av varerealane vi ser i dei store spegelglas-vindaugo til daglegbare-butikkane.

TRÅDAR FRÅ TRADISJONEN

Det er ei utfordring i planarbeidet å leggje trådar inn i den fysiske strukturen som bind saman ulike areal og funksjonar i sentrumsskipnaden. Vi har sett korleis ein del av sentrum konkurrerer med andre deler når institusjonar flyttar ut heller enn å meverke til utviding. Gjennomgangstrafikk og store parkeringsplassar kan sprengje tettstader. Det er på tilsvarannde vis ei utfordring å leggje tradisjonstrådar inn i fysisk struktur slik at tettstader får vere meir ein heilskap i tid. Slike band mellom bolkar kan ein gjerne binde med enkle verkemiddel. Men det er mange døme på at ein



I Viklevåg ligg framleis «Hulda» som eit kulturminne frå fartøytid og potefart på Bergen.



Jørpeland bruk er i arkitektur og miljø som ein liten skatt i eit område som Jørpeland elles var i ferd med å flytte ifrå.



Ved å setja i stand «Spinneriet» henta Hjelmeland inn i sam- og framtid lag på lag av nærings- og kultursoge.

let vere å nytte jamvel greie til-tak i så måte.

Like fram til etter krigen var bygdene i ytre og midtre Ryfylke vesentlege fiskarbygder. Det låg jamt mange fartøy på mange av vågane. Slik var det også i Hjelmelandsvågen. Til etter 1980 stod det i stranda ved Gamle Banken i Nordbygda ein solid fortøynings-«T», støypt fast i ein vakkert murt sokkel. Det var eit verdig lite minne om ei nær og anngleis næringstid. Minne er tenlege trådar. Det ville late seg gjere å skjerme fortøyningsbolten då ein utvida vegen nordorver. Hjelmeland kommune valde å fjerne minnet. Dei braut eit band.

Elles ser vi etter kvart nye døme på at kommunar og tettstader legg tradisjonstrådar inn i endring og utvikling. På Judaberg har det vakse opp like ved hamna tre nye bygg for offentlege kontor. I form, farge, val av vindauge og på andre vis spelar husa saman med sjøvende aktivitetar og tradisjonar som ligg i området.

I Vikevåg ligg framleis «Hulda». Ei skøyte på 50 fot med 40 hk Rubb semidiesel maskin. «Hulda» ligg som eit kulturminne frå fartøy-tid og potefart på Bergen.

Somme bygg og institusjonar har ei soge og ein monimentalitet som hentar dei ut or diskusjonen om dei skal få stå. Dette gjeld særleg kyrkjene. Men det steinbygde bedehuset Bethel på Judaberg hører og til i denne kategorien. Rennesøy vel i 1995 for sin del å rive ned bedehuset på Finnesand.

Rekna i vernevøling er nok Jelsa fremste bygda i Ryfylke. Dette gjeld trehusa ved sjøen, handelsplasen, kaien, prestegarden og pensjonatet. I Jelsa ligg vakraste bankbygget i Ryfylke. Jelsa Sparebank viser at flatt tak ikkje er føresetnaden for moderne bankdrift.

Vernevøling kan gi ny og sterkare vørnad for hus og aktivitetar som var i ferd med å fare ut or medvitet til staden. Jørpeland bruk er i arkitektur og miljø som ein liten skatt i eit område som Jørpeland elles var i ferd med å flytte ifrå.

I visuelt miljø og tradisjonshandtering kan små detaljar ha stor kraft. På Reilstad på Finnøy har ein

stelt godt med og halde ved like ei bensinpumpe av gammal årgang. Sjølve butikken på Reilstad får betre proporsjonar ved sitt naboskap til denne biten god teknologihistorie. Reilstad vert ei mjukare bygd.

Hjelmeland vraka detaljen då kommunen fjerna fortøynings-«T»-en. Ved å setja i stand «Spinneriet» henta dei på den andre sida med inn i sam- og framtida lag på lag av nærings- og kultur-soge. Meieriet på Vikevåg er i ferd med å verte kulturhus. Omgjearringsarbeidet tok til med å rive pipa. Arbeidet med «Spinneriet» tok til med å setje pipa i stand. Ho står der som eit kulturhistorisk monument, som ei søyle som sveiser saman tider i Hjelmelandsvågen.

Erik Fossåskaret (48) er sosiolog og førsteamansis ved Høgskulen i Rogaland. Han har budd i Ryfylke sidan 1974 og bur nå på Rennesøy. Han har eit stort fagleg forfattarskap, og har også tidlegare vore ein flittig bidragsytar i Folk i Ryfylke.

Gata i Sand

AV GRETE HOLMBOE

Gata er hovudnerva gjennom strandstaden Sand. I år (1995) har Gata gjennomgått store endringar, og blitt eit trivelegare stykke bygdesentrum. Grete Holmboe har hatt ansvaret for planlegginga av det arbeidet som er gjort og gjer her greie for prosessen, ideane og resultatet av strevet.

Det starta med blanke ark og fargestiftar. Nesten. Det var ein desemberkveld i 1991, før julestriå hadde lagt alt forsamlingsarbeid daudt. Eit 90-tal engasjerte sand-

buar hadde funne vegen til Nesa-sjøhuset, til det nyrehabiliterte sjøhuset til Ryfylkemuseet. Sentrumsutviklinga på strandstaden sto på dagsorden.

Det var kommuneadministrasjonen som inviterte, etter at ei gruppe medarbeidarar frå ulike etatar hadde drøfta sakta seg i mellom, og deretter i møte med representantar for handels- og industriforeningen, reiselivslaget, museet og grenaudvalet. Og utgangspunktet var handlingsprogrammet for Suldal kommune 1991–1994, der det var tatt til orde for å utvikle Sand til eit sterkt komunesenter. I desse innleiane drøftingane kom det fram ei rekke ønskje om ulike tiltak for å gjera Sand til ein trivelegare stad, men det kom også opp ein ide om å trekke folket inn i prosessen på eit tidleg stadium.

Dette var bakgrunnen for at folket



Sands-Gata i 1908 eller-09, fotografert av John Kjølvik. Handel og handverk var det fundamentet strandstaden bygde på. Til venstre ligg krambua til Lars Eide («Store-Lars»), og bankanfor ser vi huset til lensmann Hans Kolbenstvedt. På høgre sida forretningen til Thore Underbakke, apoteket, fargeriet til Anders Røgenes og urmakarforretningen til Ordin Marvik. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

var samla til møte i Nesa-sjøhuset om kvelden den 4. desember 1991. Kommunen hadde ikkje anna i lomma enn ei målformulering i ein kommuneplan og eit knippe idear som var nedfelt i ei handfull møtereferat. Og dessutan eit par skisser til korleis Gata kunne komma til å sjå ut om ein fekk skifta ut noen glas i noen av husa, utbетra fortauet og møblert med benker og lyktestolpar og grønne vekster. Det blei eit vellukka møte, der folket følte at dei hadde kome til orde og kommunedirektoratet sat att med 5 sider med idear om gode tiltak.

Det var endatil sett av nokre pengar til praktiske tiltak. Men det som verkeleg løyste ut det store løftet for strandstaden, var behovet for sanering av vatn og avlaup. Heile Gata og sidegatene måtte gravast opp for å legge nye rør, og dette ga da eit godt utgangspunkt for å sjå nærmare på korleis det skulle sjå ut etterpå.

EIT SPENNANDE UTGANGSPUNKT

Sand er ein gammal strandstad. Det har vore kyrkje på staden like sidan middelalderen. Dei første strandsittarane reknar ein med slo seg ned alt på 1600-talet. Etter ei kjelde frå 1732 reknar Arnvid Lillehammer med at det alt kring 1730 var tett busetnad, smau og folk med ulike yrke busette på Sand. Strandstaden grodde fram som det høvde med terrenget og forholdet til hus som allereide var bygde. Mönsteret blei ein stad med sjøhus og naust ned mot Sandsvika, smale smau opp mot ei gate som følgde sjøen på langs, og med bustadhus og butikkar på begge

sider. Opp i bakkane kom det fleire hus, men ikkje fleire langsgåande gateløp.

Etter brannane i 1879 og 1892 blei strandstaden forsøkt stramma opp. Gateløpet blei rettare og husa meir harmoniske. Det siste kom nå elles av at dei fleste blei bygde opp att på same tida etter brannane. Men så brant det meir, kraftutbyggjarane kom til Suldal, vegen måtte fram og nye bygg fekk eit språk som sto betre til si eiga tid enn til dei husa dei skulle leva i naboskap med. Harmonien blei borte, bilane trenkte seg på og sentrum var i ferd med å bli ein stad dominert av mistilpassa hus, opne plassar og ein uregjerlig trafikk.

På austsida av Gata låg likevel husrekka nokså intakt, og i Nordenden og på Bakkadn sto husa slik dei alltid hadde gjort. Gata hadde i seg sjølv framleis menneskelege dimensjonar og vi var komne i ei tid der medvetet om miljøverdiar også tok til å trenge inn i



Husa på Bakkadn er sette opp i ein etasje før 1860 ein gong og dei er truleg av dei eldste ein har på Sand. I dag er dei fleste av desse husa påbygde og omgjorte. Bakkadn 6, lengst til venstre på biletet, har framleis den gamle forma. Biletet er tatt i 1902. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.



Bankbakkjen 5 er eit godt døme på dei arkitektoniske verdiane ein ønskjer å ta vare på. Dører, glas, kledning, listverk og dørheller er viktige detaljar i strevet med å ta vare på heilskapen.
Foto: Forfattaren.

dei innerste fjordarmar. Det første som blei gjort var å oppmuntre huseigarane til å ta vel vare på husa sine, og rehabilitera fasadane mot Gata for å få att mest muleg av det opphavelege preget.

RETTLEIING FOR HUSEIGARAR

Eit fargerikt hefte var såleis første synlege resultatet av strevet med å gjera Sand sentrum til ein trivelegare stad. Her tok vi utgangspunkt i bygningshistoria til staden.

Det er få av dei husa som nå står på Sand som kan vera frå før 1800. Dei eldste husa finn vi i Nordenden, på Bakkadn og i svingen øvst i Osbakkjen. Ein kan tidfeste desse til 1850–1860-talet. Utviklinga av desse husa er den same som ein kjenner over store delar av Vestlandet. Dei enklaste husa hadde ei tømra stove med gang og kammers i reisverk. Større hus blei bygde med ei tømra stove på begge sider av gangen. Da blei det lagt eit kjøkken bak gangen. Neste trinn var at huset blei så breidt at ein bygde kammers bak kvar av stovene, og dei riktig store husa blei bygde utifrå det same prinsippet i to høgder.

På våre kantar var dette grunnprinsippet i husbygginga over lengre tid både på gardane og i tettstadene. Dei lokale handverkarane sette så sitt preg på detaljane utifrå moteretning og lokal tradisjon.

Brannane i 1879 og 1892 kom begge medan historismen og sveitser-stilen prega arkitekturen i Norge. Perioden kunne strekka seg over noe tid, særleg utanom dei store byane. Svensen-huset i Eidsvegen er eit typisk eksempel. Dette blei bygt så seint som i 1915. Av dei husa vi elles har i dag, er husa i Gata frå og med Røgeneshuset til og med husa i Osbakkjen av dei husa som er att frå denne perioden. Dei blei bygde med tanke på verksemد i første etasje eller i kjellaren,

og med bustad over. Planløysinga var ein firedekt hovudetasje med to stover fram mot gata, eit kammers og kjøkken bakom, og inngang på sida. Fasadane var meir og mindre rikt dekorerte med listverk, utskorne sperr og «snikkargleider». Underbakkehuset skil seg ut frå sveitserhusa i form, da dette blei sett opp att i same form som før brannen, men glas og detaljar elles var klart sveitserprega.

Åra 1905–1930 reknar ein som nyklassisimen i stilhistoria til bygningane. I nyklassisismen gikk ein tilbake i historia og henta element frå empiren. Maglahuset i Sørenden er eit eksempel på denne byggeperioden.

I perioden 1920–1940 var det jugend-stilen som påvirkta utforminga av husa. Det blei ikkje bygt mye i denne perioden, men noen eksempel finst. Einersbakken 4, Bustad og nr. 6, Bjerga er døme på hus som er bygd ei denne perioden.

Frå slutten av 30-åra og fram til 50-talet var det funksistilen som prega arkitekturen på Sand. Husa fekk kubistiske trekke med enkle, klare linjer og glasa blei gjerne plasserte heilt ute i hjørna på huset. Taket kunne vera flatt eller valma. Glasa var heile flater utan sprosser, gjerne sett saman med ein midtpost i to- og trefelts glas.

Gjenreisinga etter krigen kom ikkje til å setta noe preg på strandstaden. Likevel bar byggestilen preg av det som elles skjedde i landet. Ein fekk låneordningar gjennom Statens Husbank og ferdighusprodusentane var i rask framgang. Haugen blei bygt ut i denne tida.


Poenget med heftet var å bli merksame på dei kulturhistoriske og arkitektoniske verdiane som låg i husa frå dei ulike periodane, og så gi råd og rettleiing om korleis ein kunne utbetre hus utan å øydelegge desse verdiane. Heftet går såleis gjennom korleis ein med enkle midlar kan gjera dei gamle husa til fullgode hus



Fortaua på begge sider av Gata er utvida, og det er plassert lyktestoplar på den eine sida og blomstrande kirsebørtre på den andre. Heller er gjennomført som toppdekke på fortau, kanta med granitt kantstein og med detaljar elles i granitt.
Foto: Forfattaren.




Eit gatemiljø som folk kjenner seg heime i. Foto: Forfattaren.





Fasadeoppriß frå Gata på Sand etter oppmåling. Teikning: Forfattaren.



Fasadeoppriß frå Gata, rekonstruksjon med tanke på rehabilitering. Teikning: Forfattaren.

for moderne føremål og peikar på kva ein kan gjera med etterisolasjon, utbetring av glas og dører, skifting av bordkledning, taktekking og fundament. Problem kring tilbygg og nybygg blir også behandla, og det blir lagt vekt på at også uteområda med trapper og rekkverk, gjerde og hagar og, ikkje minst, skilting av butikkar, spisestader og verkstader.

Mykje arbeid blei dessutan lagt ned i å utarbeide ein fargeplan for dei ulike område på Sand, sett opp ut frå dei typiske fargeholdningane i dei ulike byggeperiodane. For dei eldste husa i sentrum blei det gjennomført ei fargeregistrering på gamle bygningsdelar. Saman med gamle fotografi har det så vore muleg å komma fram til den opphavlelege fargebruken. Fargeplanen er m.a. distribuert til dei som sel maling på Sand, slik at folk kan få god rettleining om kva fargar som passer når dei kjem for å handle.

Saman med ei kommunal støtteordning for hjelp til arbeid med planar for fasadeendringar, blei det såleis lagt ned store ressurser i den delen av planen som var avhengig av innsats frå huseigarane. Og det har ført til positive resultat. Ikkje alle bryr seg, men nokre har begynt, og alle tykkjer det blir fint. Ein håper såleis at desse første som tar i ferde med ei rehabilitering i samsvar med planen, kan bli eit godt føredøme og ein inspirasjon for andre.

HEILE GATA SNUDD OPP NED

Dei store, fysiske arbeida er det likevel Suldal kommune sjølv som har stått for. For å gjennomføre VA-saneringa måtte heile Gata gravast opp frå ende til annan, og i tillegg alle sidegatene. Dette skjedde vinteren 1994/95 og det var ei tid med eit nokså utriveleg gatebilde. Men utetter våren tok tinga til å falle på plass att, og til ferien var det meste ferdig. Finpussen gikk føre seg på ettersommaren -95.

Planen tok utgangspunkt i Gata som nerven, og plassen mellom bakar Ronæs og handelslaget, Torjå, som kjernen i sentrum. Parkering er lagt utanom dette området. Gata fekk to-vegs kjøring heile vegen, men med ny hovudnedkjøring til kaien, slik at torget skulle bli mest muleg bilfritt.

Fortaua på begge sider av Gata er utvida, og det er plassert lyktestolpar på den eine sida og blomstrande kirsebærtre på den andre. Frå gammalt av var det hellelagte fortau i delar av Gata. Heller er nå gjennomført brukt som toppdekke på fortaua.

På Torjå er forholda lagt til rette for torgbilar som har fått ei fin plassering til kvardags. Til festbruk er det bygt ein liten paviljong som kan brukast som scene, og som elles kan brukast som salsbod for frivillige lag som skal selja lodd eller ha andre aktivitetar føre seg. Midt på Torjå står skulpturen «Varde» av Freddy Gislesen og minner oss om at vi er komne til ein kommune med mykje stein og vatn.

Verven har vore ei utfordring i seg sjølv. Verven er plassen der skipsekspedisjonen held til og der hurtigbåtane til Rogaland Trafikkselskap legg til. Ei tid har det vore slik at tilreisande som har kome med hurtigbåten har kome til ein bakgård. I planen blir det foreslått omfattande endringar i bygningsmassen rundt Verven, særleg ved reising av eit nytt næringsbygg i tilknyting til handelslaget, slik at strandstaden også får ei framside mot kaien. Men allereide nå er kaiområdet markert ved å bygge gangarealet noko opp, og gjennomføre ei planting som skaper rom i området.

Den tredje av plassane i sentrum, Bekkjatorjå, der ferja ligg, har ligge som ein ruin i årevis etter at det blei bygt ny ferjekai. Her har kome ei gjestebrygge i tre, og ein nødvendig pumpestasjon har fått ei utforming som markerer plassen og skaper rom kring seg.

Heile prosjektet, inklusive VA-saneringa, har til nå

kosta kring 11 mill. kroner. Men kor stor del av denne summen ein skal rekna til dei trivselsfremjande tiltaka er vanskeleg å seia.

DEN NYE GATA

Den største diskusjonen kring tiltaket, og den største skepsisen, har vore knytta til parkeringa. Planen tar bort parkeringsplassane i Gata, og reduserer også talet på parkeringsplassar i sidegater og på plassane. Nokre meinte at det vil føre til eit daudt sentrum. Folk ville heller stoppe ved kjøpesenteret utafor sentrum. Det har ikkje skjedd. Folk har tatt plassane og benkane i bruk. Det er blitt enda viktigare enn før å få med seg ein tur i Gata når ein er ute på handel. Ølhandelen på handelslaget har auka, medan den tilsvarande handelen på kjøpesenteret har gått ned.

Om ein vil lukkast med å skape ein triveleg møtestad i sentrum av Sand, vil vera avhengig av om ein greier å halde opp det differensierte butikktilbodet ein har. Sand har merka seg ut ved å ha eit stort utval av spesialforretningar i forhold til folketalet i det nærmaste omlandet. Det har gjort at mange har ærend i Gata. Om desse forsvinn vil det vera mindre grunn til å gjera seg ærend hit. Kommunen hadde også planlagt ein så

viktig møteplass som eit nytt hovudbibliotek utafor sentrum. Men så langt er Gata på Sand ein av dei viktigaste plassane for uformelle møte mellom sandbuar, og kanskje er det framleis muleg å få biblioteket lokalisert hit.

Så kan ein spørja seg om ein dermed har oppnådd noko av det som var hovudmålet i kommuneplanen, å gjera Sand til eit sterkt kommunesenter. Det er eit spørsmål som har mange aspekt i seg. I vår samanheng kan vi kanskje nøye oss med å peike på at ein ved å ta kulturhistoria med som føresetnad for eit planarbeid, og bygge vidare på kjente element, har skapt eit gatemiljø som folk kjenner seg heime i. Det er ikkje noe därleg utgangspunkt for ei bygd som må har meir enn vanleg tru på seg sjølv og sitt eige om ho skal våge å sjå framtida i augene.

Grete Holmboe (46) er interiørarkitekt NIL og tilsett i det rådgjevande arkitekt- og ingeniørkontoret Kon-Sul A/S på Sand. Ho har arbeidd mye med rehabilitering, både av kyrkjer, andre offentlege bygg og privathus, og er nå deltidsengasjert i arbeidet med å bygge opp eit kompetansesenter for bygningsvern ved Ryfylkemuseet.

Artikkelen er ei bearbeiding av tekster, notatar og teikningar som Grete Holmboe har laga i samband med utarbeidninga av sentrumsplanen for Sand.

Handel er kultur

AV ÅSE KLEVELAND

Åse Kleveland har gjort seg til talsvinne for penare tettstader. Den gode tettstaden blir til i eit lukkeleg samspel mellom private og offentlege interesser, men dette samspelet må styrast om ikkje tettstade skal bli utarma av kjøpesentra og bilisme. Artikkelen er i si opphavelege form skriven for eit meir urbant publikum, men statsråden har også eit og anna å seia til oss bygdefolk. Det offentlege rommet er ikkje alltid det som påkallar størst engasjement i dei kommunale styringsorgana, men det kan vera ein viktig lekk i ein strategi mot handelslekkasje og utarming av eiga bygd.

Regjeringen har satset på design, arkitektur og stedsplanlegging som en del av kulturpolitikken. Årsaken er selvsagt at den fysiske rammen for vårt daglige liv påvirker vår handel og vandel, de offentlige miljøers tiltrekningskraft og vår kvalitetssans. Stat og kommune har mye ugjort på dette området, men det har sannelig også næringslivet.

Byenes og tettstedenes kultur har mer enn noe vært kjennetegnet ved samspillet mellom aktører. Den funksjonelle begrunnelse har alltid vært den tette utveksling av informasjon, varer og tjenester, av folk og virksamhet som tjener på nærbidrag og gjensidig påvirkning. Byer og tettsteder er synergiefektens arena, hvor verdien av samspillet blir større enn summen av enkeltdelene.

UTARMING AV TETTSTEDENE

De gode byer og tettsteder som vi kjenner og ønsker oss, har aldri vært enten-eller, men både-og; de er

både offentlige og private, de har både det som koster noe og det som er gratis, det som er planlagt og det som er tilfeldig, det som roper høyt og det som er stillfarende.

Når vi ser rundt i det norske by- og tettstedslandskapet, og langt fra liker alt vi ser, er det nettopp denne tette funksjonelle veven vi ser har gått i opplösning mange steder. Byene er splittet opp, funksjoner er spredt over store områder, hver funksjon på sitt sted, knyttet sammen av enorme veianlegg. Dette er en sektorisering som kanskje, isolert sett, kan synes rasjonell for den enkelte virksamhet, for boligplanleggere, skolefolk, handelsstand, næringsliv og andre. Men vi har kanskje vært mindre oppatt av å se det mønster som vokser frem når alle disse rasjonelle enkeltprioriteringer legges ved siden av hverandre.

Så våkner vi en dag og opplever de store avstandene, ser at bysamfunnet eser utover i kulturlandska-

pet, tilsynelatende uten form eller mening. Og vi ser hvordan den økende bilismen er et ektefødt barn av denne utviklingen, som gir oss ikke bare en ny bevegelsesfrihet, men også store miljømessige problemer. Vi ser at svake grupper ikke kan følge med, enten det er barn og unge eller de gamle, grupper som hverken har mobiliteten eller kjøpekraften til å utnytte dette nye regionale nettverket av tilbud og tjenester.

Denne sektoriseringen og spesialiseringen suger kraften ut av de gamle sentrene; de sosiale møtestedene blir borte. Vi ser at dette er en utvikling som ikke bare gir oss store geografiske avstander, men også i økende grad kulturelle og sosiale skiller.

IKKE BARE GODE SIDER VED KJØPESENTRA
Jeg er glad for at dette er en problemstilling som også handelens egne organisasjoner tar opp på bred basis, blant annet gjennom analysen «Kjøpesentra og byutvikling» (mai 1992). Handelsnæringen har deltatt aktivt i denne forskyvningen av virksomhet ut fra bysentrene, i den sterke sektoriseringen, først og fremst gjennom bygging av kjøpesentre langs innfartsveiene. Det er derfor viktig at Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH) selv setter fingeren på problemer som har oppstått i kjølvannet av utviklingen og selv konkluderer med at «Det er ikke tvil om at 80-årene har ført til en rekke uheldige kjøpesenteretableringer, som hverken har vært bedriftsøkonomisk eller samfunnsøkonomisk lønnsomme».

Organisasjonen følger opp, litt forsiktig, med å si at den «aksepterer en viss begrensning av kjøpesentra dersom konsekvensutredninger avdekker for mange negative virkninger på miljøet, naturressurser og samfunn i forhold til de positive virkningene».

Her ligger en fruktbar antydning av at handelen ikke kan planlegge alene, at den inngår i en bredere kultur, og at de rene handelsmaskiner, som vi kjenner dem ikke minst fra det amerikanske samfunn, har endel utilsiktede bivirkninger som også handelen selv vil være med og diskutere konsekvensene av, og løsningene på.

Når vi snakker om forholdet mellom handel og kultur, dreier det seg altså om et sammespill. HSHs analyse slår fast at det handlende publikum vil ha noe mer ut av besøket i butikkene enn en ren handel. De vil ha opplevelser, underholdning, tilkobling til noe interessant og kanskje spennende, sosial kontakt. De vil se og bli sett, delta og observere. De vil nettopp ha denne bymessige kvaliteten, enten de finner den på butikktrappen, i veikrysset utenfor den gamle landhandlen, på torvet langs fortauet eller inne i kaféen på tettstedet. Men hvordan får vi dette til?

Vi må kunne diskutere hvor klokt det er, sett i et mer helhetlig perspektiv, først å trekke handelen ut av sentrum, vekk fra den miljømessige og kulturelle sammenhengen i bygater og ut mot torv, for så etterpå å skulle supplere med noen doser kultur og litt passende underholdning for å rette opp de verste skjevheterne.

Jeg tror vi må erkjenne at handlegate i et kjøpesenter ikke er et offentlig rom, det er et spesialområde viet handelsfunksjoner, der de besøkende først og fremst er interessante gjennom sin kjøpekraft. Kjøpesenteret er en investering som skal gi eieren rimelig avkastning; det kontrolleres for passende bruk, og stenges etter behov. Det er ikke et offentlig gaterom, der du har rett til å oppholde deg og agere som borger eller besøkende i byen. Og kjøpesenterets handlegate blir ikke offentlig ved at vi legger inn ett

og annet offentlig tilbud eller litt underholdning. Kultur stikker dypere enn pynt på kaken.

VIKTIG AT DET ER PENT RUNDT OSS

Jeg tror ikke noen av oss har noen forestilling om at vi skal tilbake til småbyenes tette idyll, der kjøpmannen bodde over butikken og varene ble produsert i bakgården. Vi har kjøpesentre og vi har biler, og det skal vi fortsette med. Vi har avstander og en kultur der valgfriheten, hurtigheten, spesialiseringen, det nye og det spennende i siste mote, gir rammer for den etterspørrelsen som handelsnæringen må møte.

Men vi må samtidig være villige til å stoppe opp og se på den retning slike endringer i livsmønster fører samfunnet i, og hvilke konsekvenser det får for de omgivelsene vi også skal leve i når vi ikke er kunder. Så lenge handel er kultur, vil det være et viktig kulturpolitisk mål å holde en aktiv og åpen dialog gående med handelsnæringens folk om dette.

Vi har mye å snakke om innenfor en slik dialog. Jeg er som kulturminister opptatt av hvordan det ser ut rundt oss, av den arkitektur og design vi omgir oss med, og som danner rammer om vårt fellesskap. Vi vet at en bygningsfasade har flere funksjoner; den forteller oss hva som skjer i huset, og forsøker å lokke oss inn dersom vi har noe der å gjøre. Men den samme fasaden er også en vegg i et offentlig rom eller ut mot et felles landskap. Den er et skilt, og den er arkitektur. Derfor kan den ikke være seg selv nok. En butikkfasade må være vakker, må kommunisere vennlig med sine naboer, og forholde seg med en viss ærefrykt til stedet, i tillegg til at den skal være blikkfang for potensielle kunder, og selge varer. Skiltene på fasaden er en viktig del av den visuelle kulturen, men en del som vi har vært for lite opptatt av.

Sammen med Miljøverdepartementet, Kommunaldepartementet og Vegdirektoratet har vi i Kulturdepartementet sendt ut anbefalte normer for utendørs skilt og reklame. Her ser jeg frem til et aktivt samarbeid med handelsnæringen, ut fra en felles forståelse for at kvalitet til syvende og sist selger best. Vi snakker her ikke minst om at virkemiddelbruken av og til bør begrenses. Det kan være lurt å forsøke å overdøve naboen en stund, ved å rope høyere, men i det lange løp tror jeg vi alle er tjent med å dempe oss litt.

I arbeidet med utendørs reklame oppdaget vi at også reklamebransjen selv var interessert i et samarbeid for å rydde opp. De var interessert i at det ble gitt strengere rammer for kvalitet og stedstilpasning, forutsatt at de nye rammene kunne praktiseres rettferdig. Og i arbeidet med estetikken vedrørende bensinstasjonene, en fremskutt nisje innenfor handelnæringen, har vi også møtt vilje i bransjen til samarbeid om nye normer for mer dempede virkemidler. Dette er erfaringer vi håper å kunne gå videre med i et samspill med handelsnæringen, der ikke minst kjøpesentrerne og butikkjedenes estetikk og tilpasning til omgivelsene vil stå på dagsorden.

Det forutsetter at alle parter er villig til å se ut over egentinteressene, og at vi snakker om noe mer og annet enn at myndighetene skal legge til rette for handelen.

HANDELSNÆRINGA HAR SIN DEL AV ANSVARET

Jeg mener at ansvarsfordelingen for en vellykket byutvikling bør være noe likere fordelt enn i analysen fra Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon. Der er det stadig i hovedsak myndighetene som skal legge til rette, i en lang liste over oppgaver,

mens handelen bare gis ansvar for åpningstider, underholdningstilbud og eget miljø. I flere av de gode eksemplene som refereres, har nettopp handelsstanden påtatt seg et ansvar som har gått ut over den tradisjonelle sektorrollen. Jeg tror det er det vi mener når handelen skal gå sammen med andre for å forbedre fremtidens miljø i Norge. Et felles løft, på tvers av sektorer og skyttergraver. Da kan handelen bli en positiv del av kulturen.

Åse Kleveland (46) er kulturminister i regjeringa Harlem-Brundtland. Ho er tidlegare kjent som visesongar og underhaldningsartist, og ho har hatt ei rekke tillitsverv innan kultursektoren, m.a. som leiar for Norsk musikerforbund 1979–1983 og nestleiar i Norsk Form frå 1985. Frå 1987 til 1990 var ho adm. dir. for underhaldningsparken Tusenfryd utanfor Oslo.

Artikkelen ble første gongen trykt i Aftenposten 9/12-1994 under tittelen «Kjøpesentre i kulturpolitisk perspektiv», og er her brukt etter løyve frå kulturdepartementet.

Kultur og næring

– to sider av samme sak

AV NJÅL KOLBEINSTVEIT

Eg trur ofte vi gjer den feilen å setja kulturverdiar opp mot økonomiske verdiar, i staden for å sjå kulturen som ein basisføresetnad også for næringsverksemd, skriv Njål Kolbeinstveit i denne artikkelen. Tvertimot, meiner han, så er det slik at næringsverksemd føreset ein høgverdig kultur, der open dialog er ein av dei sentrale føresetnadene for at det økonomiske systemet vårt skal fungere.

«Jorddyrkning er den einaste sanne kultur», har Arne Garborg sagt. Kva er det som kan få eit åndsmenneske som Arne Garborg til å seia noko slikt?

Då trur eg først og fremst ein må finna ut kva som sermerkjer eit åndsmenneske.

Eg trur det er tre ting:

- Vørnad for menneskeverdet
- Ansvarskjensle
- Klarsyn

Ser ein på dei nemnde orda av Arne Garborg, og vurderer dei på bakgrunn av det bondesamfunnet der han vaks opp, får dei meining. Det var ei tid med sterkt veksande folketal i Noreg. Det var klart at det ikkje var mogleg å brødfø alle som vaks opp her. Å dyrka jorda framstod derfor som ei nødvendig handling for eit ansvarsmedvite menneske. Det fylgde av respekten for menneskeverdet.

Med det klarsyn Garborg hadde var det enkelt å sjå denne samanhengen.

Av den kristne skapingssoga som bed mennesket om å leggja jorda under seg, og bli ein Guds med-

skapar, fyljer det at det å driva næring er eit gudgjeve oppdrag.

Dette perspektivet på næringsverksemd har i stor mon blitt borte for oss. Då trur eg det oppstår problem.

KULTUREN EIN FØRESETNAD FOR NÆRINGSVERKSEMD

I boka si «Demokratisk kapitalisme» har professor Francis Sejersted sagt:

«Hverken stat eller marked kan fungere hvis ikke det er forankret i det som oftest kalles et sivilt samfunn der normer og mening tas vare på og utvikles. Dagens problem består i at dette sivile samfunn er i ferd med å forvitre. Om dette er tilfelle, innebærer det at såvel stat som marked er i krise. Da hjelper det ikke bare å gi nye fiffige løsninger på kombinasjonen stat/marked.

Hegel opererer med en triade i sin famfunnsanalyse, – nemlig politikk, økonomi og familie.

I prinsippet er det noe tilsvarende når en snakker om

stat, marked og sivilt samfunn. Man kan spørre hva det kommer av at den siste delen av triaden er falt ut i så meget av den politiske debatt slik at man bare kommer til å snakke om stat og marked.»

KULTUREN SOM BASISFAKTOR FOR DET ØKONOMISKE SYSTEMET VÅRT

Det økonomiske systemet vårt kallar vi marknadsøkonomi eller av og til blandingsøkonomi, fordi marknadsøkonomien blir påverka av ein del offentleg politikk.

I marknadsøkonomien skal einskildmennesket og einskildverksemder ta avgjærde i ei mengd saker.

Når til dømes ei verksemd skal ta stilling til eit viktig spørsmål, føreset gode løysingar at spørsmålet vert grundig drøfta på førehand.

Det inneber at organisasjonen må fungera slik at ein fruktbar dialog kan verka i praksis i organisasjonen.

Medarbeidarane må kjenna seg inspirerte til å koma med eigne sjølvstendige vurderingar i eit samspel med kvarandre, slik at ein kan koma fram til gode løysingar.

I dei verksemndene der eg har lukkast som styreformann og rådgivar har det alltid vore grobotn for ein konstruktiv dialog. Der det ikkje har lukkast å finna løysingar, har dialogen mangla. Då får ein samtidig eit fiendebilde på seg når ein kjem med motførestellingar.

Som student brukte eg å løysa eksamensoppgåver i eit kollektiv saman med medstudentar. Ei hending derifrå gløymer eg aldri. Ein av deltakarane sa etter at vi hadde løyst ei oppgåve: «Nå er vi kome fram til ei løysing som vi alle tykkjer er god, og ingen av oss kan seia kven som kom med denne løysinga.»

Denne historia har eg tenkt tilbake på mange gonger. Det kan fortelja noko om kva som skjer når ein dialog fungerer godt. Deltakarane føler at dei blir sette pris på og tekne omsyn til som likeverdige menneske. Samstundes skaper ein noko nytt som alle eig sin part i. Under slike høve kan ein også få næringsverksemd til å fungera godt.

Denne måten å arbeida på er sjølve basisføresetnaden for at demokratiet og det økonomiske systemet vårt skal fungera. Bærebjelken i det heile er respekten for det einskilde mennesket som ein sjølvstendig tenkjande og handlande person. Sviktat dette, kan manipulering og trakkassering av sjølvstendige personar føra til at det økonomiske systemet ikkje fungerer. Det skjer dersom frykt eller påskjønning får eit menneske, medvite eller umedvite, til å ta andre standpunkt enn dei ville teke utan frykt eller påskjønning.

DET ER FEIL Å SETJA ØKONOMISKE VERDIAR OPP MOT KULTURVERDIAR

Eg trur ofte vi gjer den feilen å setja kulturverdiar opp mot økonomiske verdiar i staden for å sjå kulturen som ein basisføresetnad også for næringsverksemd. Kulturen skal nettopp tryggja slike verdiar som ein føresetnad for at det økonomiske systemet vårt skal fungera.

Nyleg fylte tidlegare byantikvar Unnleiv Bergsgard 70 år. Til Aftenbladet gav han uttrykk for at det var einskilde bygg i Stavanger som ikkje tente bybiletet. Økonomiske omsyn hadde fått telja for tungt etter den tidlegare byantikvarens vurdering.

Her finn eg det på sin plass som økonom å peika på at dei to nemde prosjekta også har vore økonomiske miserar.

St. Olavskvartalet vart ein av dei største økonomiske katastrofene som Rogalandsbanken gjekk på. Eg finn grunn til å trekka den konklusjon at det som byantikvaren ikkje trivst med ut frå sine faglege vurderingar, det kan eg trygt seia også har vore ei ulukke reint økonomisk. Eg er overtydd om at denne saka syner noko allmenngyldig.

Der ei løysing er uheldig ut frå økonomiske omsyn, vil ein skade den allmenne kulturen ved å pressa den igjennom. Det gjeld i særleg grad om ein samstundes øver vald mot bygningskultur og kulturlandskap slik det ofte skjer. Er trøngen til det grandiose så sterk at ein vil pressa gjennom store prosjekt sjølv om det er uheldig for bygningsstruktur, kulturlandskap og økonomi, fører det også til ei splitting av eit samfunn. Dei som har mottførstillingar får lett eit fiendebilde på seg. Samstundes vil det vera trøng for manipulering for å få sakene gjennom. Dette er undergraving av kulturgrunnlaget vårt.

Har ein tilstrekkeleg sterk basis i kultur, vil ein ha eit bolverk mot slike uheldige utslag eg her har nemnt. Det gjeld både for ein bedrift, ein kommune og for samfunnet som eit heile. Den finske presidenten Koivisto har sagt at kulturen er ein viktig del av eit lands forsvar. Det er min påstand at kulturen også er det viktigaste bolverket mot økonomiske katastrofer og feilsatsingar i einskildsaker.

Vi står overfor valet mellom ein generelt høgverdig kultur der den menneskelege skapartrongen blir nytta i den gudgjevne forvaltaroppgava, eller å la prestisje styra medmenneskelege relasjonar og ressursutnytting. Det siste representerer både ei menneskeleg og ei økonomisk utarming.

Høgverdig kultur gjev også god ressursutnytting.

NÅR KULTUR SKADER EIT DEMOKRATISK ORDSKIFTE

For knapt ein generasjon sidan kom det framlegg om å byggja eit ferrolegeringsverk ein stad i Ryfylke. Det var tale om et gigantisk investering som skulle gi ein del arbeidsplassar. Den dåverande fylkesmannen i Rogaland vart spurd om sitt syn på saka av Aftenbladet.

Fylkesmannen gav uttrykk for at dette var eit prosjekt som ville trenga svære offentlege subsidieringar gjennom kraftpris og subsidiering til sjølve investeringa. Subsidiane ville bli så store at dei i praksis ville dekka alle lønnskostnader. På det grunnlag gav fylkesmannen uttrykk for at saka måtte vurderast nøyne før ein tok stilling til prosjektet. Difor tok han ikkje standpunkt til saka før den var gjennomgått grundigare.

Ein sentral politikar skreiv då mot fylkesmannen i avis. På ein forsiktig måte insinuerte han at fylkesmannen med si vurdering eigentleg var ein talsmann for det rike Stavanger og Jæren med front mot det fattigare Ryfylke som trøng arbeidsplassar.

Det som denne sentrale politikaren har skrive, må ein frykta for vil løysa ut ein destruktiv aggresjon mot fylkesmannen slik at konstruktiv debatt i saka vert umogleg, frykta eg. Få dagar deretter skreiv ein lokalpolitikar i klare ord det som den sentrale politikaren hadde insinuert på ein forsiktig måte.

Eg kjende på at desse politikarane rørde ved djuptliggjande krefter i menneskelivet som var til skade for ein konstruktiv debatt. Saka representerte ei grov krenking av elementære normer for ordskifte, og kunne gi ressursøyding som resultat. Eg hadde sett dette fenomenet før. Det gjorde vondt å sjå det ein gong til. Kva slags krefter i menneskelivet er det som utløyser slik skadeleg verksemد, spurte eg

ein student som var i ferd med å ta hovudfag i statsvitenskap.

Statsvitaren analyserte situasjonen for meg. Menneske kan tenkja politisk ut frå to ulike grunnføresnader. Eit demokratisk innstilt menneske vil halde seg til saka og vera open for motargument. Og motsett, skjer det på fascistisk vis vil det vera like viktig å ta mannen som ballen. Statsvitaren gav meg eit oversyn frå ei lærebok i statsvitenskap der demokratiske og fascistiske verdiar er stilt opp mot kvarandre. Så la statsvitaren til: Tilfeldigvis veit eg at den politikaren som har skrive dette innlegget var nazist.

Saka gjorde inntrykk på meg. Den lokale politikaren kjende eg godt, og eg skulle gjerne ønskja at det var mogleg å forklara han samanhengen. Det var ikkje lett å gjera då ein var 25 år gammal. Saka syner at den fascistiske tenke- og handlemåten hadde makt over lokalpolitikaren utan at han sjølv hadde medvitt om det.

Nyleg vart eg utsett for ein slik type argumentasjon som desse politikarane gav uttrykk for for 25 år sidan, – også denne gongen i ei sak om næringsutvikling.

Ein røynd pedagog spurte meg korleis eg opplevde det. Då fortalte eg denne historia eg nå har gjengitt, og la til: Dei som i dag er pedagogar må vera

særleg merksame på at mange heimar som reknar seg sjølv som patente, podar inn i borna sine ein del av denne farlege materien som kan gi utslag i fascism. Det skjer ikkje minst i bondesamfunnet, og med eit godt samvet. Dei som er pedagogar bør søkja å hjelpe unge mennesker så dei ikkje vert prega av denne vonde gifta.

KONKLUSJON

Konklusjonen min er at næringsverksemd føreset ein høgverdig kultur. Næringsverksemd treng open dialog basert på respekten for menneskeverd og den menneskelege skaparevna. Sviktar dette, er det ikkje mogleg å driva næringsverksemd og næringsutvikling på forsvarleg vis. Difor må vi vera viljuge til å setja ting under debatt med ope sinn. Då er eg fast overtydd om at økonomisk verksemd vil fungera i praksis utan å koma i konflikt med andre kulturverdiar. Då vil også næringsverksemd gi viktige impulsar til å verna om heile vår kulturarv.


Næring føreset høgverdig kultur, og rett drive odlar det mennesket og menneskeleg fellesskap slik at det skaper ansvarsjkjensle for alt høgverdig.

Njål Kolbeinstveit er finansrådgjevar i Stavanger. Han har tidlegare vore tilsett i bank- og kreditvesen, og har opphavet sitt på Sand.

Namneskikken i Hjelmelandsvågen

AV NJÅL TJELTVEIT

Folk budde tett i det gamle strandstadsamfunnet Hjelmelandsvågen. Alle kjende kvarandre og laut akseptera at den fysiske avstanden var liten. Dette skapte nærliek og kontakt, og det var vanskeleg å gøyma seg for kvarandre. Visse sosiale skilje fanst det, og når folk omtala kvarandre, blei det ofte nytta tilnamn. Kona til handelsmann Lorentz Østensen blei t.d. kalla Lorentz-Maria i daglegtale. Vi skal sjå nærmere på namnebruken for personnamn i det gamle strandstadsamfunnet.



Hjelmelandsvågen hadde si glanstid som tettstadsamfunn i siste helvta av 1800-talet og tida etter 1900. Biletet er frå denne tida. T.v. det såkalla «persehuset» der dei pressa vadmål. Bak ser vi litt av bustadhuset som no er best kjent som Bjellandshuset. T.h. huset som Ole Halvorsen budde i etter at dottera Susanne blei gift med Jone Bjelland. Bustadhuset til Ole Halvorsen var i mange år seinare tilhaldssstad for Hjelmeland sparebank. Då dette biletet blei tatt, gjekk vegen oppe ved Bjellandshuset. Legg merke til at det seinare bankhuset på dette biletet har altan heilt i strandkanten. Naustet midt på biletet tilhørde Ole Halvorsen. Foto frå arkivet til Ryfylkemuseet.

I fleire bygder har det levd ein frodig tilnamnskikk. Mange gonger har dette vore nødvendig for å skilja folk med same førenamn frå kvarandre. Å omtala sambygdingar med etternamn har ikkje vore tradisjon i stabile bygdesamfunn. Berre tilflytta personar med høg sosial posisjon har vore omtala med etternamn eller tittel.

Det finst mange døme på at tilnamna har hatt karakteriserande negative trekk. Slike namn kallar vi gjerne utnamn. Dei vanlege og offisiellenamna får vi som barn i dåpen. Tilnamn og utnamn blir personar «utstyrt» med i ungdomsåra eller i vaksen alder.

Hjelmelandsvågen hadde si glanstid som tettstadsamfunn i siste

helvta av 1800-talet og tida etter 1900 og fram mot 1940. Då fanst det mange yrkesgrupper på strandstaden. Det er frå denne tida det finst mange tilnamn på folk.

Fleire av namna i Hjelmelandvågen er karakteriserande namn ut frå menneske sine yrke. Det dominerande i namnebruken er ikkje det vi kan kalla utnamn der namnet gir ein negativ karakteristik av eigenskapar ved personar som gjeld personlegdom eller utsjånad. Men det fanst og ein heil flora av slike namn. Det dominante tilnamnskikken i Hjelmeland er av positiv art. Nokre namn er laga for å skilja folk frå kvarandre. Mange hadde same forenamn og budde nær kvarandre på strandstaden. Namn som fortel om kva for menn ulike koner tilhøyrer finst det mange av.

Vi har notert desse tilnamna frå den gamle Hjelmelandsvågen:

NAMN FORKLARING

Karneles slaktar	Heitte Cornelius. Dreiv slakteri. Også kalla Slaktaren	Stampe-Lars Skomagar-Lars	Dreiv stampe ved Einervoll Lars Olsen som var skomakar
Mallin slaktar	Kona til slaktaren	Hansa-Taletta	Var bakar av yrke
Olav slaktar	Son til slaktaren	Janna-Henrik	Var bakar av yrke
Hjalmar slaktar	Son til slaktaren	Janna-Eli	Far hennar var glasmakar
Anna Karina slaktar	Dotter til slaktaren	Henriks-Berta	Son til presten
Sa-Per	Dreiv sagbruk ved elveosen	Torjer-Soffi	Gift med Ommund, Lava hans Ommund. Sa og Børve-Lava av di ho heitte Børve til jentenamn
Ola skomagar	Var skomakar	Eilert-Sissela	Gift med Hans
Hallvard skomagar	Son til skomakaren, dreiv i same yrket som faren	Arne-Jone	Jan sin Henrik, son til Jan Kona hans Jan Henriksen
Ola garvar	Dreiv med garving	Arne-Jone-Anna	Berta hans Henrik
Ane garvar	Kona til garvaren	Hilje-Adolf	Torjer si Soffi
Østen smed	Dreiv som smed	Hiljes-Berta	Kona til Eilert Olsen
Ane smed	Kona til smeden	Steinars-Nils	Jone Arneson, son til Arne Anna, kona til Arne-Jone Adolf som er son til Helge Berta, kona til Helge Nils Stenersen, son til Steinar
		Lorens-Maria	Gift med Lorentz
		Torbjørn-Sissela	Østensen. Sa og Misjons-Maria av di ho var misjons-interessert
		Ellings-Maria	Gift med Torbjørn
		Retsius-Lene	Gift med Elling, Ellings si Maria
		Mina og Minamaen	Lene som var gift med Retsius
		Lars-Gurina	Hermine og mannen hennar. Sa og Mina på Hauen Gurina som var gift med Lars

Haralds-Ingeborg	Ingeborg, kona til Harald	som Belland då han var liten
Rasma-Kari	Kari, kona til Rasmus	Dette var namnet på ein samtidig boksa. Boksaen hadde ord på seg for å vera modig. Han som blei Dillinger i Hjelmelandsvågen var lite modig.
Børve-Lava	Lava av Børve-folket.	Heitte Harald
Steinars-Nils	Andre sa Lava i Strånnå eller Lava hans Ommund Nils Stenersen, son til Steinar	Heitte Bjarne
Hansa-Henrik	Henrik Hansen, son til Hans	Var vilter og vågal.
Ola og Marta Karmane	Ektepar som budde tett ved vassrenna som frakta vatn frå elva til saga som stod ved elveosen	
Anton Karmane	Barna fekk same karakteriserande namn som foreldra	Dei dominerande namna når det gjeld omfang er knytte til koner der namna fortel kva for mann dei tilhøyrer. I vår tid der likestillingstanken har eit anna gjennomslag enn for 70 til 100 år sidan, vil mange reagera på denne namneskikken. Namnebruken gir uttrykk for kven som er hovudpersonen. Det er mannen si kone. Når folk t.d. sa Ellings-Maria gav dei uttrykk for at dette var Maria som tilhøyrde han Erling eller Elling som folk sa i daglegtale. Noko nedverdigande i forholdet mann-kvinne låg det ikkje i denne seiemåten. Men namnet skilde denne kvinnen ut frå andre som måtte ha same namn.
Hartvig Karmane	Ei vassrenne gjekk tett ved huset hennar	
Ingeborg Rennå	Kan vera negativt karakterisende	
Rese-Marta	Skreiv Tvedten, etternamnet fekk lokal uttale	
Per Tveitå	Heitte Laurits Aslaksen	
Laurits Bakkjen	Mannen heitte Lars	
Kromsen	Krumshagen	
Larsine England	Hadde vore i England	
Det fanst ein flora av tilnamn som det er rettast å kalla for utnamn. Alle namn som var laga for å karakterisera personar var ikkje vondarta. Her er nokre namn som blei brukte om personar. Desse namna har ikkje personnamnet til den det gjeld med i kallenamnet:		Dei personanne som fekk tilnamn knytte til yrke, dreiv handverk i Hjelmelandsvågen. Fiskarar og fartyførarar hadde ikkje tilnamn som karakteriserte dei ut frå yrke. Svært mange av dei som dreiv i ulike yrke hadde ikkje tilnamn, og det finst få døme på at spinnemeister, tilflytta handelsmenn og handverkarar blei utstyrte med tilnamn. Lensmennen budde og i Vågen, men dei blei omtala som lensmannen og fekk aldri tilnamn. Den siste lensmannen som budde i «lensmannshuset» i Hjelmelandsvågen, blei omtala som lensmannen eller lensmann Ånestad.
Belland	Uttala etternamnet til handelsmann Jone Bjelland	Litt uvanleg er det at sonen til soknepresten blei

kalla for Sverre prest. Sverre Langeland var fødd på 1930-talet, og familien budde lenge i Hjelmeland prestegård på andre sida av elva i Hjelmelandsvågen. Det var lite vanleg med tilnamn på personar i viktige samfunnsposisjonar som kom frå andre plassar til strandsstaden.

Det er vanskeleg å finna ein fast struktur i namnelaginga både når det gjeld yrkesnamn eller andre tilnamn. Den frodige namnefloraen med å gi folk utnamn eller tilnamn med ein viss humoristisk karakter, hadde og negative element i seg. Dette var ei form for mobbing i somme høve. Namn som Tørrfisken, Luren, Tjukken o.a. hadde ikkje berre ein positiv undertone. Det galdt somme av dei andre namna i lista ovanfor.

Somme personar hadde fleire namn. Dette var ikkje så vanleg, men vi har registrert at personar med tilknyting til Hjelmelandsvågen i tidlegare år, kjennner til ulike tilnamn på same personen.

Vi har sett at både slaktaren, kona og ungane fekk tilnamnet slaktar. Det var ikkje vanleg i alle familar. I skomakarfamilien Haugsland hadde far son tilnamnet skomakar. Men dei skomakarsønene som ikkje dreiv i same yrket som faren, fekk ikkje tilnamnet skomakar. Kvifor det ikkje er systematikk i namnelaginga er det uråd å finna ut av i dag.

Å gi folk tilnamn kunne ha praktiske fordelar, men vi må og sjå på dette som ei viss form for underhaldning. Namnelaging stimulerte til bruk av

fantasien i ei tid då folk måtte skaffa seg underhaldning sjølv i sitt eige nærmiljø framfor å ty til floraen av kommersielle underhaldningstilbod.

Kven som laga tilnamn og kvifor nokre fekk slike namn og andre ikkje, er det i dag uråd å kartleggja. Eldre folk og personar elles med tilknyting til det gamle strandstadsamfunnet kjener til den gamle namnebruken. Men opphavet til namna og kven som laga namna kan vi ikkje finna ut av i dag. Mest alle personane med tilnamn er døde, og den innarbeidde namneskikken døydde ut.

Ikkje alle personkombinasjonar var like lette å laga tilnamn av. Kvifor nokre personar blei valde ut og fekk tilnamn og andre ikkje, er det umogeleg å finna eit fast mønster for. Sikkert er det at oftast låg det ikkje noko negativt eller nedsetjande i namnebruken. Det var heller ikkje slik at nokon ikkje fekk tilnamn av prestisjemessig eller sosiale grunnar.

Njål Tjeltveit (52) er leiar av driftseining for kyrkje og kultur i Hjelmeland. Han har skrive fleire bøker og ei rekke artiklar om lokalhistoriske emne frå Ryfylke.

Artikkelen byggjer på samtalar med m.a. Wenche Laugaland, Jan Ommundsen og Georg Sæbø. Vidare er nyttta oversyn over kven som budde i Hjelmelandsvågen laga av Olav Sæbø i boka «Hjelmelandsvågen» som underskrivne gav ut i 1986. Elles har eg nyttja boka «Språkleg tradisjon» av Ola Stemshaug, gitt ut av det Norske Samlaget i 1978. Her står det om namnetradisjon i norske bygdesamfunn.

Sambygdingar blir beboere

AV EIRIK FOSSÅSKARET

Folk har møtt kvarandre kring gjeremål i næring og helg. Kaien, handelslaget, byreisene, basarane, misjonsforeiningane, minnestundene var vesentleg møtestader for samhandling i lokale samfunn. Det var ein jamn rytme og syklus i lokalt samspele på sosiale allmenningar der alle hadde rett til å delta. Dei turbulente bygdene har vorte ein annen type samfunn. Med mange innbyggjarar som stikk innom. Mellombels forhold er enten overflatiske, eller dei gir stadig kjensle av tap, og otte for tap.

For 20 år sidan hadde eg arbeidsplassen min i Kommunehuset på Hjelmeland. Dei første vekene etter at eg tok til i jobben, hadde eg kontor i Kommunestyresalen. Bak den grå skyvedøra som den gongen delte salen i to ulikt store rom. Ein av dei første dagane fekk eg vitjing av ein kar. Han skulle sikkert tinga «Bygdaposten» til ungane som hadde flytta frå kommunen. Heile tida medan han snakka med meg, stod han borte ved vindauge og såg ned i Vågen. Så høyrer eg han seie lågt, meir til seg enn til meg: «Og så han? I Vågen? Ein føremiddag? Tysdag? Aleine? Og så med veske? Bykledd?» Det var eit heilt batteri med spørsmål. Før non hadde han truleg fått svar på dei alle.

Slik er lokalsamfunnet. «Alle kjenner alle». Ja, ikkje nok med at dei kjende kvarandre. Eg som kom utanfrå med fleire års Oslo-vilkår i meg, kunne få meg til å spørje den eine i bygda om den andre:

«Kjenner du han?» «Kan skjøna eg kjenner han! Me er doble syskenbarn».

Det portrettert av Ryfylke-bygder vi kan teikne med materiale frå 20 år attende, er ikkje tilstrekkeleg gyldig i dag. Det er ikkje lenger slik at «alle kjenner alle» i same bokstavlege forstand som det var tilfelle i forrige generasjon. Det er med Ryfylke-buen som det er med folk i norske bygder elles, han stiller i dag færre spørsmål om færre personar i nabolag. Og det er meir usikkert om han straks får sikre svar på dei spørsmåla det kunne vere aktuelt å stille.

I denne artikkelen skal eg kort nemne nokre endringar som truleg har funne stad dei seinaste ti-åra, endringar som vi er inne i, eller som vi ser kan kome til å finne stad i nær framtid. Det gjeld i det vesentlege allmenne prosessar i norske bygder, slik samfunnsforskinga oppfattar desse. Når eg skal presentere ei slik utvikling her, organisert i seks punkt, freistar eg å lytte særskilt til Ryfylke.

MINDRE LOKALITET OG MINDRE SAMFUNN
NRK-lokalen i Stavanger slutta av middagssendinga ein dag med å ynske lyttarane velkomne til ettermiddags-sendinga. Orda frå programleiar fall om lag slik: «Da skal vi høre mer fra lokalsamfunnet Rogaland».


Lokalsamfunn er eit samfunn innan ei geografisk eining. Samfunn tyder samhandling. Nemninga «eit lokal samfunn» gjev mening om vi nyttar det om eit samhandlande fellesskap av personar som bur og arbeider så nær kvarandre at dei jamnleg har ein god del med kvarandre å gjere, dei samhandlar. Såleis gjer det dårleg mening å snakke om til dømes Hjelmeland kommune som eit lokalsamfunn. Jøsenfjorden er rettare eit lokalsamfunn. Jøseneset, Skår, Vormedalen, Hjelmelandsvågen, Randøy, Fister og Årdal. Vi kan få det til å høyre ut som om det gjev mening å rekne så mange lokalsamfunn i Hjelmeland som det er skulekrinsar. Tidlegare ville vi talt fleire lokale samfunn. Eitt for kvart bedehus gjerne. Nessa, Nes, Hetlandsbygda, Askvik, Fjellet ville og vore lokale samfunn. Det er 15 bedehus i Hjelmeland kommune. Kvar krins som hadde sine eigne basarar, har vore lokalsamfunn.

Så skjer det ei endring som er slik at folk har mindre å gjere med somme i grannelaget, og meir samhandling med enkelte utvalde i andre grannelag. Det er truleg ikkje slik at dei fleste i Nordbygda i Hjelmelandsvågen jamnleg byter ord og handling med dei fleste på Pundsnes like ved Vågen. Men folk som bur på Prestegardsfeltet i Hjelmelandsvågen, kan like gjerne ha kollegaer og omgangsvener i Årdal og på Fister. Samhandlinga i det lokale vert meir svak. Vi får meir samhandling over eit vidare felt. Såleis kan vi prøve oss med å kalle Hjelmeland kommune for eit lokalsamfunn. I så fall brukar vi

nemninga om ein lokalitet som er vidare, og om eit samfunn som er mindre tett enn det som har særprega lokale samfunn opp til no.


GLOBALISERING

Det finn stad ei globalisering av Ryfylke-bygdene. Innbyggjarane i lokale samfunn har henta røynsler frå det nære. Uro og glede, pratetema og vilkår for lagnaden i livet låg i det lokale. Figur 1 illustrerer dette lokalt organiserte i haldning og handling.



Figur 1. Lokal orientering

Så skjer det i vår tid at folk vender seg meir utover. Mange kjem frå andre stader. Dei har familie og vene i andre strok av landet. Dei har eigne røynsler frå andre stader. Det dei kan fortelje barna, er bitar av ei soge frå ei verd utanom den lokale. Tankar om framtida er gjerne retta til andre bygder og byar. Media fortel om den vide verda. Der folk tidlegare var *sambygdingar*, er dei i ferd med å verte *beboere*. Figur 2 illustrerer ei ny lokal orientering mot det globale.



Figur 2. Global orientering

FÆRRE KJENNER FÆRRE MINDRE

Det har vore nær bokstavleg tala slik at «alle kjenner alle». Ikkje nok med det. Alle kjende alle på så mange måtar. Folk kjende sambygdingane i mange ulike roller. Og dei vi kjende, kjende alle dei andre vi kjende – i like mange roller som vi kjende desse andre. Konferer figur 3.


Denne eigenskapen ved lokale samfunn – «alle-kjenner-alle, på-alle-måtar» – var sjølvfornyanande i lang tid. Det var snakk om eit kunnskapsnett som med sine batteri av spørsmål henta nye medlemer av det lokale samfunnet inn i nettet. Det er framleis slik i Ryfylke-bygdene at mange kjenner mange, på mange måtar. Ei granskning Asplan Viak gjorde våren 1995, svarar fleire at dei trivst godt i Hjelme land fordi det er små og stabile forhold. «Me kjenner kvarandre. Er greie med kvarandre».

I bygder der det var slik at «alle kjenner alle»,

passa folk på kvarandre. Så var det somme som vart passa for mykje på. «Det er for tront. Får mest ikkje pusta», seier óg somme i Hjelmeland.

Det er desse som har endringane på si side. Bygdene er i ferd med å verte mindre tette. Etter kvart vil fleire også her kunne seie: Ho eller han kjenner eg berre som kollega, eller som nabo. Og eg veit svært lite om kva personar ho eller han samhandlar med elles.

Det har vore vanleg å rekne slik at samfunn som endrar seg frå å vere tette til å verte meir opne, får fleire personar og grupper med problem av ulike slag. Og dei problema som kjem, vert det stadig meir eit ansvar for eit offentleg hjelpe- og støtteapparat å gjere noko med. I eit samfunn der folk stadig passar mindre på kvarandre, er det stadig fleire som blir passa for lite på.



Figur 3. Frå tett til laust nettverk

TURBULENTE LOKALE BYGDESAMFUNN

Vi seier gjerne at bygdene er *stabile* samfunn. Det er ikkje berre slik at folk har kjent kvarandre frå tidleg barndom. Dei kjenner endå foreldre- og besteforeldre-soga til dei andre.

Så er det likevel slik at bygdene meir er prega av *mobilitet*. Mange har flytta bort som unge, eller som unge vaksne. Andre flyttar til ved giftarmål og jobbsøking. Slik har det vore lenge i Ryfylke. Men folk

har for ein stor del flytta den eine gongen. «Me bygde i 1972», seier 50-åringane. Så vart dei der. Jamvel om Ryfylke-buen framleis er bufast, vil vi sjå i større målestokk ein tendens til at menneska flyttar gong på gong. Dei kjenner det ikkje som før slik at dei slår røter ved å få seg ein jobb og å byggje hus. «Me har eit fem-års perspektiv», seier stadig fleire når dei kjem til ein ny stad. Så flyttar dei etter tre år.

Dei *turbulente* bygdene har vorte ein annan type samfunn. Med mange innbyggjarar som stikk innom. Mellombels forhold er enten overflatiske, eller dei gir stadig kjensle av tap, og otte for tap. Med mindre folk med tre-års perspektiv oppfører seg som om dei alltid er inne i ei æve. Slik Martin Luther gjorde då einkvan spurde kva han ville gjere om dommedag kom i morgon. «Eg ville gå ut», svara Luther «og plante eit epletre».

FLEIRKULTURELLE BYGDER

«I mars 1909 gjekk Foldøen i land i Sørskår . . . , og no skulle han ta Årdal frå sjøen, og han hadde mange med seg», fortel Jacob Straume i boka «Kristenliv i Rogaland. Året etter stod «storslaget om Årdal . . . På bedehuset vart det vekking, og alle hus vart for små, og mange av dei beste menn i bygda gav seg over til Gud. Det såg ut som heile Årdal skulle bli med. Lensmannen streid lenge imot. Etter fjorten dagar gjekk han på møte, . . . la seg med andletet, kne og ålbogar på golvet og bad», fortel Straume.

Sidan før manns minne har Ryfylke-bygdene vore *homogene* samfunn. Einsarta i forestillingar om korleis både den vesle verda og den store verda er, og med omsyn til korleis ho bør vere. For 20 år sidan var det enno eit lagleg spørsmål for somme her i bygdene når dei møtte personar dei ikkje kjende

«frelsesvisse» for: «Fortel meg no, korleis har du det med Jesus?» I hundre år har bedehuset vore det normative sentrum for dei fleste bygder i Ryfylke. Ho eller han som sette seg utafor bedehuset, hadde sett seg utafor sjølve bygda.

Gjennom siste generasjon har jamvel Ryfylke-bygdene vorte stadig meir ueisarta, *heterogene*, samfunn. Ryfylke-buen i deg lever i fleirkulturelle, pluralistiske samfunn. Ved midten på 1990-åra har ikkje bygdene eitt normativt sentrum, men mange normative knutepunkt. Det gjeld butikkane, vaktrom på sjukeheimen, lærarrom, venninne-foreningane og andre møtestader der folk i bygda diskuterer rett og gale, kven ein skal rette seg etter og kven ein skal refse.

Men refsing er det stadig mindre av. Folk held fred med kvarandre over grenser mellom ulike livssyn og livsstilar. I bustadfelta kan det gjerne hende at eine familien svingar inn frå ettermiddagsmøte på bedehuset medan paret i nabohuset er på veg ut til ein privatfest, med to flasker vin synlege i ein pose. Dei pratar over hekkane som gode grannar. Vil kjøpa jordfresar på deling. Sutalaust fellesskap i handling på tvers av skilnader i handling er etter måten nyt trekk ved bygdene i Ryfylke.

Det heterogene bygdesamfunnet er eit tolerant fellesskap. Folk kjenner andre haldningar, og dei meininger og handlingar desse ytrar seg gjennom. Dei vurderer det andre står for. Sluttar til eller avviser. Men også i siste tilfelle markerer dei kvarandre sin rett til sine uttrykk. Endå i Ryfylke er det no slik at folk ikkje gjer krav på kvarandre.

Også i *segregerte* samfunn held folk fred. Ikke fordi folk er tolerante, men fordi folk ikkje gjeld for kvarandre. Der vil folk vere uforståande til sjølve spørsmålet om dei kan akseptere andre sine verdiar

og uttrykk. Jamvel folk som bur i same lokale samfunn, vil ikkje gjelde for kvarandre i verdi- og normspørsmål.

Ryfylke-bygdene er einkvan staden mellom det homogene og det segregerte samfunn. Jamvel små bygder er fleirkulturelle samfunn. Også slike har bruk for kulturelle køyreregler. I homogene samfunn passar folk mykje på kvarandre. Slik at somme blir for mykje påpassa. I segregerte samfunn passar folk lite på kvarandre i denne tydinga. Så hender det gjerne at somme blir for lite påpassa.

Også i heterogene og segregerte samfunn oraniserer folk haldningar, handlingar og ytringar etter verdier og normer. Men lokale samfunn vil vere normlause i den forstand at dei manglar det normative sentrum. Særleg i utgåva det segregerte samfunn kan det normlause samfunn for somme også ytre seg som det nådelause samfunn.

ARENAER FOR KOLLEKTIV REFLEKSJON

Lokale samfunn har hatt ei mangfaldig mylder av møtestader, arenaer, på nivå mellom individ og forvaltning/media. Folk har møtt kvarandre kring gjermål i næring og helg. kaien, handelslaget, byreisene, basarane, misjonsforeiningane, minnestundene var vesentlege møtestader for samhandling i lokale sam-

Forvaltning/media

Arenaer for kollektiv refleksjon

0 0 0 0 0 0 0 0 0

Figur 4

Individ

funn. Det var ein jamn rytme og syklus i lokalt samspel på sosiale allmenningar der alle hadde rett til å delta. Det er dette lokale kollektive nivået som gjer innbyggjarane til sambygdingar.

Arenaer for felles refleksjon byggjer ein sosial kapital. Det er verdien som ligg i samspel mellom lokal kunnskap og kjennskap til eksterne vilkår, lojalitet til tradisjon og vyar om framtida, felles verdiar, samordning av interesser og vilje til å veksle røynsler frå ulike løysingar. Det let seg gjere å vise til i det minste fire funksjonar ved arenaene for kollektiv refleksjon på nivået mellom individ og offentlege styresmakter.

1. Mykje av dei mange næringsskifte som har funne stad i Ryfylke, er initierte og borne fram på lokale sosiale allmenningar. Der kunne innbyggjarane hente ut bidrag frå og skyte inn i den sosiale kapitalen som låg der som eit fellesgode. Det kollektive nivå har hatt ei kulturside og ei næringsside.¹ Tolmodig sat ryfylkingen med ei landnot og venta på makrellsiget som etter alle solemerke skulle kome den eine eller den andre seinsmars-dagen. Men straks det spurdest på byreisene at Christian Bjelland hadde opna verdsmarknaden for ryfylkebrislingen, organiserte dei eit notalag for mest kvar ein gard. haust og vinter gjekk somme av skøytnene på Bergen med poteter. Dei laut vere trygge på lyktene dei som gjekk på skjeppelivet. Lasta ein dag, lossa neste. 10 timars nattsigling imellom. To rundturar kvar veke. Heime var resten av brislingfiskarane potetbønder. I aktersalongen på gamle D/S «Øybuen» diskuterte karane prisar og sortar. «Reine tyske» var mjølne og gode, men snare til å rotne. Skulle dei prøve desse nye «nummer-epla», «40-40» neste år? Under

kvar kai kom nye karar ombord. Nye røynsler og fleire meininger.

Lenger inne i fjorden vart dei fyrste plomme- og pærekkassane lempa over rekka. Alle kunne følgje med på kor dei vart trilla til Torget på handkjerrer. Så spurdest det vidare på basarane kven det var som leverte mest og best frukt. Om sortar og skjerring, og kor mange kroner ein hadde for arbeidet. Medan emissären snakka oppe i storsalen, sat mennene igjen med eit lite «fagseminar» rundt matbordet nede i kjellaren. Det var lett for dei å dra band mellom dei ulike arenaene.

Snautt hadde fyrste frukthagen kome i bering, frå Helgøy til Hålandsosen, så fløynde Torget i Stavanger over av plommer. «Endå han som skal leve av pæra og plomma i Ryfylke, ikkje kan leve kvart år», slik Hjelmelandsbuen sa det uårshausten.

Då kunne dei gjerne gå tidleg til båten. Og båten var somme gonger kraftig sein. Så gjekk drøsen langs etter benken på krumbua. Einkvan kunne fortelje om Ola Mæhle som hadde vore i Sogn og fått med seg reve-tisper. Sølvrev. På lokk av tobakksøskjer og på bitar av gråpapir frå den store rullen på disken, rissa dei opp korleis bura skulle spikrast. Sundag alt føre middag gjekk karane flokkevis frå revedgard til revedgard. Eit vandrande fagseminar. Nettopp han Ola Mæhle var guruen. Dei retta fram tispene til han.

No Ola, kva seier du om denne?

Ola blæs i pelsen, og sette timen. Det var så mykje om å gjera å treffa rette tida for pelsing.

– Du skal ikkje ta henne i dag, men i morgen føre middag, svara Ola.

Såleis utvikla dei spisskompetanse. Regefarmor var å rekne som ei gullgruve, med forlokkande sjekkar frå Hudson Bay Company.

Pinsedag var stemnedag. Både Stavangerske og Jøsenfjordselskapet la om rutene så alle båtane gjekk til stemnestaden. Konene pakka niste og songbok. I salongar og på dekk gjekk drøsen om normer og næring. Med seg heim hadde dei nye idear og instruksar til mennene. Det kom opp 200 høners hønsehus ved mest kvart eit bustadhus i Ryfylke.

Eit enno større tidsskifte introduserte Torstein Flesjå. Han var ved Sandve Hagebruksskule. På helgeturane heim til Finnøy var det nok av dei rundt han i salongen som lytta med interesse når han heldt fram at ein nettopp på deira øyar kunne dyrka tomatar av fremste sort. På eit ti-år hadde brislingfiskarane vorte i fremste gruppa av veksthusgartnarar. Næringskifte ligg lag på lag. Delvis filtrar inn i kvarandre, eller med armoda imellom. «Du veit det er så gale du kunne le deg i hel». Løysingane voks fram meir frå samhandling enn frå rik natur. «Du er betre hjelpen med ei god kona på ein dårlig gard enn omvendt», sa dei i Suldal. Samhandlingsarenaer gav skapande fellesskap. Stedene hadde fleire allmenne arenaer. Basarar og minnesamvær, misjonssamlingar og ungdomslagsfestar. Reisene var avgjerande. Mellom øyane og langs fjordane. Samle grendene. På kaiane og i salongane. Formidla mellom bygder og mellom by og land. Reisene var rom og tid for idear og røynsler. Slik var det i Ryfylke, som i mykje av landet elles. I Norge har kyst- og fjordareisene gjeve fleire tusen mil fagmøte kvar dag, morgen og kveld.

2. Lokaldemokratiet lever på nivået mellom individ og kommune(hus). Den som skal vere ein aktør i folkestyret, må ha informasjon om saker og vilkår som gjeld for styringsprosessen. Mykje av denne

informasjonen er det råd å hente ut av lokale media. Lokalavisene skriv om saker som skal opp i kommunale styringsorgan, og om vedtaka som samlar konklusjonane i seg. Dei som har møtestader å delta på, har høve til å bruke informasjonskjelder og informasjonskanalar på ein meir interaktiv måte. Såleis kan dei hente ut meir presist den kunnskapen dei søker, og leggje inn eigne røynsler og interesser som tel mykje for vedkomande. Lokale møtestader er eit vilkår for allmenne ordskifte der folk flest kan argumentere.

Om arenaer for kollektiv refleksjon forvirrar, vil Ryfylke-bygdene skifte karakter med omsyn til produksjon og formidling av meinings. I diskusjonar om demokrati for storsamfunnet skil ein gjerne mellom *offentlighetssamfunnet* og *opinionssamfunnet*. Denne endringa finn stad særleg om lokale samhandlingsarenaer vert borte. Om kvar bygd og krins endrar seg så dei vert opinionssamfunn, vil det ikkje vere råd å ta vare på eit offentlighetssamfunn i det store.

I *offentlighetssamfunnet* rår *relasjonane*. I eit handlande fellesskap *skaper* vi meinings og argumenterer standpunkt. Minoriteten har rettar. Politikaren *reiser* saker. Om meinings-produserande fellesskap forvirrar, veks *opinions-samfunnet* lettare fram. Her rår det *individuelle*. Vi *poseerer* på arenaen. Vi *konsumerer* meinings. *Reistrerer* dei. Den statistiske majoriteten kan tyrannisere minoriteten fordi fleirtal og mindretal ikkje kjem i handlande fellesskap med kvarandre. Politikaren vert eit *ekko*.²

3. Vi har sett korleis lokale samfunn etter kvart manglar, eller frigjer seg ifrå, det eine dominante normative sentrum. Kvar person har like fullt bruk for sett av normer å ordne eige liv etter, og å

vurdere i det minste sine nærmeste etter. Kvar ein-skild vil kome til å søkje eit normativt system. Slike verdi-system har bruk for eit kollektivt nivå. Normer er ein systemeigenskap. Berre fellesskapet, møtestaden, kan utvikle og forvalte normer. Også bygdene er i ferd med å verte samfunn med normativ mangfold. Ulike arenaer rår over ulike normsett like til at kvar arena har sitt normsysteem. Om bygdene vert fattige på arenaer, vil dei få preg av å vere steder som er utan lokalt forvalta normer.

4. Endeleg er sjølve trivnaden i lokale samfunn avhengig av lokale møtestader. Folk kan ha det greitt med seg sjølve og med nær familie når dei ferdast i lokal natur. Men den trivselen som er eit trekk ved bygda, føreset at sosiale allmenningar er i hevd. Trivsel er eit samhandlings-fenomen.

Det er to tendensar som verkar med til å gjøre samhandlinga om det lokale svakare. Lokale arenaer er i ferd med å byte pratetema. dagsorden skiftar frå å handle med det lokale til å observere det nasjonale og globale. Denne endringa samsvarar med, og er ein del av den globaliseringa som eg har skrive om ovanfor. *sambygdingar* har retta seg innover mot eit lokalt fellesskap. *beboere* orienterer seg utover mot det globale. Familie, grannar, bygd og bygdestyring har vore prateema. Like til eit fokus mot det lokale må vike for mediaformidla punkt på ein nasjonal og global dagsorden. Den enkelte aktør på arenaen kan supplere meir med røynsler fra eigne tokter ut or det lokale enn med bidrag til refleksjon over det felles lokale.

Det er for det andre eit problem for samhandling – retta mot både det lokale og det globale – at sjølve arenaene forvirrar. Folk er langt meir


mobile enn dei var tidlegare. Men vi kommuniserer gjennom kanalar som er frie for samhandlingsheft. Personbilen er ein rustning som tryggjer folk mot møte som ikkje let seg kontrollere fullt ut på sosiale allmenningar som buss og båt. telefon byr direktekontakt med styresmakter og vareleverandørar. Den fritek klientar og kundar frå sosial støy på tun og torg. Telefax er jamvel meir hensiktsmessig. Den tillet at vi skjer bodskapen rein for det vesle ornamentele utanomprat som telefonen innbyr til, jamvel føreset, i små samfunn.

Bygdene er i ferd med å verte meir enn tidlegare ein sum av målretta handlingar og individuelle disposisjonar. Gardane får produksjonsmiddel leverte på tunet, og produkta henta same staden. Med personbilen reiser folk individuelt, eller i svært små grupper, etter eigne tidtabellar. I folkeopplysningsarbeidet henta lokallaga av nasjonale folkerørsler i si tid folk ut or husa til små og store samlingar. Massemedia er i vår tid utvikla med tanke på å levele alle sine produkt i heimen til den einskilde. Store hendingar i kvart hushald gav samhandlingshøve for grenda. Både sengemat-tradisjonen og minnestunda er i ferd med å verte borte.

Bygdene trivst etter kvart lite med utanomsnakk. Alt som skjer meir enn det som står på plakaten er å rekne for heft. Ved å gjere samhandling om til handling, blir også lokale samfunn utan sosial dressing som lagar begivenheter, storhende, i sosiale system. Det er *begivenheter*, ikkje *hensiktsmessige*, som genererer samspel og fellesskap.


Ved planlegging er det gjerne aktuelt å velje mellom løysingar som Fremjar enten det hensiktsmessige eller begivenhetene. Kulturarrangement er vesentlege samhandlingsarenaer i vår tid. Pausar med enkel servering utvidar dagsorden med varierte pra-

tetema. Det kan vere hensiktsmessig å tillate billegbutikken ved gjennomfartsvegane; frittliggjande med rause parkeringstilhøve for dei som vil trille tilbodsvarene ut i bilen. Det kompakte sentrum med god tunskipnad som viser age for tradisjonen, er meir begivenhet. Personbilen er hensiktsmessig. Kollektivreisa, særleg med bår eller ferje, kan vere meir sosial begivenhet.



Figur 5

Lokale samfunn er eit prosjektsamarbeid mellom det offentlege apparatet og private, formelle og uformelle, instansar.



Figur 6. Samspel offentleg – privat.

Somme Ryfylke-kommunar viser trekk ved ei utvikling som kan gjere dei til Kommune-kommunar. Det er kommunar der innbyggjarane ventar og krev at den kommunale forvaltninga har eit førsteanansvar for å gripe inn om problem av eit eller anna slag melder seg. Det gjeld på feltet samferdsle og næring utvikling, så vel som innan omsorg og allmenne sosiale og kulturelle tilhøve i bygdene. I små bygder kan somme gjerne seie at dei opplever grennda som trond og stengd, med lite høve til open sosial kontakt for unge og einslege. I Kommune-kommunen vil mange straks formulere dette ikkje berre som ei *utfordring* for kommunen, men jamvel som ei *forsøming* frå kommunalt hald.

Kommunar som har relativ romsleg økonomi, kan tillate seg å markere Kommune-kommunale trekk. Dette er tilfelle for eit par-tre av fastlandskommunane i Ryfylke. Organisasjonane og institusjonane på den private formelle og uformelle sida i samarbeidsprosjektet «Lokale samfunn» kan forvitre. Det skjer gjerne om krav til snau effektivitet stadig fremjar dei

mest hensiktsmessige løysingane. I så fall vil kravet om Kommune-kommune vekse i styrke utan omsyn til evnene i kommunal økonomi til å innfri krava.

Om vi vil vurdere planutfordringar i Ryfylke i eit sosio-kulturelt perspektiv, er det frå fleire innfallsvinklar rimeleg å fokusere på nivået mellom individ og kommune; der vi finn arenaer for samhandling og kollektiv refleksjon. Dette fellesskapet har for ein stor del utvikla og halde ved lag dei kreftene som har gjeve form til Ryfylke-bygdene fram til i vår tid. Tilsvarande arenaer representerer ein svær ressurs for desse lokale samfunn i møte med nye utfordringar.

1. Avsnitta om næringsskifte byggjer på Per Surnevik: *Snu kofta etter veret*. Artikkel trykt først i Stavanger Aftenblad hausten 1988. Trykt på nytt i årboka for Ryfylkemuseet, 1993, *Folk i Ryfylke*.

2. Gudmund Hernes: Dagbladkronikk, 21.05.81.

Erik Fossåskaret (48) er sosiolog og førsteamanuesis ved Høgskulen i Rogaland. Han har budd i Ryfylke sidan 1974 og bur nå på Rennesøy. Han har eit stort forfattarskap, og har også tidlegare vore ein flittig bidragsytar til Folk i Ryfylke.

Oppsummering av strandstadseminaret

AV TORKEL MYKLEBUST

Hovudartiklane i dette nummeret av «Folk i Ryfylke» er vigde strandstadane, eller kanskje rettare strandstaden som fenomen. Artikkelforfattarane dokumenterer brei og god fagleg kunnskap om strandstadane i Ryfylke – om kva dei var, kvar dei vaks fram, når dei vaks fram, kven som busette seg der. Me får innsyn i korleis desse strandstadane vaks fram, korleis desse «sjølgrodde tettstadane ved sjøen» vaks frå ei lita samling enkelthus i strandkanten, til å bli levande kultur-, service- og kommunikasjonssentra for kommunane og i regionen. Mange svar kan gjevast, mange faktorer spela saman i spørsmålet om kvifor desse tettstadane vaks fram.

Ein faktor går igjen – dette var stader for folk med tiltakslyst og fantasi. Dei hadde drivkraft i seg til å styra utviklinga i samfunnet. Dei brukte sine kunnskapar og sine ressurser i eigen innsats for å utvikla det samfunnet dei var ein del av. Kvinnene like mykje som mennene, om enn på kvar sine felt. Strandstadane vart på mange vis pulserande hjerter i Ryfylkekroppen.

Er dette ei «forgangen tid»? Går strandstaden frå å vera levande bygdesentra mot stagnasjon. Det er i og for seg ikkje noko nytt i at strandstaden veksler mellom stagnasjon og vekst, at endringar i samfunnsvilkår kan flytta senterfunksjonar frå ein stad til ein annan. Likevel gjev artiklane framfor grunnlag for at me

stansar opp og spør oss om det er verdiar ved strandstadane, og organismen i dei, som me bør kjempa for å ta vare på, og om så er trassa ei «normalutvikling».


Det er ikkje lenger sjølv sagt at strandstadane skal vera sentrum i kommunane. Det er, etter kvart, ikkje eingong mogeleg å leggja alle sentumsfunksjonane innafor dei skarpe grensene som strandstadane teikna. Dei blei for trange. Me som skal bu der vil ha meir plass i husa våre og til husa våre, til bilane våre. Butikken må ha meir plass, kaiane må uvidast, på kommunehuset treng dei stadig fleire kontor. Nokre vil endå til byggja nye hotell midt i strandstaden. Det må bli konfliktar.

Artiklane framfor syner at dette heller ikkje er noko nytt. Den gamle strandstaden var på mange vis ein viltveksande organisme, seier Trygve Brandal, før brannar og reguleringsplanar la grunnlag for styring.

Me som politikarar har og ansvar for å styra. Skal strandstadane framleis vera levande bygdesentra, må me arbeida slik at dei vert pulserande hjerter også i framtida, der folk vil bu, leva, arbeida og trivast. Andreas Hompland seier det slik i boka «Det gode sted»: «Eg bur på ein trygg stad. Staden er blitt vakrare, i alle fall mindre grim, men ikkje nødvengdigvis meir triveleg. For det er ikkje folk på staden lenger. Det er folk i husa, men ikkje mellom husa».

Det er vår utfordring, som politikarar og sambygdingar, å medverka til at strandstadane vert levande bygdesentra i ei ny tid. Det betyr ikkje at dei skal stå fram som bilete på ei tid som var. Me må vera villige til å ta endringar, av og til riva ned og byggja opp i tråd med ei ny tid og nye utfordringar. Det vil alltid vera diskusjonar om korleis det skal gjerast. Avstanden synest ofte liten mellom «bevaring» og «rasering», dersom ein går til realitetane. Ein er ofte for lite villig til å gå i dialog i slike saker, på begge sider. Det er liksom meir stovereint å vera «rettruande» og prinsippfast.

Strandstaden, staden for folk med tiltakslyst og fantasi, staden for folk med drivkraft for utvikling, staden med kuturkunnskap og respekt for den, staden der kultur og næringsutvikling er medspelarar og ikkje mot-



Me må vera villige til å ta endringar, av og til riva ned og byggja opp i tråd med ei ny tid og nye utfordringar, sa Suldalsordføraren i oppsummeringa si. På Sand måtte dei gamle sagbruksbygningane ved elveosen vike plassen for eit nytt hotell.

spelarar. Maktar me dette? Det må me dersom strandstadane også i framtida skal vera pulserande sentra for byfeutvikling.

Strandstadane er sentrale i vår identitet som ryfylkingar. Det må me ta på alvor.

Andreas Hompland skriv i forordet til boka «Agder og Rogaland – sett frå lufta»: «Stader er meir enn geografi, næring og velferd. Dei har også symbolsk verdi, i tillegg til det dei betyr for utkomet. Vi kjem frå noe og høyrer til i noe. Vi har det i oss og kan aldri kvitta oss med det, sjøl om vi ville», og han skriv vidare: «Å ha røter og høyra til ein stad er ikkje ei mystisk urkraft som overlever av seg sjølv i hjertekroken. I eit åpent samfunn med stor mobilitet og rik tilgang på informasjon og tidtrøyte, må det som knyter ein til staden omprøvast og fornyast dersom staden skal beholda sin styrke».

Strandstadane blir berre ein del av vår identitet dersom me aktivt let dei vera det, stadfar for oss, i vår tid.

Eg vil gje ros til Ryfylkemuseet for at dei på denne måten har sett spørsmål rundt strandstadane på kartet. Den rike kunnskapen dom artiklane framanfor legg for dagen, kan på denne måten formidlast til politikarar, næringslivsfolk og den enkelte ryfylking, og bli ballast når me saman skal forma framtidrysylke.

Torkel Myklebust (43) er ordførar i Suldal kommune. Før han blei ordførar i 1991 arbeidde han som veterinær, dei siste åra med særleg ansvar for fiskehelsetenesta.

Strandstadseminar

– eit koseleg kosmos

AV TRINE LARSEN

Trine Larsen er sosialantropolog. Det vil seia at ho studerer sosiale organisasjonsformer og kulturtrekk i si samtid. Studiematerialet blir gjerne samla inn gjennom såkalla feltarbeid, og faget er mest kjent for å studere framande kulturar. Vi meinte det kunne vera interessant å be Trine gjera litt feltarbeid på eit seminar om strandstadene i Ryfylke.

Framvekst, glanstid, forfall, sentrumsanalyse, bygdeutvikling, kultur, kai og kosmos. Dette er omgrep henta frå seminaret om strandstadene.

Eg er invitert til å skrive ein kommentar til seminaret. Det gjekk inn som ein del av arbeidet mitt med å studere folk i samhandling. Dette er strandstadseminaret i tilbakeblikk av ein sosialantropolog tilsett ved Ryfylkemuseet for å forska på sosiokulturelle endringar i kjølvatnet av Ulla Førre utbygginga.

Her kan eg visst slå to fluger i ein smekk. Eit seminar om strandstedene i Ryfylke vil eg fortolke som ein inkarnasjon av nokre trekk ved moderne samfunn i regionen som har vore verkskap for den største kraftutbygginga i Nord-Europa.

Kommentarane er knytt til innlegga som ein kan lesa andre stader i årboka.

KRAFTUTBYGGING OG HISTORIE

For det første; historiske resyme av typen kvar, når, kven, kvifor speglar ei lineær historieforståing, der

det eine fører til det andre og ei erkjenning av at «nokre dukkar opp på visse tidspunkt og andre dukkar opp på andre tidspunkt» må føra til den noko beskjedne stadfestinga av at «kanskje ligg det an for ei modernisering». Den utflytta Saudabuen lest vera dristig i den siste påstanden. Når arkeologen, med lyfta peikefinger, påstår at me enno ikkje har kome så langt, må eg spørja om kor han har vore dei siste åra?

Viss ein forstår «det moderne» i ein modernisering, som den materien som til no har liggje utanfor vernaren sitt interessefelt, skjøner eg kva han meiner. Han erkjenner problemet med å rangere kulturen i meir eller mindre verneverdig. Ved å formulere det som eit spørsmål understrekar han samtidig vernaren sin rett til å definere det bevaringsverdige. Kan ein i forlenging av dette førestella seg ein problematisering av bevaringsinstitusjonane sin rolle i strandstadene? Korleis har dei endra seg med kraftutbygging og alt det førde meg seg av personar og pengar?

KVEN ANDRE ENN OLUF PÅ SUKKA?

For det andre; lokalhistorielitteraturen blomstrar i Suldal så vel som elles i landet. Mange meiner kjennskap til slike tema er viktig i identitetsbygginga. Den litterære produksjonen går hand i hanske med myten om at alle nordmenn stammer frå Harald Hårfagre eller Oluf på Sukka. I eit utviklingsperspektiv kunne ein i tillegg til å spørje; kor kjem vi frå, vere freista til å spørje, kor kan ein elles koma frå, enn Sukka?

Det er eit mykje omtala fenomen at kommunestyret i Suldal har ein «overrepresentasjon» av folk som ikkje stammer frå Oluf på Sukka. Nokre meiner jamvel dette er ein fare for folkestyret. Argumentet er interessant, fordi ein legg for dagen ei sterkt tilknyting til ein geografisk avgrensa stad. Evnen til innsikt i lokale behov forventar ein å vere betre om ein stammer frå det distriktet ein representerer. Her vil eg tolke lokalhistorisk litteratur som næring til desse mytane.

Kven har til no vist interesse for dei reisande, som anleggsarbeidaren, sin genealogi? Dei reisande definerast ut av det lokalhistoriske interessefeltet. Eg prøver å sjå det sosiale aspektet ved lokalhistorielitteraturen. Kven vert spurt, kven vert gjort tause?

Når tematikken går ut over det reint genealogiske, t.d når fekk ein vaskemaskin, og kor mange kroner tente ein anleggsarbeidar før Ulla Førre, kan ein reisande få innsyn i den felles «arven» som strandstade ne har. Kjenner dei seg meir integrerte då?

Det er ein klar samanheng mellom kommunale inntekter og evna til å yte til identitetsbyggande prosjekt. Korfor vil eit kommunestyre, som nokre tviler på integriteten til, vere viljug til å satse på gards og ættesoger som ikkje handlar om deira slekt?

Etter opplagstala å døme er lokalhistorisk litteratur

bestseljarar. Etterspurnaden er stor ikkje minst hos dei som har flytta ut. Eg trur dette er ein karakteristikk av det moderne mennesket; evna til å finne nye løysingar på gamle problem. Altså; problem i positiv tyding. Når det ikkje lengre er nokon samlande person som fortel mytane om opphavet, kan vi reproduse det på anna vis. Mennesket ser ut til å ha eit fellestrek i å vere medviten om at dei kjem frå noko og går til noko anna. Lokalhistorie-produksjonen set grenser og hjelper oss til å halde orden på historia. Kan den bli grensesprengjande, og vil vi eigentleg det?

NOSTALGI; EIT UTTRYKK FOR DET MODERNE?

For det tredje, er nostalgi eit minusord? Slik bruker vi det ofte i vårt språk, og slik vart det og uttrykt av museumsarbeidaren. Er det t.d. «for» nostalgisk å vise fine bilete av gamle hus?, eller middels gode bilete av mindre pene hus som t.d samvirkelagbygg og anna betong? Denne bruken heng vel saman med at ein er samde om at vi bør sjå framover, truleg eit spor av den lineære historieforståinga.

Strandstaden sin plassering ved fjorden gjorde det «naturleg» å sjå utover, for Sand sin del, gjennom «Holet». Der ute venta fisken, arbeid og ektemaken. Ein slik funksjonell tenking kan og gje oss det argumentet at dei som ikkje reiste ikkje kunne symja. Slik veit vi at det ikkje var, for båten kom alle dei til hjelp. Det minner oss om at strukturelle faktorar, så vel som funksjonelle løysingar verkar inn på vala me gjer. Derfor er det viktig å få fram mangfaldet i vala.

Når arkitekten seier at; «det viktigaste desse stade ne har, er historia», da reduserer han kraftig. For det viktigaste må vel vere dei menneska som forvaltar denne historia? Viss ein går med på at historiefortol-

king er politikk, opnar det for ei problemstilling omkring planleggjaren si forvalting av staden si historie.

Etter kvart som oppgåvene for kommunane har auka, dels som eit resultat av større behov, pålagde oppgåver frå staten, og dels som sjølvpålagde oppgåver, har talet på aktørar i formgjevinga auka. Vi arbeider for å få til ein demokratisk prosess med høg grad av medverking frå veljarane. Dette har ein t.d. fått satt lys på i Suldal kommune, med ein rapport om samspelet mellom innbyggjar og politikar. Lite tyder på at rapporten vert brukt til anna enn som ein honnør til biletet av den sjølvkritiske kommunen. Kan det tenkast at det enno skal bli fleire forskrarar som går inn i rekka av dei som har overlevd på kraftkommunen sin gode økonomi?

PÅ SPORET AV DEN POSTMODERNE STRANDBUEN

For det siste vil eg takke for eit lærerikt seminar, og foreslå tema for neste konferanse om strandstadene. Det var ikkje meint som ein trist song!

I eit seminar om strandstadene i eit utviklingsperspektiv saknar eg ei problematisering av utviklarane sin rolle i strandstaden. Når finansrådgjevaren argumenterer for at me må visa vørtnad for det kulturelle når me skal driva med reiseliv, kan ingen vere ueinig i det. Mobiltelefonen sin innverknad på møtekulturen er det kanskje meir usemje om. Etnologen viste i si oppsummering av striden om sagene på Sand, at det er definisjonen av den «rette» kulturelle smaken som står på spel. Dette fører oss nokre hakk nærmare saken. Kulturane er ikkje gitt ein gong for alle, dei er stadig i endring.

Det kan ein t.d. sjå i debatten som går om utviklingshjelpa til såkalla tredjeverden land. Her vert «ekspertane» skulda for å oversjå dei ressursane som alt er på staden. Medan lokale ressurspersonar sit arbeidsledige ved kafeborda i Dacca, hysjar hjelpearbeidaren forbi til nye oppgåver. Nokre meiner dei har eit forstokka bilete av kulturen i det samfunnet dei tek mål av seg til å utvikla. Denne debatten kan og kaste lys over rolla som strandstadutviklar, og forholdet til dei som skal utviklast; Kven er dei? Korfor kjem dei ikkje på slike seminar?. Har debatten om bygdeutvikling vorte kuppa av teknokratar som kjenner språket og har den rette kulturelle smaken?

Auka teknokratisering, eit uttrykk for det moderne, det har vi hørt før. Men korleis kome oss fra melankolien og koselege kosmos opp på eit driftig plan. No ser eg for meg den driftige fiskarbonden. Ho var ikkje invitert til å innleie på seminaret, ho blei rettnok etterlyst. Representerer ho ei tilpassing til nye krav, eller det moderne, som vi kan ta lerdom av?

Ordføraren sa i oppsummeringa, at kommunikasjon er viktig og at ein ikkje berre kan ta vare på, men og sorgje for ei utvikling. Var det nødvendigvis ein motsetnad? Det fekk me aldri diskutert, for ferja til Nesvik gjekk om ti minutt. Men det finns andre strender å møtast på, mobiltelefonfrie strender.

Trine Marie Larsen (28) er cand.polit. med hovudfagsavhandling i sosialantropologi. Ho er forskar ved Ryfylkemuseet, og arbeider med prosjektet «Gull og grøne skogar?, Suldal kommune etter Ulla Førre utbygginga».

Årsmelding 1994

Det er eit spennande år Ryfylkemuseet har bak seg. Etter at vedtaket om omgjering til stiftelse var gjort året før, kom nytt styre på plass frå 1. januar 1994. Spenninga knytte seg til korleis det nye styret ville arbeide saman og korleis det ville stelle seg til dei utfordringane som museet sto føre. Men det viste seg snart at styremedlemmane fann godt ut av det med einannan, og har sett i verk ei rekke tiltak for å realisere ideen om eit samla museumsstell for Ryfylke-regionen.

Det har likevel vist seg vanskeleg å finne fram til ein modell for organisering og finansiering av arbeidet som alle dei åtte kommunane kan slutte seg til, og dette er ved utgangen av året framleis eit uløyst problem. Dermed kjem vi heller ikkje i gang med det arbeidet med nye oppgåver som skulle vise att i kommunane.

Men folk flest viser gledeleg stor interesse for det vi har føre oss. Medlemstalet har auka kraftig dei siste par åra, det er stor tilstrøyming til aktivitetsdagar og arrangement ved dei ulike avdelingane og publikasjonane våre sel godt. Utanom desse godt synlege publikumstilboda, er det stor etterspurnad etter ei rekke meir lukka tilbod, slike som kurs og andre former for undervisning og rettleiing, foredrag, konserter og deltaking i utviklingsarbeid av ulike slag, anten det blir kalla bygdeutvikling, utgreiingsarbeid eller nytableringar.

I Suldal, på Sand, i Sauda og i Hjelmeland har entusiasiske og ubetalte kulturarbeidarar stelt til utstillingar, konserter, demonstrasjonar og ulike aktivitetstilbod som har påkalt stor interesse hos eit breidt publikum. Vi er svært glade for at museet blir tatt i bruk på denne måten, og ser dette som ei verkeleggjering av den økomuseumstanken som vi har eitauge til i arbeidet vårt.

I samarbeidet med frivillige krefter og kommunane trur vi at Ryfylkemuseet skal legge stor vekt på å vera ein fagleg ressurs for museumsarbeidet i regionen. Utviklinga av den praktiske arbeidsmåten må skje i samarbeid med bygdemusea og kommunane, men det må vera eit mål for regionmuseet å halde den faglege kompetansen hos sine eigne medarbeidarar høgt. Det er såleis gledeleg å kunne melde at dei tilsette blir verdsette i det museumsfaglege miljøet og får høve til vidare utvikling gjennom deltaking i eksterne organisasjoner og institusjonar.

I konkurransen med nye opplevelingstilbod bør det truleg vera Ryfylkemuseet si rolle å drive eit solid, fagleg fundert arbeid med bevaring, gransking og formidling av kulturarven til folk i Ryfylke, og i nært samarbeid med dei det gjeld. Men sjølv eit slikt arbeid krev ressurser, og museet vil måtte halde ein nokså låg profil utan tilførsel av midlar til nye stillingar og nye bygningar. Arbeidet med vidareutvikling av museet må såleis framleis ha høg prioritet.

ÅRSMØTET

Årsmøtet blei halde på Nesa-sjøhuset, Sand, 24. mars 1994. Det møtte fram 40 medlemmar.

Ved opninga av møtet blei også utstillinga «Til Riga med sild» opna. Dette var ei vandreutstilling frå Stavanger Museum – Sjøfartsmuseet.

Møtet blei leia av styreleiaren, Børge Skeie, og både årsmeldinga og rekneskapen blei godkjent utan merknadar. Det blei heller ikkje sett fram noen forslag til endringar i kontingensten for medlemmane.

Ettersom medlemmane hadde vald sine representantar til det nye styret for museet på omframt årsmøte i november 1993, blei det ikkje gjennomført val på dette årsmøtet.

Etter at årsmøtesakene vel var unnagjort heldt konservator Roar Svendsen frå Stavanger Museum eit kåseri om sild og sildehandel, og Sand bondekvinnelag avslutta med servering av sildebord.

MEDLEMMANE

Ved utgangen av meldingsåret var det 678 medlemmar og abonnentar som hadde betalt kontingent for 1994. Dette er andre året med sterk auke i medlemstalet, og den avspeglar stor interesse for årboka vår. Den største auken har vi i Finnøy, der vi har drive med fotoinnsamling og -registring, og deltatt i utstillingsarbeid. Det er gledeleg å sjå at vi greier å skape interesse for verksemda vår i kommunar der vi tidlegare ikkje har arbeidd aktivt.

Går ein nærmare inn på grunnlagsmaterialet vil ein likevel sjå at det er mange som er på vandring inn og ut av medlemsarkivet. Det er ikkje slik at det er dei same som

står som medlemmar år etter år, og at det så kjem nye i tillegg. Det er og mange som lar vera å fornye medlemsskapet sitt. Dette fortel oss at museet må prøve å gjera tilboda og informasjonen til medlemmane betre.

Arbeidet i museumslaga går ikkje alltid like lett, og vi har i år latt vera å spesifisere medlemstala for Sand og Erfjord da museumslaga her ikkje er aktive. Medlemstala på desse stadene held seg likevel stabilt.

Det kan nå vera grunnlag for å vurdere oppstart av museumslag på nye stader, men dette vil vera avhengig av kva andre lag som finst på staden av nærskyldt slag. Museet har små utvegar til å delta aktivt i drifta av dei enkelte laga, og er såleis avhengig av aktive medlemmar på dei ulike stadene for å få medlemsaktivitetane til å fungere. Men museet kan gjera meir for å betre informasjonen til laga, og arrangere samlingar som kan gi inspirasjon og tankar om aktivitet.

MEDLEMMAR OG ABONNENTAR I RYFYLKEMUSEET 1993–1994					
Kommune	Museumslag	Medlemmar i museumslag		Medlemmar i kommunane	
		1993	1994	1993	1994
Sauda	Sauda	56	61	56	61
Suldal	Suldal	34	35	20	206
	Jelsa	32	30		
	Andre ¹	157	141		
Hjelmeland				41	55
Strand				6	10
Forsand				5	3
Finnøy				17	89
Rennesøy				34	49
Kvitsøy				0	4
Andre				17	152
Abonnentar				34	49
Samla tal				513	678

1) I Suldal kommune er det to aktive museumslag: Suldal museumslag og Jelsa museumslag. Medlemmar frå Suldal som ikkje er med i noen av desse laga er samla under «andre».

STYRET

Styret for museet fekk ny samansetting etter at museet ble gjort om til stiftelse frå 1. januar 1994. Etter vedtekten skal styret vera slik samansett:

To medlemmar og to varamedlemmer valde av og bland dei personelge medlemmene.

To medlemmer med personlege varamedlemmer valde av kommunane etter ei turnusliste for plass i styret.

Eit medlem med personleg varamedlem vald av vertskommunen.

Eit medlem med personleg varamedlem vald av Rogaland fylkeskommune.

Eit medlem med personleg varamedlem vald av og mellom dei fast tilsette ved museet.

Representantane for dei personelge medlemmene blei valde på omframt årsmøte 25. november 1993.

Representantane for kommunane blei peika ut etter ei turnusliste som er sett opp etter loddtrekking i kultursjefmøte 27. september 1993. Turnuslista er sett opp slik at det heile tida skal vera eit styremedlem frå øy-kommunane og ein frå fastlands-kommunane, og ser slik ut:

Finnøy og Forsand	1994–1995
Rennesøy og Hjelmeland	1996–1997
Kvitsøy og Sauda	1998–1999
Finnøy og Strand	2000–2001

Styret har i meldingsåret vore samansett slik:

STYREMEDLEMMAR OG VARAMEDLEMMAR I RYFYLKEMUSEET 1994			
Styremedlem	Varamedlem	Representant for	Funksjonstid
Ellen Skogland	Solveig N. Fisketjøn	Medlemmane	1994–1995
Trygve Brandal	Ingebrikt Botnen		1994
Jorunn K. Risa	Rune Sørdsdal	Kommunane	1994–1995
Halvdan M. Hansen	Johan Berge		1994–1995
Børge Skeie	Arild Winterhus	Vertskommunen	1994–1995
Gunnar Ulland	Sigrun Hansen	Fylkeskommunen	1992–1995
Gaute Berge Nilsen	Ernst Berge Drange	Tilsette	1994–1995

PERSONALET

Tilliks med stoda i 1993 har Ryfylkemuseet også i 1994 2 heile og 2 halve faste stillingar. Dei to heile stillingane er styrarstillingen og stillingen for avdelingsleiar. Dei to halve er stillingen for konservator ved folkemusikkarkivet og kontorassistentstillingen.

Ved hjelpe av omframme inntekter og løyvingar og ymse sysselsettingstiltak, har det i tillegg vore råd å engasjere ytterlegare personale, slik at det i meldingsåret har vore tilsett 6 personar i heiltidsstillingar og 46 personar i deltidsstillingar. Dette er omlag som året før.

Desse har vore tilsette i faste stillingar i meldingsåret:

Roy Høibo, førstekonservator/styrar, 1/1 stilling

Ruth Anne Moen, konservator folkemusikkarkivet, 1/2 + 1/2 stilling, avgrensa studiepermisjon 1994/1995, 1/2 sjukmeldt 14/9–31/12

Bjørg Jorunn Myhre, kontorassistent, 1/2 + 1/2 stilling

Gaute Berge Nilsen, avdelingsleiar, 1/1 stilling

Både Roy Høibo, Ruth Anne Moen og Gaute Berge Nilsen

har faglege engasjement utanom museet som gir dei høve til oppfølging og vidareutvikling av kompetansen sin. Alle dei fast tilsette har dessutan deltatt på faglege møte i meldingsåret.

Roy Høibo var med i styret for Norske kunst- og kulturhistoriske museer (NKKM) fram til årsmøtet i juni, og han er sekretær i styret for The International Committee of Regional Museums (ICR). Gjennom desse verva har han hatt høve til å delta på ulike seminar og studiereiser utan kostnad for museet. Roy Høibo er også knytta til Institutt for Kunsthistorie og Kulturvitenskap ved Universitetet i Bergen gjennom ymse sensoropdrag.

Ruth Anne Moen er leiar i Norsk Folkemusikklag (norsk avdeling av The International Council for Traditional Music, ICTM) og vararepresentant i Rådet for folkemusikk og folkedans. Ho har elles deltatt i møte i «Forum for folkemusikktilsette» og i «Folkemusikk Vest» og dessutan i ein kunstfagkonferanse. Ruth Anne Moen deltar dessutan i prosjektet «Nordisk musikk i skolen», eit prosjekt under Nordisk Ministerråd.



Astrid Erfjord fekk gjort ein god jobb med katalogar og arkiv den tida ho var tilsett ved museet.

Gaute Berge Nilsen er medlem i kultur- og ekskursjonskomiteen for ICOM 95 og styremedlem i Fortidsminneforeninga, avd. Rogaland. Han har deltatt i ein regional konferanse om byggeskikk som Rogaland fylkeskommune skipa til, på NKKMs årsmøte og seminar, på møte i Forum for friluftsmuseer og på seminar om bruk av gjenstanden i formidlinga på Maihaugen.

Geir Inge Johnsen, Kjell Johnsen, Bjørg Jorunn Myhre og Gaute Berge Nilsen har deltatt på møte i foreninga Museumsarbeidere i Rogaland (MIR).

Desse har vore tilsette i heilårsengasjement i meldingsåret:

Ommund Berge, tilsynsmann Kolbeinstveit, deltidsstilling

Ernst Berge Drange, forskar bygdebokarbeid, 1/1 stilling

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar Nesa-sjøhuset, timeløna

Ann Elisabeth Foss, reinhaldar Nesa-sjøhuset, timeløna

Kari Furre, tilsynskvinne Barkeland, deltidsstiling

Kjell Egil Johnsen, handverkar, 1/1 stilling, frå 1/5

Trine Larsen, forskar Ulla-Førre, 1/1 stilling, fødselspermisjon 13/3–12/9, deretter _ stilling (tidskonto)

Olav I. Oftedal, tilsynsmann Industriarbeidarmuseet, deltidsstilling

Øystein Randa, tilsynsmann Viga, deltidsstilling

Desse har vore tilsette i kortidssengasjement i meldingsåret:

Valborg Berge, reinhaldar Suldal

Jon Bråteit, omvisar Kolbeinstveit

Olav Eggebø, omvisar Viga

Astrid Erfjord, kontorarbeid, sysselsettingstiltaket KAJA, 3/1–30/6

Audun Eken, instruktør folkemusikkhelg

Anny Erfjord, vakt Nesa-sjøhuset

Ingvild Flaskerud, underhaldning Kolbeinstveit

Kari Gjuvsland, underhaldning Kolbeinstveit

Monica Øvrebø Herheim, reinhaldar Industriarbeidarmuseet

Ola O. Hustveit, bygningsarbeid Hustveit

Håkon Høgemo, instruktør folkemusikkhelg

Karoline Høibo, vakt Nesa-sjøhuset

Lene Høiland, reinhaldar Industriarbeidarmuseet

Jon Jelmert, instruktør folkemusikkhelg

Sigrun Jensen, reinhaldar Suldal

Geir Inge Johnsen, bygningsarbeid, praksisplass, frå 7/11
Venke Johnsen, reingjering Hustveit

Marie Kro, omvisar Jelsa

Marta Brit Lunde, omvisar Kolbeinstveit

Jon Moe, forfattar («Kari»)

Anne Margrethe Myhre, kontorarbeid Sand

Torleif Ness, bygningsarbeid Hustveit

Ragnhild Nessa, omvisar Viga

Torunn Nessa, omvisar Viga

Frode Nyvold, instruktør folkemusikkhelg

Kari Anne Overskeid, omvisar Jelsa

Sven Randa, omvisar Viga

Gyro Silje Rike, reinhaldar Industriarbeidarmuseet

Tom Willy Rustad, instruktør folkemusikkhelg

Steinar Rygg, instruktør folkemusikkhelg

Oddwar Rønning, registratør Hustveit

Oddwar Rønning, registrering og arkivering Sauda, sys-
selsettingstiltaket KAJA, frå 29/8

Jan Arnold Sauer, instruktør folkemusikkhelg

Håvard Sjøvoll, omvisar Røynevarden

Njål Tjeltveit, forfattar, («Etterkrigs-Ryfylke»)

Beatrice Caterin Vinsen, oversettar utstillingstekster

Laurensa Wigestrød, omvisar Jelsa

Museet har i samarbeid med bedriftshelsenesta sett i gang arbeidet med internkontroll for helse, miljø og sikkerhet.

ØKONOMI OG ORGANISASJON

Styret har prioritert to område i arbeidet med å styrke organisasjonen. Det eine er vidareføring av strevet med å få oppretta fast stilling for handverkar ved museet. Det andre er å få til eit samarbeid med kommunane om ei felles museumsteneste for Ryfylke.

Stillingen for handverkartenesten var kritisk da museet ved førre årsskiftet måtte seia opp den mellombels tilsette handverkaren. Eit forsøk på finansiering av ei ny mellombels tilsetting lukkast heller ikkje. Men så fekk fylkeskommunen tilført nye, øremerka midlar til museumsarbeidet, og

handverkarstillingen ved Ryfylkemuseet blei prioritert. Frå 1. mai kunne vi såleis på nytt engasjere handverkar, og fylkestinget gjorde i desember vedtak om oppretting av fast stilling for handverkar ved museet. Ved utgangen av året ventar vi framleis på avklaring av ny avtale mellom fylkeskommunen og Suldal kommune om endra vertskommunetilskott, men vi reknar med at denne stillingen nå er berge.

Arbeidet med å få til ei felles museumsteneste for Ryfylke har også vore tungt. Da årsmøtet for museet i 1993 vedtok å omgjera museet til stiftelse, hadde ein ikkje greidd å komma fram til eit omforeint forslag til finansiering av noen ny stilling ved museet. Ved inngangen til dette meldingsåret (1994) gjorde styret vedtak om å setta i gang arbeidet med eit arbeidsprogram for museet som grunnlag for vidare drøfting av deltaking i finansieringa av arbeidet. Dette blei følgt opp med eit møte med alle kommunane, og det er seinare sendt forslag til eit program for ein del fellesoppgåver ut til kommunane, saman med ny førespurnad om deltaking i finansieringa. Men det har framleis ikkje lukkast å komma fram til noen modell for samarbeidet som alle kan vera samde i.

I arbeidsprogrammet er det foreslått at det skal oppretta eit halv stilling for ein fagkonsulent som særleg skal arbeide med fellesoppgåver i forhold til kommunane. Kostnadane med denne stillingen er berekna til kr. 200.000, og utgiftene er foreslått delt mellom kommunane etter same delingsmodell som Ryfylkerådet nyttar for deling av sine utgifter. Det har dessverre førebels ikkje lukkast å få full oppslutning om forslaget.

Dette har ført museet opp i ein vanskeleg situasjon. Forventningane til at arbeidet til Ryfylkemuseet skal syne att i kommunane er store, samtidig som museet manglar ressurser til å setta i gang med nye oppgåver. Det blir såleis ei viktig oppgåve for styret også i året som kjem å arbeide for utvikling av ein organisasjon som både kan halde i hevd eksisterande samlingar og tilbod og samtidig delta i løysinga av nye oppgåver.

Museet har, på den andre sida, lukkast i å etablere ein del mellombels aktivitetar som er finansierte med særskilte tilskott. Desse vil bli omtala nærmare nedanfor, men dei er ein lekk i ei utvikling vi har sett noen år, som går ut på at ein større og større del av verksemda er knytta til prosjektliknande tiltak som blir utført for øremerka midlar. På den-

ne måten får vi utført ei rekke verdfulle oppgåver, og vi held eit aktivitetsnivå i overkant av det den faste staben kan administrere og dei faste lokala våre kan romme, men vi har problem med det langsiktige og systematiske arbeidet som burde vore hovudinnhaldet i verksemda.

Det er også slik at det er lettare å få etablert og finansiert slike prosjekt i samarbeid med dei kommunane som ligg nærmast hovudsetet på Sand enn med dei kommunane som ligg lengre unna. Dette kan styrke oppfatninga av at det er i dei indre kommunane i Ryfylke museet driv ei aktiv verksem, sjølv om dette skjer for andre midlar enn dei som blir stilt til rådvelde for den ordinære drifta av museet.

Det ser såleis ut til at ein må lite på at den regionovergripande verksemda må finansierast gjennom det fylkeskommunale bidraget, slik som føresett i Museumsplan for Rogaland (1992), der det heiter at kvart regionmuseum bør ha to konservatorar, ein museumsrårar og handverkspersonale. Ein konservatorstilling attåt styrarstillingen ved Ryfylkemuseet ville gitt ganske andre utvegar til å drive eit aktivt arbeid i regionen.

Også på andre område har museet stort behov for utbygging. Ryfylkemuseet har investert relativt små midlar i bygningar, og står heilt utan tilfredsstillande magasin eller verkstad. Det har dessutan vore nødvendig å leige kontorpllass utanom hovudsetet i Nesa-sjøhuset på Sand. For å løyse magasinbehovet både for Ryfylkemuseet og samlingane til ein del av bygdemusea, ønskjer styret å drøfte utvegen til å reise eit felles magasin for heile eller delar av regionen.

TILOVEKST OG DOKUMENTASJON

Det har vore ein uvanleg beskjeden tilvekst til gjenstandssamlingane dette året, men det har da heller ikkje vore drive noe aktivt innsamlings- eller registreringsarbeid. Den samla tilveksten er på 9 nummer, som er gåver frå Nina Blackburn, Lars Moe og Ragnar Aas.

Den samla gjenstandsmassen til museet er på snautt 8000 nummer. Mindre enn halvparten er tilfredsstillande registrert og katalogisert.

Museet har fått eitt nytt hus i meldingsåret. På Kolbeinstveit har ei bygdeutviklingsgruppe sett opp att eit hjulhus frå Nærheim. Dette er med på å vise utnyttinga av vasskrafta i det same området som kverna og turkehuset på Kolbeinst-

veit er plassert. Talet på bygningar i eiga til museet er 60.

Museet har fått tilbod om å overta S/J «Brødrene», ei jakt på 52 fot, som tidlegare har hørt til på Eide i Sandsfjorden. Det blir arbeidd for å sjå om det er muleg å finansiere kjøp, restaurering og drift av fartøyet.

Største tilveksten gjeld fotoarkivet. Museet har i meldingsåret registrert følgjande tilvekst av fotografi:

1140 sv/kv, eigne opptak

320 sv/kv, repronegativ

360 dias, eigne opptak

1793 foto er katalogiserte på data

Hovudmengda av repronegativ skriv seg frå Jelsa, der museet deltok i ei bildeinnsamling saman med ei bygdeutviklingsgruppe. Museet har nå ei samling på vel 7.000 eldre bilde frå Ryfylke. Hovudmengda av desse er registrerte og katalogiserte, og blir flittig brukt til utstillingsformål og i publikasjonar.

Fleire av medarbeidarane driv og jamt med lydbandopp-tak av informantar. Museet har ei samling på nærmare 300 lydband med intervju. I tillegg kjem intervjunaterialet i folkemusikkarkivet. I år har vi tilvekstført desse lydbanda:

7 band som gjeld dokumentasjon av veksthusnæringa i Finnøy

36 band som gjeld dokumentasjon for gards- og ættesoga for Sand

31 band som gjeld intervju for forskingsoppgåva «Gull og grøne skogar»

Begge dei to forskarane har også drive med anna feltarbeid som har nedfelt seg i form av notatar, registreringar og avskrifter i grunnlagsmaterialet deira.

Ved folkemusikkarkivet er det gjort nye opptak med 4 informantar. Det samla talet på spoleband og kasettar i folkemusikkarkivet er omlag 300. I tillegg kjem vel 1000 noter. Etter mye strev har ein nå fått på plass maskin- og programvare ved arkivet som kan brukast til registrering av folkemusikkaterialet.

Det er ikkje registrert tilvekst til privatarkivet i meldingsåret.

Bibliotektet har hatt ein tilvekst på 216 band.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Museet har i fleire årsmeldingar peika på dei lite tilfredsstillande magasinforholda for gjenstandssamlingane til museet, og det er tidlegare i denne meldinga peika på behovet for å komma i gang med planlegging av eit magasin. Det nye som har kome til er at ein er blitt meir merksam på dei sikringsproblema som knyter seg til oppbevaring av gjenstandsmateriale i bygningar utan verken brann- eller tjuverisikring.

Vedlikehaldsarbeidet på bygningsmassen har vore mindre dette året enn dei siste åra, da museet ikkje lenger greidde å finne finansiering til den mellombels tilsette handverkaren. Handverkartenesten kom likevel i gang att frå 1. mai. Ved sidan av ei rekke mindre omfattande jobbar, har dei store arbeida dette året vore restaureringsarbeid på kverna og tørka på Kolbeinstveit, framhald av arbeidet med saga på Hustveit og vidareføring av restaureringa av Homannsbua på Håland.

FORSKING

Museet har to forskingsprosjekt i gang. Det eine er eit oppdrag for Suldal kommune om skriving av gards- og ættesoga for Sand. Dette har ei ramme på 4 år, der vi ved utgangen av meldingsåret har arbeidd i 1-år. Hovudarbeidet dette året har vore kyrkjebokregistrering, oppsetting av delar av den nyare ættesoga og feltarbeid for innsamling av materiale til gardssoga.

Det andre forskingsprosjektet er eit oppdrag frå Norges Vassdrags- og Energiverk kalla «Gull og grøne skogar». Prosjektet tar sikte på å finne noen svar på korleis Suldal har greidd overgangen frå anleggssamfunn til tida etter Ulla-Førre-anlegga. Prosjektet er eitt-årig, og var meint å vera ferdig innan utgangen av året, men på grunn av ein fødselspermisjon vil ikkje prosjektet bli avslutta før i august 1995.

Eit tredje prosjekt, som både er eit forskings- og eit utviklingsprosjekt, er under oppstart. Dette er eit tre-årig prosjekt som har som mål å bygge opp eit kompetansesenter for bygningsvern i tilknyting til museet. Det har vore arbeidd med finansieringa i fleire år, og med vedtak om sterkt deltaking i finansieringa frå Suldal kommune er prosjektet nå fullfinansiert og vi reknar med at det vil komma i

gang på nyåret 1995. I tillegg til Suldal kommune er Suldal vidaregåande skule ein samarbeidspartner i arbeidet med å etablere og styre prosjektet. Andre bidragsytarar er Rogaland fylkeskommune, etat for opplæring, DU i Ryfylke, Fylkesmannen i Rogaland (BU-fondet), Suldal Utviklingselskap og Ryfylkefondet.

Under dette kapitlet er det også rett å nemne arbeidet med ei bok om sau og geit i Ryfylke og Nord-Rogaland. Etter initiativ frå Hjelmeland sau- og geitalslag og med god støtte frå kommunane, sau- og geitalslaga, beite- og sanke-laga og andre har det lukkast å finansiere eit større arbeid med innsamling av materiale til ei slik bok, og museet har engasjert forfattarar som tilsaman skal legge ned eit årsverk i arbeidet med boka.

UTOVERRETTA TILTAK

Den best synlege delen av den utoverretta verksemda ved museet er opninga av anlegga for publikum, men Ryfylke-museet driv også med ei rekke andre former for formidling av kunnskapar og opplevingar.

Eit av dei store arrangementa våre er den årlege folkemusikkhelga på Gullingen fjellstove. Her er det Ingeleiv Berstad, Karen Benninghof og Åshild Vetrhus som lærar seg felespel av Steinar Rygh.

Vi har i år tatt på oss rettleiing av elevar både frå grunnskule, vidaregåande skule og lærarhøgskule. Vi har drive rettleiing og opplæring av folk ved bygdemusea og deltatt i arbeidet til bygdeutviklingsgrupper i Suldal, Erfjord og Jelsa. I samarbeidd med Suldal reiselivslag har vi planlagt og organiserat to helgeturar kringom i Suldal.

Ei etterkvart omfattande verksemrd er arbeidet med å gi uttaler og rettleiing om bygningar i privat eige. Auken i dette arbeidet skuldast særleg at det nå er blitt lett å få støtte til istandsetting og restaurering av slike bygningar, og at det blir stilt krav om eit visst fagleg nivå på det arbeidet som skal utførast.

I samarbeid med foreninga Ryfylkeprodukt, og med støtte frå DU-Ryfylke og BU-fondet, deltar vi i arbeidet med registrering og identifisering av eit grunnlag for utvikling av nye produkt med rot i tradisjonen.

Folkemusikkarkivet har hatt ei rekke kurs, foredrag og konserter. Mellom publikum har vore barnehageassistentar frå Berland barnehage, Ålgård, Sandnes folke danslag, elevar ved Sauda vidaregåande skule, deltakarar



på Stavangerkappleiken og på Spontantfestivalen i Haugesund, Suldal mållag, sjukeheimen på Sand, Sandnes Musikkråd, Ryfylke Folkehøgskule, deltakarar på danseskurs for psykisk utviklingshemma og studentar på Ole Bull Akademiet. Vi har dessutan eit samarbeid med musikkskulen i Suldal.

Eit av dei store arrangementa til museet er kurshelga på Gullingens fjellstove, der det i år var 7 parallelle kurs og eit kortkurs i song, spel og dans med deltakarar i alle aldre. Det samla talet på kursdeltakarar var 75. Tilsaman var omlag 100 personar samla på Gullingens denne helga.

Folkemusikkarkivet har produsert eit program om felemusikken i Rogaland som blir sendt i «Folkemusikkhalvtimen» på NRK/P2 5. februar 1995, og produserer elles ei rekke arbeidskasettar for utøvarar som ønskjer stoff frå arkivet.

UTSTILLINGAR

Vi har også i år hatt eit godt samarbeid om sesongopning ved ein del av anlegga våre med reiselivskontora i Sauda, Suldal og Hjelmeland. I alle dei tre kommunane er det gitt omframme tilskott som støtte til dekning av løn til omvisarar. Besøkstala for dei anlegga som har vore opne er desse:

BESØKSTAL FOR RYFYLKEMUSEET 1993–1994		
Anlegg	Besøk 1993	Besøk 1994
Industriarbeidarmuseet i Sauda	400	739
Zink-gruvene i Allmannajuvet, Sauda	600	637
Sauda Museum		?
Jonegarden på Hustveit, Sauda	368	430
Vassdragsutstillinga, Sand	444	–
Nesa-sjøhuset, Sand	3526	2305
Kolbeinstveit, Suldal	2500	4300
Røynevarden, Suldal	364	71
Skolemuseet og kyrkja, Jelsa	504	664
Barkeland, Jelsa	639	677
Erfjord bygdemuseum	28	–
Viga, Hjelmeland	345	380
SUM	9.718	10.203

Vi har følgjande kommentarar til tabellen:

Industriarbeidarmuseet :

Hovudtyngda av besøk i Industriarbeidarmuseet er gruppebesøk. Grunnlaget for statistikken er gruppebesøk arrangert av turistkontoret. Vi har ikkje oversikt over besøkstalet for gruppebesøk arrangert av smelteverket.

Sauda Museum:

Sauda Museum er ei utstilling av den gjenstandssamlinga som Ryfylkemuseet overtok etter kulturminnenemnda i Sauda. Utstillingen blir driven av kulturkontoret, og vi har ikkje oppgåver over besøkstalet.

Vassdragsutstillinga:

Blei ikkje halde open i sommar.

Nesa-sjøhuset:

På Nesa-sjøhuset har vi hatt desse utstillingane:

1/1–31/12	«Strandstaden Sand», permanent utstilling i 1. og 3. høgda, museet.
8/1–30/1	«Kunstutstilling», Ryfylke kunstlag
12/3–20/3	«3 fra Ryfylke», kunstutstilling, Ryfylke kunstlag
24/3–21/4	«Til Riga med sild», museet i samarbeid med Stavanger Museum
23/4–1/5	«Dag Sørensen», kunstutstilling, Ryfylke kunstlag
7/5–15/5	«Grafikk», kunstutstilling, Ryfylke kunstlag
31/5	«Open dag», museet
4/6–4/9	«Gitte og Leif Kath», kunstutstilling, Suldal kunstlag
17/9–25/9	«Morild», kunstutstilling, Ryfylke kunstlag
15/10–23/10	«Ryfylkeutstillinga», kunstutstilling, Ryfylke kunstlag
1/11–6/11	«Teikning», kunstutstilling, Ryfylke kunstlag/BKFR
26/11–11/12	«Søm du vil», kunsthåndverk, Suldal kunstlag

Nesa-sjøhuset har elles vore brukt til møteverksemid og konsertar av ei rekke lag og organisasjonar. Det samla

besøket ved Nesa-sjøhuset har likevel gått ned. Dette skuldst at vi i 1993 hadde ein serie besøk av grupper frå Hau-galandet. Desse turane er ikkje tatt opp att i 1994.

Kolbeinstveit:

Opningstidene blei utvida samtidig som Bygdeutviklingsgruppa heldt fram med sitt aktivitetstilbod også i sommar. Gruppa utvida utstillingstilboden til også å omfatte ei salsutstilling av husflids- og handverksprodukt i sauhuset i løa. Brygga blei forbetra slik at forholda for anløp av Dampen låg betre til rette, det blei produsert og utplassert benkar i tunet, det var bygdakafe i helgene og demonstrasjonar av ulike husflidsarbeid og arbeidsteknikkar elles. Ei jakt- og fiskehelg var særleg vellukka. Det samla besøket i tunet i sommarsesongen var omlag 4000. Talet på dei som gikk inn i hovudbygningen og løyste bilett var langt lågare: 399 fullt betalane og 181 halvt betalande. Misforholdet mellom det reelle besøket og dei som løysar bilett blir drøfta med reiselivslaget og Bygdeutviklingsgruppa.

Jelsa:

Opningstidene blei, etter ønskje frå reiselivslaget, utvida også på Jelsa, slik at her var ope kvar dag i tida 4. juni–10. august.

Erfjord bygdemuseum:


Blei ikkje halde ope i sommar.

Utanom produksjon og vedlikehald av våre eigne utstillingar, har vi samarbeidd med Finnøy Bygdemuseum om omarbeiding av ei veksthusutstilling vi tidlegare har vore med og laga, og vi har deltatt med planlegging, produksjon og oppsetting av ei utstilling om jærstolen, «Jærstolen – ekte Hjelmelandsprodukt» og ei anna utstilling om Hjelmelandsvågen på Spinneriet i Hjelmeland.

I samsvar med den «Plan for museumsutstillingar» som blei utarbeidd i 1993 blir det nå arbeidd for å gjera utstillingane våre betre, og det ser ut som det skal vera rom for å gjera ein del fram mot sommarsesongen 1995.

På Kolbeinstveit held bygdeutviklingsgruppa fram med

Mellan dei vi har hjelpt med å lage utstillingar er kulturkontoret i Hjelmeland kommune. Bildet er frå arbeidet med ei utstilling om jærstolen, «Jærstolen – ekte Hjelmelandsprodukt».



sitt arbeid, og på Viga er det etablert ei gruppe med medlemmar frå landbrukskontoret, kommunen og lærarhøgskulen i Stavanger som arbeider med planlegging av eit informasjonsopplegg for tunet og hagen. I Sauda har kommunen lagt fram planar for utvikling av gruvemiljøet i Allmanna-juvet.

PUBLIKASJONAR

Ryfylkemuseet har gitt ut 3 publikasjonar dette året:

«Etterkrigs-Ryfylke – 50 år i forandring», av Njål Tjeltveit, 180 sider

«Kari – Ei utvandrarsoge», av Jon Moe, 150 sider

«FOLK i Ryfylke 1994 – Årbok for Ryfylkemuseet», 124 sider

Boka til Njål Tjeltveit blei gitt ut med førehandssal til kommunane i Ryfylke, men ho har også seld godt i den private førjuls-marknaden.

Boka til Jon Moe kom på marknaden først i slutten av november, men det viste seg at julemånaden var ein svært god salsmånad også for denne boka. Vi har nådd inntektsmålet for begge dei to bøkene.

FOLK i Ryfylke blir distribuert til medlemmar og abonentar, og vi har tidlegare gjort greie for sterk vekst i medlemstalet. Dette har ført til at også årboka vår etterkvarthår i økonomisk balanse, men det er førebels ikkje betalt ut honorar for artiklar i årboka.

Forlagsverksemda er etterkvarthår ein betydeleg aktivitet ved museet, og det er ein populær aktivitet. Bøkene når mange, og vi ser at vi kjem i kontakt med publikum andre stader enn der vi har samlingar og faste utstillingar.

Det er knytta økonomisk risiko til forlagsverksemda. Museet må derfor vera nøyne med utvalet av bokprosjekt, og det er derfor nødvendig å takke nei til ein del tilbod om manuskript som nå blir presenterte for museet. Men med ein forsiktig praksis både i utgivingsfrekvens og i utvalet av manuskript ser det ut til at forlagsverksemda også kan gi eit økonomisk bidrag til drifta av museet.

Attåt utgiving av eigne publikasjonar har tilsette ved museet skrive desse artiklane i andre publikasjonar:

Roy Høibo: «Suldalsvassdraget – ei livsnarve gjennom historia», i Stavanger Turistforenings årbok 1993

Ruth Anne Moen: «Venaros og Syllbor, ein gamal ballade», Holmgang, lagsblad for BUL-Stavanger, nr. 1/94

Ruth Anne Moen: «Folkemusikken i Suldal», i Stavanger Turistforenings årbok 1993



I samarbeid med foreninga Ryfylkeprodukt arbeider vi med å finne fram til gode produkt frå Ryfylke som kan danne grunnlaget for vidareutvikling og nyskapning tufta på eigne føresetnader.

UTVIKLINGSARBEID

På denne plassen i årsmeldinga har vi tidlegare år skrive om arbeid med ymse tiltak som har vore under utvikling. Denne gongen er det aktuelt å kommentere to av desse tiltaka.

Ryfylkemuseet har like sidan 1981 vore engasjert i arbeidet med å ta vare på minne om kraftutbygginga i Ryfylke. I utgangspunktet var målet å etablere eit anleggsmuseum, seinare blei det eit vasskraftmuseum for så å ende med ein ide om eit vassdragsmuseum. Etter at Suldal kommune gikk tungt inn i arbeidet og etablerte eit 3-årig utviklingsprosjekt, er arbeidet ført så langt at det nå både er sett av midlar til å bygge eit hus for museet, det er lyst ut arkitektkonkurranse for å planlegge huset og det er etablert ein sjølvstendig stiftelse med eige styre til å drive museet. Ryfylkemuseet har vald å gå inn i stiftelsen og delta i styringsorgana. Det er meiningsa at museet skal opne til sommarsesongen 1997.

Ryfylkemuseet har undervegs peika på både faglege og økonomiske veikskapar ved planane for Norsk Vassdragsmuseum, og andre har reist museumspolitiske spørsmål til etableringa. Når styret likevel valde å gå inn i stiftelsen hadde det historiske grunnar og vi såg det slik at det var både viktig og interessant å delta i det vidare arbeidet med dokumentasjon, forsking og formidling av vasskraftutnyttinga i regionen.

Museet har også deltatt i arbeidet med å greie ut ein ide

om bygging av eit seilfartøy på Jelsa. Initiativet til dette arbeidet kom frå bygdefolk på Jelsa, men har engasjert museumsfolk, fartøyfolk og andre frå eit vidt område. Sluttrapporten «Marcille Riiberg av Jelsa – Forslag om bygging av ein skonnertbrigg på Jelsa» blei lagt fram i mars og presentert for ei rekke mulege deltagarar i ein stiftelse som måtte etablerast for å realisere ideen. Oppslutningen var liten, og også styret i Ryfylkemuseet tok etterhald mot eit sterkt engasjement i vidareføring av arbeidet slik prosjekten hadde utvikla seg. Hovudinnvendinga mot prosjekten var frå dei fleste at det hadde blitt for stort og for kostbart. Kostnadsramma blei anslått til kring 25 millionar kroner.

AVSLUTNING

Styret vil takke alle som har gjort ein innsats for Ryfylkemuseet i 1994. Det gjeld dei frivillige medarbeidarane som har visst å nytte anlegga til museet på ein måte som har skapt interesse mellom folk flest. Det gjeld dei tilsette som har vist stor innsatsvilje og evne til å finne gode løysingar sjølv om ressursene ikkje alltid har vore så store. Og det gjeld dei som har talt vår sak i ulike beslutningsorgan. Styret finn det særleg gledeleg at avisene finn interesse for arbeidet til museet, men har og merka seg den interessa NRK og andre radiokanalar har vist, særleg for stoff frå folkemusikkarkivet.

Sand, 31. desember 1994/13. januar 1995

Trygve Brandal Børge Skeie Ellen Skogland Pedersen

Halvdan M. Hansen Gaute Berge Nilsen Jorunn K. Risa Gunnar Ulland

Rekneskap 1994

Inntekter og utgifter innafor tilskottsordninga		Inntekter og utgifter utafor tilskottsordninga	
Bilettinntekter	43.873	Varesal	347.995
Andre eigeninntekter	28.744	Medlemspengar	72.140
Tilskott	1.622.840	Andre inntekter	160.293
Renteinntekte	2.179	Prosjekt	1.076.478
		Forbruk av tidlegare løvvde midlar	567.592
Sum inntekter innafor tilskottsordninga	1.697.63	Sum inntekter utafor tilskottsordninga	2.224.499
Lønner	- 927.227	Lønner	- 547.647
Avgifter	- 141.361	Avgifter	- 96.261
Innkjøp inventar og bibliotek	- 38.184	Varekjøp	- 388.779
Vedlikehald bygningar og anlegg	- 30.326	Saueboka	- 2.062
Kontorutgifte	- 132.479	Kompetansesenter bygningsvern	- 18.886
Husleige, straum og forsikringar	165.550	Utstillingar og dokumentasjonsutgifter	- 34.511
Reiseutgifter	- 86.909	Handverkar	- 21.542
Vedlikehald samlingar og utstyr	- 20.299	Bygdebok	- 30.598
Utstillingar og publikasjonar	- 38.836	«Gull og grøne skogar»	- 55.504
Dokumentasjonsutgifter	- 27.917	Håkonsgt.	- 31
Andre driftsutgifter	- 41.714	Nesa-sjøhuset	- 72.511
		Hålands-tunet	- 3.216
		Hustveit	- 14.455
		Viga	- 18.460
		Folkemusikkhelg	- 44.337
		Overføring av ubrukte løvvingar	- 641.380
Sum utgifter innafor tilskottsordninga	- 1.650.809	Sum utgifter utafor tilskottsordninga	-1.972.756
Resultat	46.828	Resultat	251.742

Balanse		REVISJONSBERETNING FOR 1994
Kasse	275	Vi har revidert årsregnskapet for Ryfylkemuseet for 1994.
Postgiro	169.178	
Bank, skattetrekk	56.417	Revisjonen er utført i samsvar med instruks og gjeldende lover og forskrifter om regnskap og revisjon.
Bank, foliokonto	497.186	
Bank, høgrentekonto	613.119	
Sum omløpsmidlar	1.336.177	
Interimskonto	- 113.121	
Øreutjamning	- 2	
Overførte løyvingar	- 641.380	
Kortsiktig gjeld	- 754.503	
Eigenkapital pr. 1/1	- 283.102	
Resultat innafor tilskottsordninga	- 46.828	
Resultat utafor tilskottsordninga	- 251.742	
Eigenkapital pr. 31/12	- 581.674	
Sum gjeld og eigenkapitalL	- 1.336.177	

Sand, 31. desember 1994/13. januar 1995

*Trygve Brandal, Børge Skeie,
Ellen Skogland Pedersen*

*Halvdan M. Hansen, Gaute Berge Nilsen,
Jorunn K. Risa, Gunnar Ulland*

Bøker og hefte frå Ryfylkemuseet

<i>Bedehuskulturen</i> av Njål Tjeltveit	148,-	<i>Jelsa Kyrkje</i> av Roy Høibo	30,-
<i>Blandt silkebus og bønder</i> av Roy Høibo	78,-	<i>Kari</i> av Jon Moe	248,-
<i>Bygda sitt hjarte</i> av Njål Tjeltveit	170,-	<i>Krigsåra i Hjelmeland</i>	
<i>Då besta va' ung</i> av Roy Høibo	25,-	av Njål Tjeltveit/Trygve Brandal	90,-
<i>Etterkrig-Ryfylke</i> av Njål Tjeltveit	228,-	<i>Krigsåra i Ryfylke</i> av Njål Tjeltveit	196,-
<i>Folkemusikkformidling</i> av Ruth Anne Moen	120,-	<i>Med båt og buss</i> av Njål Tjeltveit	188,-
<i>Folkemusikk frå Rogaland</i> av Ruth Anne Moen	10,-	<i>Ryfylkevegen – Kulturhistorisk vebok</i>	
<i>Folk i Ryfylke 2/84 – 2/88</i>	45,-	av Roy Høibo og Njål Tjeltveit	30,-
<i>Folk i Ryfylke 1989 – 1992</i>	85,-	<i>Soga om Sand</i> av Roy Høibo	300,-
<i>Folk i Ryfylke 1993 –</i>	100,-	<i>Songar frå Jelsa</i>	
<i>Frå torvskurd til tingdal</i> av Lars Hellemo	78,-	av Øystein Haga og Ruth Anne Moen	75,-
<i>Geiterams</i> av Jon Moe	100,-	<i>Ulla Førre – Norges største vasskraftprosjekt</i>	
<i>Hjelmeland – Bilete fra Farne år</i> av Njål Tjeltveit og Roy Høibo	248,-	av Roy Høibo	188,-
		<i>50 år i opposisjon</i> av Roy Høibo	65,-

Vi har og eit utval av CD/MC med norsk folkemusikk.

Publikasjonane kan tingast hos Ryfylkemuseet, Postboks 143, 4230 Sand, telefon 52 79 73 77.

Neste nummer av **FOLK i Ryfylke**

Husfliden i Ryfylke

VIL HA

SOM TEMA

Det blir artiklar om pinnhuer og rose måling, ull og vadmalstoffer, bunader og lindukar, veving og båtbygging.

Følg med, bli abonnement! I postkassene november/desember 1996

Abonnement, som samtidig gjeld som medlemskap i Ryfylkemuseet, kostar 100 kroner
og kan teiknast ved å skrive til:

Ryfylkemuseet, 4230 Sand,

sende fax til nr. 52 79 78 89, eller ringe nr. 52 79 73 77.



Strandstadene

I mars i år inviterte Hjelmeland kommune og Ryfylkemuseet til seminar om strandstadene i Ryfylke. Seminaret hadde undertittelen «stagnasjon eller levande bygdesentra», og målet var å setta sokelyset på strandstadene i eit utviklingsperspektiv. I dette nummeret av årsskriftet vårt presenterer vi ei rekke av innlegga på seminaret, og i tillegg ein del andre artiklar som er med på å kaste lys over historia til strandstadene, strandstadomgrepet og funksjonen til desse tettstadene.

Strandstadene hadde si glanstid på 1800-talet, men dei har framleis viktige sentrumsfunksjonar i bygdene. Fleire av dei er sentra i dei nye storkommunane som blei etablerte i 1965. Vi ønskte såleis å drøfte kva rolle strandstadene spelar for utviklinga i Ryfylke, og kva utfordringar strandstadene opplever i bygdeutviklinga i dag. Er dei med sine tronge gater og umoderne hus hindringar i arbeidet med nyskaping og omstilling i næringslivet, eller ber strandstadene på verdiar som gjer at dei framleis kan fungere som eit dynamisk element i strevet for ei positiv utvikling?